

Johan Elverum Salveson

Kjønntilpassa reglar i fotball

Ein historisk-filosofisk studie av kvinnefotball i eit regelperspektiv

Masteroppgave i idrettsvitenskap

Seksjon for kultur og samfunn
Norges idrettshøgskole, 2016

Samandrag

Fotball er den største idretten for både menn og kvinner i Noreg. På kvinnesida verkar det likevel å vere eit misforhold mellom kor populært det er å utøve idretten og anerkjenninga ein oppnår som utøvar. Det ser ut til at kvinnelege fotballspelarar lid under at dei i større grad vert samanlikna med herreklassen enn det som er tilfellet i mange andre idrettar, trass i at merittlista på kvinnelandlaget er langt meir imponerende enn på herrelandslaget. Fotball skil seg frå mange andre ballspel for lag ved at kvinner og menn spelar med nøyaktig same reglar. Har dette bidrege til at det vert lettare å samanlikne menn og kvinner i fotball? Lite er skrive om kvifor ein enda opp med ein slik praksis, og om kjønnsstilpassa reglar kan ha noko føre seg i fotball.

Denne studien kombinerer element frå historisk og filosofisk metode i forsøk på å svare på følgjande problemstillingar: *1. Kan historia om framveksten av norsk kvinnefotball hjelpe oss med å forstå kvifor menn og kvinner i dag nyttar dei same spelereglane i toppfotballen? 2. Fins det grunnlag for ein etisk diskurs kring kjønnsstilpassa reglar i fotball?* Studien set framveksten av kvinnefotballen i Noreg i samanheng med historia i resten av samfunnet, i forsøk på å forstå kvifor fotball har enda opp med ein annan regelpraksis enn ballspel som handball og volleyball. Filosofidelen tek i bruk normer og teori frå idrettsfilosofien for å diskutere og undersøke om det fins grunnlag for ein etisk diskurs kring kjønnsstilpassa reglar i fotball.

Studien gjev innsikt i ein periode frå kvinnefotballen si historie som har vore lite omtala i tidlegare forskning. Ei god oversikt over framveksten av norsk kvinnefotball gjev ei auka forståing av kvifor menn og kvinne nyttar dei same spelereglane i dag. På 1970-talet kjempa kvinnefotballforkjemparane for at kvinner skulle få spele med like reglar som menn, samstundes som kvinnekampen gjekk føre seg i resten av samfunnet. Historiedelen i studien avdekkjer forhold som fortel at grunnlaget for avgjerda om å kjempe for like reglar var farga av politiske årsaker framfor årsaker knytt til spelopplevinga. Dette i seg sjølv er grunnlag for ein etisk diskurs kring kjønnsstilpassa reglar i fotballen i dag. I filosofidelen vert det reist spørsmål kring om kvinner har same moglegheit for å prestere som menn under dagens reglement. Diskusjonen tek føre seg kva prestasjon er, og konkluderer med at kvinner ikkje har same moglegheit for å prestere som menn, dersom herrefotball er referansepunktet for kva som er mogleg å prestere i fotball.

Innhald

Samandrag	III
Innhald	IV
Forord	VII
Forkortingar	VIII
1. Innleiing	1
1.1 Bakgrunn for oppgåva.....	1
1.2 Kvifor sjå nærare på kjønstilpassa reglar i fotball?.....	2
1.3 Problemstillingar	3
1.4 Operasjonalisering og omgrepsavklaring.....	4
1.4.1 Operasjonalisering	4
1.4.2 Omgrepsavklaring.....	5
1.5 Vegen mot svar på problemstillingane.....	7
1.6 Tidlegare forskning.....	9
1.7 Kjelder og metode.....	10
2. Historisk kontekst	14
2.1 Kvinnerolla si utvikling i det norske samfunnet	14
2.2 Kvinnerolla si utvikling innan idretten.....	17
2.3 Framveksten av handball og volleyball i Noreg	21
2.3.1 Handball.....	21
2.3.2 Volleyball	23
3. Norsk kvinnefotball frå showkampar til innpass i NFF.....	25
3.1 Fotballen kjem til Noreg.....	25
3.2 Dei første sparka	26
3.2.1 Fotball – ein mandig idrett.....	26
3.2.2 Damelaget Frøya i Kristiania.....	27
3.2.3 Damelaget Heia i Moss.....	28
3.2.4 Frøkenfotball på Frogner	28
3.2.5 Motstand frå menn i sentrale posisjonar	30
3.3 Frå showkampar til sportifisering.....	30
3.3.1 Norsk kvinnefotball på 1930-talet	30
3.3.2 Frå etterkrigstid til opptrapping	35

3.4	Internasjonale forhold	39
3.4.1	Framveksten av kvinnefotball i England og Sverige	39
3.4.2	Ringverknader av FA si lovendring i resten av verda.....	42
3.5	Frå Levermyrskampen til opptak i NFF	44
3.5.1	1970 – ein slags renessanse for kvinnefotballen.....	44
3.5.2	Målfrid Kuvås – norsk kvinnefotballs mor.....	47
3.5.3	Vegen mot aksept i NFF	48
3.5.4	NFF og kvinnefotballen	50
3.5.5	Kvinnerørsla og kvinnefotballen	51
4.	Utvikling av reglement innan kvinnefotballen	53
4.1	1921-1970 Frå byrjinga til gjennombrøtet	53
4.2	1970-1993 Gjennombrøt, utvikling og normalisering.....	56
4.3	Kvifor diskuterte ein ikkje kjønntilpassa reglar i samband med kvinnefotballens inntog?	61
5.	Kjønntilpassingar i kvinnefotball – ikkje verdig ein debatt?	65
5.1	Introduksjon av problemområde – døme frå idretten	65
5.2	Kjønntilpassingar i kvinnefotball – eit betent tema?	66
6.	Ei filosofisk tilnærming til kjønntilpassa reglar i fotball	73
6.1	Den etiske diskursen	74
6.2	Kvifor tilpasse? Eit filosofisk perspektiv	75
6.2.1	Kva for personavhengige ulikskapar kvalifiserer for ulik behandling i idretten? Kva er relevante ulikskapar innan idrett?	75
6.2.2	Relevante ulikskapar i fotball	78
6.3	Ulike praksisar for klassifisering og regeltilpassing	80
6.3.1	Ingen klassar på seniornivå, like reglar for alle	81
6.3.2	Klassifisering basert på individuelle kjenneteikn, reglar basert på individuelle føresetnader	82
6.3.3	Klassifisering etter kjønn, like reglar for alle	84
6.3.4	Klassifisering etter kjønn, kjønntilpassa reglar	85
6.3.5	Praksisane opp i mot idealnørmene for prosedyrerettferd	86
6.4	Kvifor og korleis kompensere for fysiske ulikskapar mellom kjønna i fotball ved hjelp av regeltilpassingar?	88
6.4.1	Tilpassa målstørrelse	88
6.4.2	Tilpassa ballstørrelse	93
6.4.3	Tilpassa banestørrelse	95
6.4.4	Tilpassa speletid	97
6.5	Er det nødvendig å nytte regeltilpassingar i fotball?	98

6.6	Hindringar for ein etisk diskurs og eventuell gjennomføring av kjønntilpassa reglar.....	99
7.	Konklusjon.....	101
8.	Kjelder	103

Forord

I arbeidet med denne studien har eg lært mykje. Først og fremst om kvinnefotball, men også om meg sjølv. Å arbeide med ei historisk-filosofisk oppgåve har vore krevjande, men spennande. Arbeidet med historiedelen har til tider vore som å reise tilbake i tid, og eg vart overraska over kor få år ein skal tilbake før ein kan lese ting som er nærast uforståeleg i dag. Spesielt moro har det vore å få eit innblikk i fortida gjennom media, og stundom har eg teke meg sjølv i å humre føre maskina på Nasjonalbiblioteket.

Dei mange samtalaneg har hatt, både med og utan bandopptakar, har vore artige og lærerike. Eg verdset den gode diskusjonen høgt, og diskusjon har det vore mykje av då mange har latt seg engasjere av problemområdet. Eg har lært mykje av å høyre ulike synspunkt på kjønnsstilpassa reglar, men mest interessant har det vore å sjå kor mykje konstruktivt som kan kome fram når partane har ei gjensidig respekt for kvarandre.

Mange fortener ei takk for at studien har latt seg gjennomføre. Først må eg takke rettleiaren min, Matti Goksøy, som har synt interesse for prosjektet frå første dag. Gode samtalar, gode råd og god kaffi har vore uvurderleg i arbeidsprosessen. Idrettsfilosofimiljøet på NIH fortener også ei takk, og spesielt Gunnar Breivik for interessante samtalar.

Eg må også takke alle intervjupersonane som har teke seg tid til å møte, sende, skrive og snakke. Fleire arbeidstimar har gått tapt, og eg er takksam for tida deira.

Ei stor takk må og rettast til familien min for all støtte på vegen. Sist, men ikkje minst vil eg takke Helene. Takk for oppmuntring, gode innspel og uendeleg med tolmod. Masterkontor skal no bli stovebord igjen.

Oslo, mai 2016

Johan Salveson

Forkortingar

AIF	Arbeidernes Idrettsforening
FIEFF	Federation of Independent European Female Football
FIFA	Fédération Internationale de Football Association
FIVB	Fédération Internationale de Volleyball
NFF	Norges Fotballforbund
NHF	Norges Håndballforbund
NIF	Norges Idrettsforbund
NKF	Norsk Kvindesagsforening
NM	Noregsmeisterskap
UEFA	the Union of European Football Associations

1. Innleiing

1.1 *Bakgrunn for oppgåva*

Eg har alltid vore aktiv innanfor idretten. I barndomsåra var eg innom mange idrettar, men berre fotballen har eg halde fram med til dags dato. Eg er veldig fotballinteressert, og mykje tid går med til å diskutere og sjå på fotball når eg ikkje spelar sjølv. Å seie at den store interessa mi for fotball er den einaste grunnen til at eg har valt å skrive ei masteroppgåve om kvinnefotball, vil likevel vere ei forenkling av sanninga. Blant anna har faktorar som oppvekst, familie og utdanning spelt ei rolle for kvifor eg ser på kvinnefotball som eit interessant tema. Saman med min idrettslege bakgrunn, utgjer dei ovannemnde faktorane ein del av eit mangfald føresetnader som ligg til grunn for min horisont. «Horisont (eller bakgrunn) = mengden av de oppfatninger og holdninger vi har på et gitt tidspunkt, bevisste og ubevisste, og som vi ikke har vår oppmerksomhet rettet mot».¹ Gjennom horisonten min har eg danna meg eit inntrykk av at kvinnefotballen slit med fordommar. Sjølv om norsk kvinnefotball har hatt ei enorm utvikling dei siste 40 åra, har eg inntrykk av at det framleis eksisterer overraskande mykje fordommar mot kvinnefotball i Noreg. Truleg vil få av dei med fordommar mot kvinnefotball gje uttrykk for haldningane sine i offentlegheita. Det er ikkje dermed sagt at haldningane ikkje eksisterer, og at det ikkje er eit problem. For meg verkar det som kvinnelege fotballspelarar ikkje berre slit med å få den same anerkjenninga som sine mannlege kollegaar, men at dei også har vanskelegare for å oppnå aksept enn kvinnelege utøvarar frå fleire andre idrettsgreiner.

I løpet av åra eg har vore ein del av fotballmiljøet har eg fått eit stort nettverk av både kvinnelege og mannlege fotballspelarar. Ofte når kvinnefotball har vore diskutert har me kome inn på kvinnefotballen sin posisjon i Noreg. For meg verkar det å vere eit slags misforhold mellom kor populært det er å utøve idretten, og kor mange som er interessert i å sjå på idretten. Eg har også stussa over at kvinnelege fotballspelarar i større grad verkar å vere utsett for kritikk, enn til dømes sine mannlege kollegaar og kvinnelege handballspelarar. Forståingshorisonten min gjer at eg meiner norsk kvinnefotball er eit interessant samfunnsfenomen. Vår forståingshorisont spelar inn på

¹ Føllesdal, Walløe, & Elster 1996: 111

kva me ser som viktig og interessant, og i tur på ideane våre.² Det er interessant at brorparten av dei eg opplev som kritiske til kvinnefotball, kritiserer kvaliteten på prestasjonen målt opp i mot herrefotball. Etter mitt syn lid kvinnefotballen under at den ofte vert samanlikna med herrefotballen. Om ein tek omsyn til dei ulike fysiske føresetnadane hjå menn og kvinner, kan ein argumentere for at dette er svært urettferdig. Dette har fått meg til å tenkje på kvifor ein i fotball i større grad enn mange andre idrettar samanliknar menn og kvinner? Mange faktorar spelar nok inn, og det er vanskeleg å kome med noko konkret svar på dette. Saman med vener frå kvinnefotballmiljøet har eg fleire gonger diskutert om spelereglane gjer det lettare å samanlikne kjønna i fotball enn i andre idrettar som har gjort tilpassingar i reglementet basert på kjønna sine fysiske føresetnader. Gjennom diskusjonane har eg erfart at nokre kvinnelege fotballspelarar er opne for å diskutere kjønntilpassa reglar, medan andre er sterkt imot og kan til og med ta det som ei fornærming at ein i det heile tek opp temaet. Blant dei som vert fornærma har fleire argumentert med at kjønntilpassa reglar er diskriminerande. Mi erfaring med at temaet kan vekke slike sterke kjensler var hovudgrunnen til at eg ynskja å skrive om kjønntilpassa reglar i kvinnefotball.

1.2 Kvifor sjå nærare på kjønntilpassa reglar i fotball?

Kvinnefotball er ein del av Norges Fotballforbund, som er det største særforbundet i Norges Idrettsforbund. Isolert sett er kvinnefotball den mest populære idretten for kvinner å delta i, og dersom kvinnefotball hadde danna eit eige særforbund ville det vore blant dei aller største i Noreg. Kvinnefotballen er vigd forholdsvis lite merksemd innan norsk idrettsforskning ut i frå posisjonen han har i samfunnet. Lite av det som er skrive om norsk kvinnefotball omhandlar tida før 1970-talet, og eg kjenner ikkje til forskning knytt til problematikken kring kjønntilpassa reglar i fotballen.

Sidan NFF vart stifta i 1902 har kvinner og menn vorte behandla ulikt. Det tok over 70 år før kvinner fekk spele organisert fotball i regi av NFF. Også i dag er det store ulikskapar mellom herrefotball og kvinnefotball. Lønningar, tilskodartal, mediedekning og status er nokre av områda der ulikskapane er store.³ På eit område kan det likevel verke som ei sjølvfølge at det er likskap. Innan toppfotballen er spelereglane for menn og kvinner identiske. I andre ballspel for lag er det mest vanleg å operere med

² Føllesdal et al. 1996

³ Haldorsen 2015

kjønntilpassa reglar. Til dømes har kvinner lågare nett i volleyball, og mindre og lettare ball i handball.

Om ein ser på fotballen si historie, kjem det fram at det moderne fotballspelet vart laga av menn og for menn. Det vil seie at då spelereglane vart utvikla, var det med mannlege spelarar som utgangspunkt. I idretten generelt var det stor skilnad mellom kva ein rekna som akseptable idrettar for menn og kvinner dei første tre fjerdedelane av 1900-talet. Kvinner hadde ikkje moglegheit til å delta i like mange idrettar som menn. I idrettar der begge kjønn kunne delta, nytta ein ofte kjønntilpassa reglar, utan at det alltid var gode grunnar for det. Medan nokre regeltilpassingar tok utgangspunkt i kjønna sine ulike fysiske føresetnader, var andre basert på medisinske misoppfatningar om at det var helseskadeleg for kvinner å drive hard idrett. Slik sett er det grunn til å tru at ein diskuterte kjønntilpassa reglar under framveksten av norsk kvinnefotball.

I mange idrettar er det også i dag ei sjølvfølge at ein opererer med kjønntilpassa reglar. Ifølge den danske idrettsforskararen Thomas Bull Andersen er det nødvendig å tilpasse utstyret etter deltakarane sine behov, slik at spelarane får utnytta ferdigheitene sine på ein best mogleg måte.⁴ Innan det norske kvinnefotballmiljøet kan det sjå ut til at temaet er betent. Fleire opplev ideen i seg sjølv som diskriminerande og eit forsøk på å kritisere kvinnefotballen.⁵ Om det er meir diskriminerande å tilpasse enn å ikkje tilpasse er vanskeleg å svare på. Uansett er det liten grunn til å hevde at ein sakleg diskusjon kring kjønntilpassa reglar er diskriminerande.

1.3 Problemstillingar

Med utgangspunkt i bakgrunnen for oppgåva kan ein i korte trekk seie at eg ser det som interessant å undersøke korleis norsk toppfotball enda opp med identiske spelereglar for menn og kvinner. Dette inkluderer å undersøke om kjønntilpassa reglar har vore diskutert. På den andre sida ser eg det som interessant å diskutere om ein bør nytte kjønntilpassa reglar i fotball. Difor vil eg også sjå på om det fins grunnlag for ein debatt kring kjønntilpassa reglar i dag. Ettersom problemområdet har to sider ved seg har eg enda opp med følgande to problemstillingar:

⁴ Andersen et al. 2012

⁵ Pettersen 2016, "Hedda" 2015, "Malin" 2015

1. *Kan historia om framveksten av norsk kvinnefotball hjelpe oss med å forstå kvifor menn og kvinner i dag nyttar dei same spelereglane i toppfotballen?*
2. *Fins det grunnlag for ein etisk diskurs kring kjønnsstilpassa reglar i fotball?*

Eit mål med den første problemstillinga er å gje eit bilete på korleis det stod til med kvinnefotballen i tida fram til han fekk innpass i NFF. Det er skrive veldig lite om denne perioden i norsk kvinnefotball. Slik sett kan det vere interessant å undersøke om det skjuler seg noko i denne perioden som kan bidra til auka forståing kring kvinnefotballen sin kamp for innpass i NFF på 1970-talet. Ved å knyte den generelle historia om norsk kvinnefotball til utviklinga av reglementet i kvinnefotball håpar eg å gje ei betre forståing av kvifor menn og kvinner i dag nyttar dei same spelereglane.

Utgangspunktet for den andre problemstillinga er at mange ballspel for lag praktiserer kjønnsstilpassa reglar. Under framveksten av den moderne fotballen var det menn som spelte og styrte utviklinga. I dag er situasjonen ein heilt annan, og kvinner kan både spele og styre. Slik sett er det interessant å diskutere praksisen knytt til kjønnsstilpassa reglar i fotballen i dag. Idrettsfilosofen Sigmund Loland hevdar «Etikkens oppgave er kritisk og systematisk refleksjon over vår praksis med et åpent øye for konstruktive alternativer.»⁶ Mitt inntrykk er at kjønnsstilpassa reglar er eit betent tema i delar av miljøet i norsk kvinnefotball. Om dette er tilfelle kan det være til hinder for ein open og ærleg diskusjon. Målet med den andre problemstillinga er å diskutere praksisen i fotball – gjerne opp i mot praksis i andre idrettar – og å presentere konstruktive alternativ til dagens praksis. Forhåpentlegvis vil summen av dette gje svar på om det fins grunnlag for ein etisk diskurs kring kjønnsstilpassa reglar i fotball.

1.4 Operasjonalisering og omgrepsavklaring

1.4.1 Operasjonalisering

Etter å ha formulert problemstillingar må dei operasjonaliserast.⁷ Med det meinast ei avklaring av nøkkelomgrep for å sikre ei intersubjektiv forståing av omgrepa me nyttar.

⁶ Loland 2002a: 20

⁷ Halvorsen 2008

Kvinnefotball: *Kvinnefotball* og *damefotball* er to omgrep som vert nytta mykje i denne oppgåva. I mange av dei sentrale kjeldene for studien vert omgrepa nytta om kvarandre, litt avhengig av tidsrom og geografi. På bakgrunn av dette har eg valt å nytte omgrepa om kvarandre i studien, også for den språklege variasjonen sin del.

Spelereglar: I problemstillinga refererer spelereglar til alle reglane som gjeld i kampsituasjon i toppfotballen. Når eg diskuterer kjønnsstilpassa spelereglar siktar eg hovudsakleg til reglane som går på speletid, målstørrelse, ballstørrelse og banestørrelse.

Toppfotball: I denne studien vel eg å definere toppfotball som 0. (eliteserien) og 1. divisjon for menn og kvinner på seniornivå.

Kjønnsstilpassa reglar: Når eg omtalar kjønnsstilpassa reglar i idretten siktar eg til modifikasjonar av reglementet på bakgrunn av kjønn. I denne oppgåva vil hovudfokus vere på særskilde reglar som ei følge av tilpassing etter ulikskapar i kjønna sine fysiske føresetnader.

Den etiske diskursen: «Med utgangspunkt i ideen om at vi alle har en form for etisk kompetanse, har tyskeren Jürgen Habermas forsøkt å utvikle en metode der vi søker enighet i den åpne og ærlige diskusjonen, eller «den etiske diskursen».⁸ Den etiske diskursen har bestemte reglar, og alle partar må:

- Kunne komme til orde med spørsmål, innlegg og innvendinger
- Bruke et enkelt språk som alle deltakerne forstår
- Være ærlige – si hva de egentlig mener, og ikke bruke vikarierende argumenter
- Være flinke til å lytte til andre
- Være åpne for å la seg overbevise dersom de møter bedre argumenter⁹

1.4.2 Omgrepsavklaring

I historiedelen har eg berre nytta eitt teoretisk omgrep som eg meiner bør forklarast.

Sportifisering: Matti Goksøyrt omtalar sportifisering som prosessen «i retning prestasjonsorientering, konkurranse og rasjonalitet i idretten».¹⁰ Altså kan ein sjå

⁸ Loland 2002a: 17

⁹ Loland, 2002a: 17-18

¹⁰ Goksøyrt 1991

sportifiseringsprosessen som ei utvikling i retning av eit større resultat- og prestasjonsfokus, der idrettens målbarheit står sentralt.

I filosofidelen vert det nytta fleire teoretiske omgrep:

Etikk: Ifølge Loland handlar etikk «om å veie mange hensyn mot hverandre og finne den løsningen som i sum synes å være den beste. Grunnlaget er sunn fornuft og god dømmekraft.»¹¹

Spel: Den kanadiske filosofen Bernard Suits definerer alle spel som «frivillige forsøk på å overvinne unødvendige hindringer».¹²

Idrett: Ifølge Loland går idrett inn som ein underkategori til spel, og difor kan ein rekne all idrett som ei form for spel sjølv om ikkje alle spel er å rekne som idrett. «Idrettsgrenene er former for konkurransespill der vi måler, sammenlikner og rangerer utøvere etter prestasjon».¹³

Klassifisering: Idretten kompenserer gjerne for ulike føresetnader hjå utøvarar ved å dele dei inn i klassar. Ein kan argumentere for at ingen utøvarar har heilt like føresetnader og at det difor er umogleg å få dette heilt rettferdig. Innan idretten forsøker ein hovudsakleg å kompensere for ulikskapar som utøvarane i liten grad har moglegheit til å påverke, og som dei difor ikkje kan tilleggast ansvar for. Døme på dette kan vere alder, kjønn, og i nokre idrettar vekt. Klassifisering kan sjåast som eit forsøk på å gjere konkurranseidretten meir rettferdig, ved å gje fleire personar moglegheit til å konkurrere på like vilkår.¹⁴ I studien vil eg prøve å knyte kjønnsstilpassa reglar til klassifisering. Klassifisering er gjerne gjort på bakgrunn av ulike fysiske føresetnader hjå utøvarar. Difor er det relevant å sjå på om ulikskapane som dannar grunnlag for kjønnsklassar, også dannar grunnlag for kjønnsstilpassa reglar.

Prestasjon: Prestasjon er eit sentralt omgrep i denne studien. Mykje av diskusjonen i filosofidelen tek utgangspunkt i ein likskapsnorm som seier at alle konkurrentar bør ha lik moglegheit for prestasjon. Odd Kjørmo definerar prestasjon slik: «Atferd eller aspekter ved atferd som gjerest til gjenstand for måling. En god prestasjon er med andre ord atferd som er beundringsverdige eller atferd som på en eller annen måte blir positivt vurdert av andre mennesker.»¹⁵ Slik eg tolkar Kjørmo er resultat og prestasjon to

¹¹ Loland 2002a: 17

¹² Loland 2002a: 25

¹³ Loland 2002a: 25

¹⁴ Loland 2002b

¹⁵ Kjørmo 1994: 69

forskjellige ting. Likevel har nokre av personane eg har intervjuja påpeikt at menn og kvinner har lik moglegheit til å prestere i fotball ettersom dei konkurrerer mot sitt eige kjønn. Ei slik oppfatning inneber at ein knyt prestasjon til resultat. Det er også eit poeng at fotball er eit relasjonelt spel. I ein kjønnsisolert samanheng ser ein ofte prestasjonen opp i mot motstandar, og for å oppnå resultat er det sentralt å prestere betre enn motstandaren. Denne problematikken vil eg diskutere i filosofidelen, då det er avgjerande om ein knyt prestasjon til handlingar/atferd på bana eller resultat.

Prosedyrerettferd: I boka *fair play in sport* omtalar Loland idealnørmene *rein prosedyrerettferd* og *perfekt prosedyrerettferd*:

Pure procedural justice is characterized by the fact that there is no independent criterion or no distributive form to define a just distribution.

Perfect procedural justice is characterized by a procedure which guarantees that a given distributive norm is realized to its full extent, without exceptions.¹⁶

Loland trekk fram lotteriet som eit typisk døme på rein prosedyrerettferd. I eit lotteri skal prosedyrene i seg sjølv garantere eit rettferdig resultat. Under føresetnad av at trekninga vert korrekt gjennomført, gjev kvart lodd lik moglegheit for gevinst. «Perfekt prosedyrerettferdighet realiserer fordelingsnormen fullt ut.»¹⁷ Det vil seie at ein fordeler noko heilt likt. Til dømes gjev lik fordeling av seksti kroner mellom tre søsken tjue kroner til kvar.

1.5 Vegen mot svar på problemstillingane

For å finne svar på den første problemstillinga lyt eg gå historisk til verks. Sjølv om studien fokuserer på kvinnefotball, er det nødvendig å sjå på relevante historiske kontekstar. Kvinnefotball er ein del av fotball, som igjen er ein del av idretten, som igjen er ein del av samfunnet. Kvinnefotballen kan ikkje lausrivast frå samfunnet han er ein del av. Utvikling innan eit felt vil ofte spele inn på eit anna. Slik sett kan det vere fruktbart å sjå på desse kontekstuelle forholda for å oppnå ei betre forståing av kvinnefotballen sin framvekst og utvikling i Noreg.

Med dette som utgangspunkt ser eg det som naturleg å byrje breitt, med å sjå på kvinnerolla si utvikling i det norske samfunnet. Deretter vil eg sjå på korleis kvinnerolla

¹⁶ Loland 2002b: 43-44

¹⁷ Loland 2002a: 49

si utvikling har vore innan idretten. I den fotballspesifikke historiedelen vil eg byrje med å sjå på korleis fotballspelet utvikla seg dei første tiåra etter det kom til Noreg. Dette fordi utviklinga som skjedde i løpet av perioden kvinner ikkje hadde moglegheit til å spele fotball må sjåast i samanheng med korleis spelet vart oppfatta store delar av 1900-talet. Brorparten av den historiske delen vil fokusere på kvinnefotball i Noreg. Likevel meiner eg det er nyttig å sjå til utviklinga i utlandet ved nokre høve, ettersom utviklinga i Noreg ikkje skjedde uavhengig av utviklinga i andre nasjonar.

Eg har valt ut nokre kjelder i perioden frå den første fotballkampen for norske kvinner fram til kvinnefotballen vart teken opp i NFF. Utvalet er gjort med bakgrunn i kva for kjelder eg meiner er mest relevante sett opp i mot problemstillinga. Der herrefotballen utvikla seg sportsleg og organisasjonsmessig, vart kvinnefotballen parkert i ein slags moro og oppvisningssektor. I lys av problemstillinga er det interessant å sjå på kor mykje av denne bagasjen som vart med inn i den nye diskusjonen kring kvinnefotball på 1970-talet. Ettersom målet er å relatere utviklinga til fotball i Noreg, ser eg det som naturleg å fokusere på tidsrommet frå fotballen kom til Noreg til og med 1970-talet, då kvinnefotball fekk innpass i NFF og kampen for kvinner sine rettigheter gjorde store framsteg elles i samfunnet. Delen som går spesifikt på utviklinga og diskusjonen kring reglementet i kvinnefotball vil derimot halde fram heilt til kvinner og menn enda opp med dei same spelereglane. Det siste kapitlet i historiedelen omhandlar framveksten av handball og volleyball i Noreg. Ved å samanlikne fotballen sin framvekst med framveksten i relevante idrettar, ynskjer eg å belyse korleis kvinner sin posisjon innan fotballen historisk har skilt seg frå kvinner sin posisjon i handball og volleyball. Målet er at det vil gje ein ny dimensjon i forståinga av kvinnene sin kamp om innpass i fotballen på 1970-talet, og dermed eit betre grunnlag for å forstå kvifor menn og kvinner i dag nyttar dei same spelereglane i toppfotballen.

Etter mitt syn kan ei god forståing av kvinnefotballen si historie gje eit betre utgangspunkt for arbeidet med problemstilling nummer to. Dette er i tråd med historikar Knut Kjeldstadli sitt utsegn frå boka: «skal vi forstå nåtida, må vi vite hvordan den er blitt til».¹⁸ Eg har valt ei filosofisk tilnærming for å svare på den andre problemstillinga. Slik eg ser det gjev Loland sitt syn på etikken si oppgåve eit godt utgangspunkt for å diskutere kjønnsstilpassa reglar i fotball.

¹⁸ Kjeldstadli 1999: 21

Før eg tek til med den filosofiske delen, vil eg introdusere problemområdet kring kjønntilpassa reglar i fotball. Eg vil då byrje med å skrape i overflata på om ikkje temaet er verdig ein debatt. Dette vil eg gjere ved å samanlikne praksisen i fotball med praksisar i andre idrettar. Vidare vil eg med historiedelen som bakteppe forsøke å gje døme på at kjønntilpassa reglar er eit betent tema i delar av kvinnefotballmiljøet. Dette fordi eg meiner motvilje til å reflektere kring dagens praksis kan vere til hinder for utviklinga av idretten.

I den filosofiske delen byrjar eg med å forsøke å legitimere ein etisk diskurs kring kjønntilpassa reglar i kvinnefotballen, før eg diskuterer om klassifisering og tilpassa reglar i idrett kan forsvarast frå eit filosofisk perspektiv. Vidare presenterer eg kva for personavhengige ulikskapar som kvalifiserer for ulik behandling i idretten, og diskuterer kva for kjønnsrelaterte ulikskapar som er relevante i fotball. I dag opererer idretten med ulike praksisar med omsyn til klassifisering og regeltilpassing. Loland meiner alle bør ha lik moglegheit for å prestere i idretten, og det kan vere interessant å diskutere ulike syn på korleis ein får lik moglegheit for prestasjon. Som ein del av refleksjonen vil eg legge fram fire ulike praksisar – inkludert praksisen fotball opererer med i dag – for å presentere alternativ som kan setje dagens praksis i perspektiv. Deretter vil eg forsøke å knyte praksisane opp i mot idealnørmene rein prosedyrerettferd og perfekt prosedyrerettferd. Mot slutten vil eg vurdere praksisen med kjønntilpassa reglar i fotball opp i mot dagens praksis, og drøfte ulike forslag til regeltilpassingar. Hovudfokus vil då vere på praksisen med kjønntilpassa reglar ettersom målet med problemstilling nummer to er å sjå om det fins grunnlag for ein etisk diskurs kring temaet. På grunn av omfanget og temaet for oppgåva, er det vanskeleg å få fram alle dei gode sidene ved dagens kvinnefotball. Difor drøftar eg avslutningsvis om det er nødvendig å gjere regeltilpassingar i fotball. Til slutt diskuterer eg nokre moglege hindringar for ein etisk diskurs, og gjennomføring av kjønntilpassa reglar.

1.6 Tidlegare forskning

Som nemnt er det forholdsvis lite forskning som er gjort på kvinnefotball i Noreg. Det er gjort nokre få historiske studiar, men eg kjenner ikkje til forskning gjort med ein filosofisk innfallsvinkel. Forskinga som er gjort er hovudsakleg sosiologiske studiar som tek føre seg andre tema. Denne studien skil seg frå tradisjonelle studiar ved at han

kombinerer historiske og filosofiske element i forsøk på å gje ein meir heilskapleg forståing av praksisen i fotballen i dag.

Av tidlegare forskning som er relevant for denne studien, er det verdt å nemne jubileumboka til Norges Fotballforbund frå 2002 av Matti Goksøy & Finn Olstad: *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*. Mykje av historiedelen tek utgangspunkt i denne boka. Kapitlet deira om kvinnefotball er innom sentrale delar av historia om norsk kvinnefotball. I tillegg har eg nytta referanselista deira som utgangspunkt for å finne fleire kjelder. I oppstartsfasen nytta eg også hovudfagsoppgåva til Roy Kenneth Thorskildsen om norsk kvinnefotball for å få betre oversikt over historia.

Sidan utviklinga av kvinnerolla i samfunnet også spelar ei rolle i studien, vil eg trekke fram to sentrale verk som tek føre seg denne tematikken: *Frihetens Århundre* av Finn Olstad og *Norsk Likestillingshistorie 1813-2013* av Hilde Danielsen, Eirinn Larsen og Ingebjørg W. Owesen.

For å forstå fotballhistoria er det viktig å ha ei forståing av den generelle idrettshistoria i Noreg. Her vil eg trekke fram *Norsk Idretts Historie* av Finn Olstad og Stein Tønnesson, samt *Historien om Norsk Idrett* av Matti Goksøy. Delen som tek føre seg framveksten av handball og volleyball i Noreg er i stor grad basert på: *Norsk håndball gjennom 60 år* av Norges Håndballforbund, og *Å spille ballen tilbake – Volleyballens historie i Norge* av Kolbjørn Rafoss.

Det er viktig å påpeike at diskusjonane i filosofidelen i stor grad tek utgangspunkt i tankar frå Sigmund Loland. Bøkene *Fair Play in Sport – a moral norm system, Idrett og Etikk – en innføring*, og *Idrettsetikk*, har alle vore gode inspirasjonskjelder for studien.

1.7 Kjelder og metode

Metoden eg har nytta er noko utradisjonell, og eg er freista til å kalle studien historisk-filosofisk. Med det meinast at eg kombinerer element frå både den historiske og den filosofiske sjangeren, for å få fram eit meir heilskapleg bilete. Dette gjer eg ved å nytte historiedelen som eit fundament for den filosofiske diskusjonen seinare i oppgåva. I filosofidelen presenterer eg relevant teori fortløpande. Med bakgrunn i sjangervalet har eg valt ikkje å legge vekt på nokon teoridel. I staden har eg ei utvida omgrepsavklaring,

som tek føre seg teoretiske omgrep som er sentrale for å få ei god forståing av oppgåva. Nokre av omgrepa vert nytta som analysereiskap i filosofidelen, medan andre kan gje ei betre forståing av den historiske utviklinga.

Arbeidet med problemstillinga er ein kontinuerleg prosess, og eit forskingsprosjekt byrjar gjerne med ei arbeidsproblemstilling.¹⁹ I utgangspunktet skulle historiedelen ha eit større fokus på sjølve diskusjonen kring kjønnsstilpassa reglar i norsk fotball på 1970-talet. Ifølge historikaren Knut Kjeldstadli består historiske undersøkingar i «å anvende *rester* eller *levningar* av en fortid til å rekonstruere denne fortida».²⁰ Kjeldstadli skil mellom leivningar og kjelder. Leivningar er alle restane frå fortida, men dei vert kjelder først når ein tek dei i bruk for å svare på spørsmål. Før eg starta jakta på ukjente leivningar, gjorde eg eit grundig litteratursøk. Målet med litteratursøket var å få oversikt over status i feltet ved å sjå om det fanst tidlegare forskning innanfor problemområdet. Problemstillinga avgjer kva leivningar ein kan nytte som kjelder, og kva ein søker etter frå fortida.

Årbøkene til NFF inneheld referat frå forbundstinga, og var difor eit godt utgangspunkt for å undersøke om reglane i kvinnefotballen har vore diskutert. Før eg leita i årbøkene valde eg å lese kapittelet om kvinnefotball i jubileumboka til NFF. Dette for å få betre oversikt over kva for avgrensingar eg burde gjere for gjennomgangen av årbøkene. På bakgrunn av informasjonen i jubileumboka valde eg å gå igjennom årbøkene frå 1968 til 1986. Dette skulle vise seg å vere lettare sagt enn gjort, då ikkje eingong Nasjonalbiblioteket hadde alle årgangane. Difor gjekk turen til Ullevål og NFF der eg fekk tilgang på det eg mangla. Der fekk eg tips om å prate med tidlegare damelandslagstrener, Dag Vestlund, då han sit på mykje informasjon om damefotball. Gjennom ein lengre samtale med Vestlund lærte eg mykje, og fekk notert ned mange potensielle skriftlege og munnlege kjelder.

Gjennomgangen av årbøkene bar ikkje like mykje frukter som eg hadde håpa på. Dermed såg eg meg nøydd til å supplere med munnlege kjelder. Veggen vidare gjekk difor via Per Pettersen og Ellen Wille, som har vore sentrale personar i utviklinga av kvinnefotballen. Etter å ha snakka med Wille og Pettersen forstod eg at

¹⁹ Rienecker & Jørgensen 2009

²⁰ Kjeldstadli 1999: 169-170 Avsnittet er hovudsakleg basert på *Fortida er ikke det en gang var*.

regelproblematikken ikkje vart diskutert i det omfanget eg hadde sett føre meg. Eg fekk inntrykk av at dette hang saman med kvinnefotballen sin posisjon i samfunnet på 1970-talet, og valde difor å utvide problemstillinga og kjeldesøket.

I arbeidet med denne studien har eg i all hovudsak jobba med primærkjelder. Dette har medført mange besøk hjå Nasjonalbiblioteket. Mesteparten av kjeldene var tilgjengelege i den digitale databasen, men eg har også fått god trening i bruken av mikrofilm. Eg har hovudsakleg jobba på mikrofilmlesesalen når eg har hatt oversikt over kva eg leitar etter, medan den digitale databasen ofte vart nytta til meir generelle søk. Den digitale databasen eignar seg også til systematisk og spesifikk søking. Blant anna har eg gått systematisk igjennom alle treff på søkeorda *damefotball*, *kvinnefotball*, *damelag* og *damekamp* mellom år 1800-1972. Etter 1972 vart det så mange treff at eg såg meg nøydd til å avgrense søka.

Sjølv om Nasjonalbiblioteket sin digitale database inneheld mange typar kjelder, har aviser vore viktigast for delen om framveksten av norsk kvinnefotball. Aviser kan gje oss innblikk i oppfatningar, meiningar og betraktningar frå fortida. Likevel er det viktig å vere kritisk til kjeldene, og ha i bakhovudet at lausrivne ytringar eller tolkingar frå fortida hovudsakleg fortel noko om korleis forfattaren skildrar situasjonen.

«Ambisjonen for historikeren er å si noe om en faktisk virkelighet i gamle dager, ikke å dikte opp en tenkt virkelighet. Optimistisk uttrykt rekonstruerer vi fortida på grunnlag av de tilgjengelige restene av den.»²¹ Om ein finn fleire restar som fortel noko om den same hendinga, har ein betre føresetnader for å seie noko om ei faktisk verkelegheit i gamle dagar. I arbeidet med denne studien har eg ofte funne fleire kjelder som fortel noko om det same. Oftast har eg berre referert til ei av kjeldene i teksten, men dei andre kjeldene har spelt inn på kva kjelde eg meiner gjev den beste skildringa av situasjonen.

Munnlege kjelder har vore ein sentral del av studien. Både historiedelen og filosofidelen er utarbeidd på bakgrunn av inntrykk og utsegn frå munnlege kjelder. Til grunn for dette arbeidet ligg observasjon, deltaking , og samtalar med ei rekke aktørar frå kvinnefotballmiljøet. Eg har snakka med spelarar, trenarar, og sentrale leiarskikkelsar. Det vert ikkje referert til alle intervjupersonane i teksten, men alle har bidrege til å gje eit meir heilskapleg inntrykk av problemområdet. Eg har erfart at å velje er ein sentral

²¹ Kjeldstadli 1999: 209

del av forskingsprosessen. Nokre stader har eg valt ut eitt sitat, sjølv om fleire kjelder har gjeve uttrykk for liknande meininger. Fleire av spelarane ynskja å vere anonyme, og er difor anonymiserte med psevdonym.

Forsking er ein prosess, og uventa spørsmål og vinklingar gjer at vegen blir til medan ein går. I arbeidet med oppgåva kom eg opp i situasjonar der eg trong meir informasjon for å kunne seie noko med sikkerheit. Dette førte til at eg kontakta munnlege kjelder som ikkje var i dei opphavlege planane. Sjølv om nokre av desse var til stor nytte, fanst det ting dei ikkje kunne hjelpe meg med. Om ein havnar i blindvegar, kan ein bli nøydd til å tenke annleis. Eit døme på dette fekk eg då ingen av dei munnlege kjeldene kunne fortelje meg kva for reglement kvinnefotballen nytta på 1980- og 1990-talet. I tillegg fekk eg ikkje svar på førespurnadane mine frå verken UEFA eller FIFA. I dette tilfellet fann eg svaret ved å sjå gamle fotballkampar på Youtube. Fleire av dei munnlege kjeldene mine har opna dører eg elles ikkje kunne entra. Nokre av dei har leia meg til nye kjelder, både munnlege og skriftlege. Til dømes har nokre av dei munnlege kjeldene gjeve frå seg personleg materiale frå langt tilbake i tid, som eg elles ikkje ville fått tak i.

Personar frå idrettsfilosofimiljøet ved NIH har vore gode sparringpartnarar i arbeidet med filosofidelen. Gjennom samtalar har eg fått andre perspektiv på regelproblematikken, samt tips om aktuelle teoriar og skriftlege kjelder. I forskingsprosessen gjorde eg meg kjent med relevante bøker og artiklar innan idrettsfilosofien. Eg var innom fleire moglege innfallsvinklar for den filosofiske diskusjonen, men på grunn av omfanget av oppgåva såg eg meg nøydd til å avgrense. Etter å ha vurdert ulike filosofiske innfallsvinklar opp i mot kva eg ynskja å diskutere, enda eg opp med å basere diskusjonen på nokre av Loland sine tankar om idrettsetikk. I tillegg har eg nytta ei rekke fotballrelaterte artiklar frå norske og danske forskingsmiljø som belegg for mange av argumenta eg nyttar.

For meg har det vore verdifullt med kontinuerleg refleksjon og diskusjon kring temaet kjønnsstilpassa reglar. Mange av dei munnlege kjeldene har vore interessante diskusjonspartnarar. I løpet av forskingsperioden har det synt seg at temaet engasjerer. Ikkje berre har eg hatt fruktbare diskusjonar med personar frå fagmiljøet ved NIH, men også på fritida har eg fått interessante innspel på kjønnsstilpassa reglar, og kva likestilling er i idrettssamanheng.

2. Historisk kontekst

For å få ei meir heilskapleg forståing av korleis kvinnefotballen har utvikla seg, vil det vere fruktbart å sjå på konteksten idretten har utvikla seg i. Ulike forhold ved utviklinga av kvinnerolla i samfunnet og idretten generelt, kan sjåast i samanheng med kvifor fotballen i dag opererer med identiske reglar for menn og kvinner.

2.1 *Kvinnerolla si utvikling i det norske samfunnet*

For å betre forstå korleis kvinnefotballen har utvikla seg frå byrjinga og fram til han vart normalisert, kan det vere nyttig å sjå på nokre sentrale trekk ved utviklinga av kvinnerolla i resten av samfunnet.

Både kvinnerolla, fotballen og samfunnet har endra seg mykje sidan fotballen kom til Noreg på 1880-talet.²² Samfunnet på denne tida var mannsdominert. Menn sat i dei ulike maktposisjonane, det vere seg innan politikk, utdanning, arbeid eller idrett. Dermed rådde menn over kva for arenaar kvinner kunne delta innanfor, og det var slik inga sjølvfølge at kvinner fekk halde på med det dei sjølv måtte ynskje. Kvinner hadde rett og slett ikkje tilgang til store delar av samfunnet, og langt frå same rettigheter som menn. Dei neste hundre åra skulle kvinna si rolle i samfunnet utvikle seg radikalt. Norske kvinner gjekk frå ikkje å vere røysteføre - ettersom dei ifølge grunnlova ikkje var å rekne som norske borgarar - til å representere folket gjennom statsministerrolla i 1981. Dette året vart Gro Harlem Brundtland Noreg sin første kvinnelege statsminister.

Mot slutten av 1800-talet byrja kampen om stemmerett for kvinner å skyte fart. Frå rundt midten av 1800-talet hadde kvinner oppnådd ein del andre rettigheter. Dei hadde no arverett og moglegheit til å ta examen artium, samt at ugifte kvinner hadde myndigheit frå 21 fylde år. Ifølge Ingeborg W. Owsen var Gina Krog ein av dei mest sentrale skikkelsane i kampen for kvinneleg stemmerett.²³ I 1884 etablerte Krog Norsk Kvindesagsforening saman med Hagbard Berner. Krog, som stod for ei radikal likestillingslinje, melde seg ut allereie året etter fordi NKF ikkje gjekk inn for stemmerett for kvinner. Dette førte til at ei gruppe kvinner med Krog i spissen gjekk saman og danna Kvindestemmeretsforeningen i 1885. For at kvinner skulle få røysterett

²² Goksøyr & Olstad 2002: 26

²³ Danielsen, Larsen, & Owsen 2013

måtte Stortinget vedta ei endring av grunnlova slik at kvinner også vart rekna som norske borgarar. Det bør nemnast at menn flest heller ikkje var røysteføre på denne tida.

Ettersom kvinner ikkje hadde rett til å møte i Stortinget, måtte dei samarbeide med mannlege politikarar som støtta saka deira. Då kvinner si røysterett først vart teke opp til debatt på Stortinget i 1890, uttala Viggo Ullmann som viktigaste talsmann for kvinnene: «Kvinden har aldeles den same Ret til at være Menneske og til at skaffe sig menneskelig Oplysning, som vi Mænd har».²⁴ Motstandarane av røysterettsforslaget var mange, og forslaget vart nedstemt. Motstandarane argumenterte blant anna med at menn og kvinner var ulike av natur, noko dei meinte synte seg gjennom dei ulike oppgåvene menn og kvinner hadde i samfunnet. Grovt sett var det menn som kunne delta i det offentlege liv, medan kvinna skulle halde seg i heimen. Noko anna ville vere øydeleggjande for balansen i samfunnet. Det følgjande tiåret var prega av stagnasjon i kampen for kvinner si røysterett, før dei neste åra førte med seg fleire mindre sigrar. Det var ei gradvis utvikling der kvinner blant anna fekk lokal stemmerett i 1910. Slik sett kom det ikkje som ei overrasking då norske kvinner oppnådde røysterett på like vilkår som menn i 1913.²⁵

Sjølv om kvinner fekk inngang til politikken gjennom full røysterett, fekk dei sjeldan delta som representantar i kommunestyre og på Stortinget. Verre var det i Regjeringa, der kvinner ikkje var representerte før etter andre verdskrig.²⁶ Heller ikkje i arbeidslivet hadde kvinner dei same rettighetene som menn. Lønna deira var lågare, og det var framleis mange yrke som vart sett på som upassande for kvinner. Trass i at nye felles lønnsføresegner vart vedtekne, fann ein framleis måtar å omgå desse på. Eit resultat av dette var at skilnadene mellom lønna til menn og kvinner framleis var stor på 1930-talet, sjølv i tilfella der arbeidsoppgåvene var like.²⁷ Då det vart trøngt om arbeidsplassane på 1920- og 1930-talet, gjekk Arbeidarpartiet og Landsorganisasjonen inn for å fjerne gifte kvinner frå arbeidslivet.²⁸ Mot slutten av 1930-åra gav LO-formann Olav Hindahl ein peikepinn på kva som var å rekne for «normalt» då han uttala: «Har mannen jevnt godt arbeid vil man unngå at kona skal arbeide utenfor hjemmet».²⁹ Kampen for likestilling

²⁴ Lønnå 2015

²⁵ Danielsen et al. 2013

²⁶ Regjeringen 2013

²⁷ Danielsen et al. 2013

²⁸ Olstad 2010:188

²⁹ Olstad 2010: 189

tok altså tid, og alle ovannemnde døme indikerer at kvinner var i ein underordna posisjon i høve til menn langt ut i det tjuande hundreåret. Sjølv om kvinner gradvis kjempa seg nærare likestilling, var det ein mødesam prosess, og det var ikkje før utpå 1960-talet at «arbeidet» byrja å skyte fart. Ifølge historikaren Finn Olstad var det sentralt for utviklinga at ein større del av gifte kvinner vart ein del av yrkeslivet.³⁰

I eit kjønns historisk perspektiv kan det sjå ut som 1970-talet skil seg ut som det mest innhaldsrike tiåret. Olstad omtalar 1970-åra og første halvleik av 1980-åra som «begynnelsen på en ny kjønnsorden», i motsetnad til «den tradisjonelle kjønnsorden, som hersket gjennom 1900-tallet fram til 1970-årene».³¹ Frå 1970 og framover braut kvinner den eine barrieren etter den andre, og fekk gradvis innpass i det som hadde vore rekna for mannsyrker. Innanfor utdanningssektoren skjedde det også mykje i denne perioden. På gymnasnivå gjekk kvinner frå å utgjere 42 prosent av elevane i 1960, til å vere i fleirtal i første halvleik av 1970-talet. Den same utviklinga kunne ein sjå innan høgare utdanning, men her måtte kvinnene vente heilt til 1986 før dei gjekk forbi herrane.³² Innan politikken var det kanskje ei enno meir eksplosiv utvikling mellom 1970 og 1986. Fram til Lars Korvalds regjering frå 1972, hadde det berre ved eitt høve vore ei regjering med meir enn eitt kvinneleg medlem.³³ Talet på kvinnelege regjeringsmedlemmar var oppe i 4 av 17 i 1981 då Noreg fekk sin første kvinnelege statsminister. Då Brundtland utnemnde regjeringa i samband med sin neste periode, var 8 av 17 medlemmar kvinner, noko som vart sett på som ei verdssensasjon i 1986.³⁴

«Den nye kvinnerørsla» hadde sitt utspring sommaren 1970.³⁵ Dei nye feministane skilde seg frå dei «gamle» ved at dei hovudsakleg kjempa for å frigjere kvinna. «Målet var ikkje likestilling ‘på mannens premissar’ i eit mannssamfunn, men likeverd i eit samfunn der dei verdiane kvinnene hadde å tilføra, kunne utfalda seg».³⁶ Den «gamle» kvinnerørsla prioriterte likestilling i form av like rettar i institusjonar og lovverk. Den nye kvinnerørsla fekk stor tilslutnad og medverka til å endre samfunnet. Feministane fekk mellom anna gjennomslag for rett til sjølvvald abort gjennom abortlova, rett til

³⁰ Olstad 2010:189

³¹ Olstad 2010:188

³² Olstad 2010:190

³³ Regjeringen 2013

³⁴ Brundtland 2014

³⁵ Furre 1991: 411

³⁶ Furre 1991: 411

barnehageplass for alle born, samt likestillingslova som skulle syte for å betre kvinner si stilling i samfunnet ved å forby kjønnsdiskriminering på ulike område. 1970-talet var ei tid der kvinna kravde sin rett på alle felt i samfunnet, også innan idretten.

2.2 Kvinnerolla si utvikling innan idretten

«Dessverre er idrettsfeltets betydning langt på vei usynleggjort i den etablerte kvinnehistorien».³⁷ Sitatet frå Finn Olstad peikar på noko andre historikarar tidlegare har etablert: Korkje fotball eller idrett generelt eksisterer i eit vakuum og på same måte som samfunnet har innverknad på idretten, har historia synt at også idretten kan ha innverknad på samfunnet. Om ein ser nærare på perioden frå fotballen kom til Noreg og hundre år fram i tid, kan ein sjå mange likskapstrekk mellom idretten og resten av samfunnet. Også innan idretten måtte kvinnene kjempe for sine rettigheter på 1900-talet. Lenge var det inga sjølvfølge at norske kvinner kunne delta i idrettskonkurransar i det heile. Idretten skilde seg heller ikkje mykje frå resten av samfunnet når det kom til synet på kjønnsrollar. Den generelle oppfatninga på 1880-talet var at kvinner sine viktigaste oppgåver var å stelle i heimen og føde barn. Kvinna sin plass var i heimen som husmor, og ho hadde ingen plass i det offentlege. Denne oppfatninga hadde fått moglegheit til å slå rot over tid, og det skulle ta nokså lang tid å rive opp desse røtene.

Ettersom kvinna si rolle hovudsakleg utspelte seg i heimen, var kvinner naturleg nok underrepresentert innan idretten. Sjølv om det ikkje var heilt uvanleg at kvinner kunne halde på med gymnastikk, ski og skøyteøp, var det svært sjeldan at kvinner dreiv organisert idrett fram til slutten av 1880-åra.³⁸ Skøyteidretten var saman med tennis blant dei få idrettane der kvinner kom med i den organiserte idretten frå første stund. Innan skøyteidretten kunne kvinner fleire stader bli klubbmedlemmar allereie på 1860-talet, medan tennis kom ikkje til Noreg før drygt tjue år seinare. Forutan skøyteøp fins det berre nokre få døme på kvinner si deltaking i idretten før slutten av 1880-talet. Blant anna vart det oppretta eit kvinneleg turnparti i Christiania på 1850-talet, men det vart oppløyst etter nokre år.³⁹ Innan skiidretten fekk 16 år gamle Ingrid Olsdatter Vestby lov til å delta i eit skirenn i Trysil i 1863.⁴⁰ Mot slutten av 1880-åra byrja snøballen å rulle, og kvinner fekk innpass i fleire idrettar. Innan turn kom det fleire kvinneparti i dei store

³⁷ Olstad 2010: 192

³⁸ Olstad & Tønneson 1987: 70

³⁹ Goksøy 2008: 70

⁴⁰ Olstad & Tønneson 1987: 70

byane, og frå 1887 vaks det fram private dameskiklubbar.⁴¹ Det må likevel nemnast at innan både gymnastikk og skiidrett haldt kvinnene på med ei modifisert utgåve av idretten, som vart sett på som meir passande for kvinner.⁴² Dersom idrettskvinnene ikkje haldt seg innanfor det som vart rekna som tilstrekkeleg kvinneleg møtte dei fort motstand frå menn, men også frå kvinner som stod utanfor idretten. I etterkant av landets første offentlege oppvisning for dameturn var følgande argument ein del av diskusjonen: «At Kvinnen utvikler sitt Legeme til Smidighet og Styrke, må aldri gå på Skjønnhetens Bekostning».⁴³ Då tennisspelet kom til Noreg i 1880-åra fekk kvinner bli klubbmedlemmar frå byrjinga av. Tennis vart sett på som ein naturleg fritidssyssele for borgarlege kvinner på denne tida, og i nokre av klubbane var kvinnene i fleirtal.⁴⁴ Sjølv om kvinner gradvis fekk innpass i fleire idrettar, var det stor skilnad mellom trening og konkurranse.

Når det kom til konkurransar var skøyteidretten om lag like konservativ som ski- og turnidretten. Å anstrenge seg var nemleg ikkje sameinleg med forventningane ein hadde til kvinner på denne tida. Skihopp og langrenn vart rekna som anstrengande idrettar. Dette førte til at kvinnene i staden deltok i formar for bakkerenn, der dei til dømes stod ned unnarenet på ein hoppbakke. Berre innan tennis var det problemfritt for kvinner å konkurrere. Dette hang nok saman med at tennis vart sett på som eit estetisk tilfredsstillande spel, og dermed ikkje vart rekna som spesielt fysisk krevjande. Ein annan grunn til at tennis vart rekna som meir «kvinneleg» var at ein rekna tennisspelet for å vere av lite aggressiv karakter. På den organisatoriske fronten spelte det nok også ei rolle at kvinner fekk styreverv frå starten av.⁴⁵ Parallelt med framgangen innan idretten vaks den moderne kvinnerørsla fram. Kvinnene sine rettar innan idretten og resten av samfunnet skulle følge kvarandre tett dei neste hundre åra. Utviklinga av kvinner sine rettigheter innan idretten fekk eit oppsving mot slutten av 1800-talet. Likevel skulle kvinnesynet i samfunnet og menn i leiarstillingar by på store hindringar for idrettskvinner heilt til langt utpå 1900-talet.

⁴¹ Nordahl 1961: 61

⁴² Goksøy 2008

⁴³ Goksøy 2008: 71

⁴⁴ Olstad & Tønneson 1987: 180

⁴⁵ Olstad & Tønneson 1987

Tidleg på 1900-talet fekk kvinner gradvis meir innpass, og i 1907 fekk norske kvinner lov til å konkurrere i turn for første gong. Likevel var det framleis det same synet som regjerte, og kvinnerolla definerte kva idrettar det sømde seg å konkurrere i. Då to norske kvinner for første gong representerte Noreg i eit OL i 1912, var det tennis og symjing som vart sett på som passande å delta i. At det var akseptabelt for kvinner å delta i ein anstrengande sport som symjing på ei tid då estetikk stod i høgsetet, kan truleg forklarast ved at ein slapp å sjå kvinnene slite seg ut, då dei var under vatn medan konkurransen gjekk føre seg. Andre idrettar kvinner fekk prøve seg i på denne tida var roing, bandy og sykling, samt sprangriding der dei også fekk konkurrere. I dei tre førstnemnde idrettane var det snakk om ei meir sporadisk deltaking, som i 1902 då Kristiania Velocipedklub arrangerte sitt første og siste sykkelritt for kvinner. Nokre stader gjekk kvinner saman i stillheit, for å organisere konkurransar i «forbodne idrettar».⁴⁶ Bevaring av kvinna og synet på kva som var kvinneleg, stod sentralt innan kvinneidretten dei komande tiåra.

Samanlikna med andre land var ikkje Noreg i toppsjiktet når det kom til kvinner si deltaking i idrett. Medan idrettskvinner frå andre land fekk gradvis innpass i det som tradisjonelt hadde vore rekna som mannsidrettar, kunne det verke som om Noreg sakka akterut i perioden 1910-1940.⁴⁷ Hovudsakleg var det snakk om stagnasjon, men innan nokre område utvikla det seg i negativ forstand. Eit døme på dette kom i 1922 då kvinner ikkje lengre fekk lov til å delta i det nasjonale turnstemnet.⁴⁸ Sjølv om ein fekk fram eit par store kvinnelege idrettsprofilar på 1920- og 1930-talet, var kvinneidretten framleis undertrykt, og øvingsutvalet avgrensa. Den norske deltakinga under dei olympiske leikane kan gje eit bilete på utviklinga. Under dei Olympiske sommarleikane i 1928 stilte Noreg for første gong sidan 1912 utan ei einaste kvinne i troppen. Leikane i 1928 skreiv seg likevel inn i historia som dei første leikane der kvinner fekk moglegheit til å delta i friidrettsgreinene. 800-meteren for kvinner vart rekna som ein skandale etter at fleire av deltakarane fall om i målområdet som ei følge av utmatting. Dette førte til at laupsøvingar over 200-meter vart teke av OL-programmet for kvinner fram til 1960.

Den organiserte idretten i Noreg var splitta på denne tida. Arbeidernes Idrettsforbund med sitt arbeid for masseidrett, førte an innan kvinneidretten. Likevel var haldningane

⁴⁶ Olstad & Tønneson 1987: 181

⁴⁷ Goksøy 2008

⁴⁸ Olstad & Tønneson 1987

til mange norske idrettsleiarar på denne tida med på å marginalisere idrettskvinnene. Det kan sjå ut til at det borgarlege Landsforbundet for idrett var meir lunkent innstilt til kvinneidretten enn AIF. Eit døme på haldningane som rådde på denne tida fekk me i 1927 då leiaren for Landsforbundet sitt idrettsmerkeutval uttala følgande: «Jeg er prinsipielt imot at vore damer skal bli idrettskvinder».⁴⁹ Trass i haldningar som dette fekk Noreg fram store kvinnelege idrettsprofilar som Sonia Henie og Laila Schou Nilsen i 1920- og 1930-åra. Ifølge Goksøy er det liten grunn til å gje norske idrettsleiarar æra for suksessen deira.⁵⁰

Første halvleik av 1900-talet førte ikkje med seg noko nemneverdig auke i delen kvinner innan organisert norsk idrett. I 1946 hadde norske menn moglegheit til å delta i 24 idrettar, medan kvinner fekk lov til å delta i 12.⁵¹ Ein av idrettane kvinner ikkje fekk lov å delta i var sykling. Her hadde menn frå Landsforbundet sin kvinnekomité konkludert med at sykling var ein idrett som «så vel fysisk som estetisk ikke egner seg for kvinner».⁵²

Nokre av dei vanlegaste argumenta motstandarane mot ein friare kvinneidrett nytta var knytt til helse og estetikk. Misoppfatningar om at kvinner som dreiv idrett kunne stå i fare for å miste evna til å føde fekk draghjelp frå helsevesenet. Fleire legar hevda det var regelrett farleg for kvinner å drive anstrengande idrett. Det estetiske vart også vektlagt i diskusjonen, noko som kjem tydeleg fram gjennom korleis idrettsreportaren Leif Isdal omtala dei kvinnelege deltakarane på 10 kilometer langrenn under verdensmeistarskapen i Lahti i 1958: Løparane kom inn «gjennomsvette og segneferdige, bustet på håret og grimet i ansiktet...De kvinnelige tilskuere måtte føle seg fornedret på sitt kjønns vegne, så uskjønt var dette innslaget i årets verdensmesterskap at man gikk kvalm og nedslått hjem fra Skistadion».⁵³ Nokre år seinare gjekk den same Isdal i bresjen for kvinnefotball. Dette er eit godt døme på utviklinga av kvinnesynet og kvinnerolla både innan idretten og samfunnet.

Sjølv om kvinneidretten utvikla seg frå 1880-åra fram til midten av 1900-talet, var det ikkje snakk om ei eksplosiv utvikling. På 1950-talet levde kvinneidretten framleis i

⁴⁹ Olstad & Tønneson 1987: 271

⁵⁰ Goksøy 2008: 101

⁵¹ Goksøy 2008: 125

⁵² Goksøy 2008: 125

⁵³ Olstad 2010: 192

skuggen av herreidretten, og kvinner vart stadig minna på at dersom ein ikkje skilde mellom idrett for kvinner og menn, kunne det vere både «uheldig og skadelig».⁵⁴ Fram til 1960-talet hadde kvinnene sakte men sikkert kjempa seg over den eine barrieren etter den andre, og på same måte som i resten av samfunnet byrja utviklinga no å skyte fart. Dei sosiale faktorane spelte inn, og gjennom 1960- og 1970-talet tok kvinner store steg på vegen mot kvinnefrigjerung også innan idretten. I 1963 fekk langrennsskvinner lov til å gå 5- og 10 kilometer i NM, og stafett frå og med 1965.⁵⁵ Løpsøvingar innan friidrett låg litt bak, og kvinner måtte vente til 1969 før dei fekk delta i løp på over 1000 meter. 70-talet var tiåret då kvinner for alvor kom med i langdistanseidrett, og Grete Waitz kan sjåast som eit symbol på kvinnene sitt inntog i idretten generelt.⁵⁶ Kvinnene braut barrierar, og resultatet var innpass både innan organisert og uorganisert idrett. Innan den uorganiserte idretten fekk kvinner moglegheit til å delta i Holmenkollstafetten frå 1975, samt Birkebeinarrennet frå 1976. I den organiserte idretten gjekk kvinner frå å utgjere om lag ein femdel av medlemstalet i NIF i 1965, til å utgjere om lag ein tredel i 1985. Dette utgjorde ei markant auke då det totale medlemstalet i NIF steig med nesten 500% i same periode. Ifølge Tønnesson stilte fleire mannlege leiarar seg meir positive til kvinneidretten på denne tida, noko som betra grunnlaget for å kjempe om likestilling innan idretten.

2.3 Framveksten av handball og volleyball i Noreg

Det kan vere interessant å sjå fotballen sin framvekst i Noreg opp i mot framveksten i andre ballidrettar. Dette kan hjelpe oss med å forstå korleis dei ulike idrettane vert oppfatta i dag, og ikkje minst forstå korleis fotballen har enda opp med ein annan praksis enn handball og volleyball når det kjem til kjønnsstilpassa reglar. Under dette avsnittet vil eg kort gjere greie for framveksten av handball og volleyball ettersom desse er dei største ballspela for kvinner i Noreg etter fotball.

2.3.1 Handball

For å betre forstå skilnadene mellom handball, fotball og volleyball i eit samfunnsmessig perspektiv, kan det vere nyttig å gå historisk til verks. Sett med historiske auge er det store skilnader mellom handball og fotball. I 1925 vart tyske kvinner anbefalt å byrje med kurvball framfor handball, då sistnemnde idrett vart sett på

⁵⁴ Olstad & Tønneson 1987: 273

⁵⁵ Goksøy 2008

⁵⁶ Olstad & Tønnesson 1986: 316

som for maskulin. På 1930-talet var det den tyske 11-mannshandballen som hadde høgast status, og under OL i 1936 var det 11-mannshandball på programmet. I Noreg var historia ei anna. Då handballen kom til Noreg i 1936, var det snakk om den svenske 7-mannshandballen. Dei svenske oppvisningslaga imponerte både tilskodarar og presse, og sistnemnde gav oppvisninga ei god omtale: «Her var noe nytt og spennende som også vi i Norge burde kunne utvikle til å bli en virkelig masseidrett, ikke minst for piker og damer som ikke hadde noen idrettsgren å samles om i den varme årstiden».⁵⁷ På 1930-talet vart den svenske 7-mannshandballen sett som ei midlertidig ordning i Noreg. Målet var å spele den «skikkelege» 11-mannshandballen. Ettersom norske menn hovudsakleg «berre» spelte 7-mannshandball – der dei tapte mot gode svenskar som høyrde til Europa-toppen – vart ikkje handballen sett på som ein «tilstrekkelig maskulin idrett av mange».⁵⁸ Slik sett skil handballhistoria seg tydeleg frå fotballhistoria, der herrane frå det norske «bronselaget» frå 1936 vart dyrka som heltar. I Noreg vart handballen altså rekna som ein kvinneidrett allereie frå byrjinga. I 1939 vart synet på handball understreka då media skreiv at «HÅNDBALL er blitt damenes fotball».⁵⁹ Fleire hevda feilaktig at handball var det første lagspelet for kvinner i Noreg, noko som førte til overskrifta: «endelig DEN RETTE SPORT for kvinnene».⁶⁰

Også innan handballen har kvinner møtt motstand, men ved hjelp av blant anna media og ein god start, vart ikkje kampen like tung som for fotballjentene. Handball skulle syne seg å bli ein populær idrett for både kvinner og menn, og i dag er Norges Håndballforbund det fjerde største særforbundet i NIF. Kvinner dominerer medlemsmassen, og utgjorde over to tredeler av medlemstalet i 2014.⁶¹ Også reglane har utvikla seg frå oppstarten til i dag. Ikkje berre har banestørrelse, underlag og talet på spelarar endra seg, men også ballstørrelsen og mange andre reglar frå sjølve spelsituasjonen. I byrjinga spelte både menn og kvinner med ein ball på størrelse med ein fotball, medan i dag er ballstørrelsen det einaste som skil reglementet i herreklassen frå reglementet i kvinneklassen. Likevel skal ein ikkje undervurdere effekten av ein slik regltilpassing, då det er ein vesentleg skilnad i både vekt og størrelse på ballane.

⁵⁷ Norges Håndballforbund 1997: 20

⁵⁸ Norges Håndballforbund 1997: 56

⁵⁹ Norges Håndballforbund 1997: 55

⁶⁰ Norges Håndballforbund 1997: 55 Overskriftene stod opphavleg i *Tidens Tegn og Urd*.

⁶¹ Statistisk Sentralbyrå 2014

2.3.2 Volleyball

Det er jo mange av disse som har sneven av «fotballdilla» og gjerne selv vil være med å sparke fotball, men denne sport er jo forbeholdt gutta og er også vel maskulin for jentene. I nettbball får imidlertid jentene erstatning for fotballen og anledning til å vise sine ferdigheter i intelligent lagspill.⁶²

Medan kvinner fekk beskjed om å halde seg unna fotballspelet, var tonen ein annan når det kom til volleyball. Dette sitatet frå Arbeiderbladet fortel noko om korleis volleyball skil seg frå fotball sett med historiske auge. Når journalisten skriv «disse» siktar han til kvinnene som tidleg var inne og tok føringa då volleyballen kom til Noreg. Det fins rett nok ingen sikre kjelder som kan fortelje oss når ein spelte volleyball for første gong i Noreg. Det første sikre haldepunktet me har frå volleyballspelet, stammar frå meldingsbladet til BUL på 1920-talet. I bladet gjekk spelet under namnet «skotball», eit spel som likna mykje på volleyballen slik me kjenner han i dag.⁶³

Innan den organiserte idretten var det AIF som var tidlegast ute, leia av kvinneutvalet dei oppnemnde i 1935. AIF kalla volleyballen for «nettbball», og Rolf Hofmo var tydeleg på at det hovudsakleg var tenkt som ein kvinneidrett: «Når Arbeidernes Idrettsforbund har besluttet å oppta nettbballspillet for kvinner, jenter og gutter, er det for at tilføre vårt idrettsliv en vekst fra kvinnenes side.»⁶⁴ Nettbball kom i gong i 1936, og det var kvinneutvalet i AIF som hadde ansvar for utbreiinga av spelet. Utviklinga av spelet frå mosjonsaktivitet til konkurranseaktivitet gjekk fort, og allereie i 1937 arrangerte AIF den første turneringa for kvinner. Dei neste åra sette kvinneutvalet i gong med propagandaturar, noko som førte til spreing av idretten og aukande aktivitet. Nettbball var å rekne som ein stor suksess, og fekk stor oppslutnad som det første lagspelet for kvinner i Noreg.

Samstundes som nettbball vaks i popularitet i Noreg, registrerte arbeidarungdommen at spelet var blitt populært også i Aust-Europa. Dette leia til at AIF vart kritisert av unge arbeidarar, som meinte nettbball burde opnast for menn «slik som i Soviet, hvor nettbball var massenes spill».⁶⁵ Etter deira meining gjorde AIF ein feil då organisasjonen slo fast at nettbball var eit spel for kvinner. Hofmo grunn gav forbundsleiinga sitt vedtak med at

⁶² Arbeiderbladet 20.08.1938

⁶³ Rafoss 1998

⁶⁴ Rafoss 1998:16

⁶⁵ Rafoss 1998: 25

AIF trong ein idrett som kvinner kunne dyrke utan «at den allerede er opptatt av mannfolkene». ⁶⁶ Likevel var kritikken noko av bakgrunnen for at kvinneutvalet vedtok å inkludere menn frå august 1940: «Utvidelse av nettbullen for mandlige spillere. Da nettbullen har en slik utvikling, må det nu bli åpent for menn.» ⁶⁷

På denne tida var 2. verdskrig i gong, og berre nokre månader seinare starta idrettsstreiken i Noreg. Som følge av streiken låg nettbullen nede under krigsåra. I 1946 vart Norges Volleyballforbund stifta, med NM for begge kjønn frå same år. Ein av grunnane til at norske kvinner fekk drive med nettbull frå starten av, var at den norske spelemåten førte til at idretten vart karakterisert som ein mosjonsaktivitet. Dette var positivt for kvinnene, då dei helst skulle drive idrettar som ikkje var for anstrengande. Likevel skulle dette få konsekvensar for norske volleyballag når dei skulle konkurrere i internasjonal samanheng. Då Noreg sendte to lag til ei internasjonal turnering i Romania i 1953, vart det tydeleg at den norske spelestilen stod i klar kontrast til den aust-europeiske som hadde eit større konkurransepreg. Dei norske laga var altså sjanselause mot lag som trena prestasjonsretta, og hadde kome vesentleg lengre i sportifiseringsprosessen. ⁶⁸

Innan norsk volleyball har altså kvinner vore akseptert frå første stund. Slik sett har dei kvinnelege volleyballspelarane - på same måte som dei kvinnelege handballspelarane - unngått mykje av motstanden som kvinnelege fotballspelarar har kjempa imot. I dag er volleyball blant dei mest populære ballspela i Noreg, og det er framleis flest kvinnelege medlemmar i Norges Volleyballforbund. Også innan volleyballen har regelverket utvikla seg mykje frå spelet var utvikla på slutten av 1800-talet. I byrjinga kunne ein spele utan avgrensa bane med tjue spelarar på kvart lag, og kvinner hadde modifiserte reglar som skulle syte for at dei ikkje vart utslitt. ⁶⁹ I dag er det berre netthøgda som skil kvinner sitt kampreglement frå menn sitt.

⁶⁶ Rafoss 1998: 25

⁶⁷ Rafoss 1998: 25

⁶⁸ Goksøyr 1988: 42

⁶⁹ Rafoss 1998

3. Norsk kvinnefotball frå showkampar til innpass i NFF

Denne historiedelen vil ta føre seg utviklinga av norsk kvinnefotball frå dei første sparka fram til kvinnene fekk innpass i Norges Fotballforbund. Det kan då vere fruktbart å sjå på nokre utviklingstrekk innan den internasjonale kvinnefotballhistoria. Det vil hovudsakleg samanliknast med våre næraste fotballnaboar, England og Sverige.

3.1 Fotballen kjem til Noreg

Sjølv om det i byrjinga berre var menn som spelte fotball i Noreg, kan det vere nyttig å sjå på utviklinga i barndomsåra. Dette kan gje oss ei betre forståing av kvifor nordmenn tradisjonelt har sett til dei britiske øyer i fotballsamanheng. Eg vil også forsøke å syne at sjølv om reglementet innan herrefotball var spikra då kvinnefotballen gjorde sitt inntog, var det usikkerheit knytt til spelereglane dei første tiåra etter fotballen kom til Noreg.

Fotballen kom til Noreg frå Storbritannia på 1880-talet, og i åra som kom var det ofte britar som tok på seg oppgåva med å lære nordmenn fotballspelet. I Noreg som i England var det ei viss usikkerheit knytt til fotballreglementet dei første tiåra. Sjølv om me i Noreg drog fordel av at me ikkje kom i gong med fotball før «Association Football» og «Rugby Football» hadde etablert seg som to ulike spel, var det likevel ein del usemje kring korleis spelet skulle spelast. «Fordelen» for oss nordmenn var at me slapp å bli forvirra av rugbyreglane ettersom det hovudsakleg var «Association Football» som kom til Noreg i 1880-åra. Etter fotball og rugby skilde lag vart det i åra som kom utvikla og innført nokre nye reglar. Til dømes vart straffesparket introdusert på slutten av 1800-talet (1891), samt systemet der ein nytta ein eineveldig domar.⁷⁰

I startfasen spelte dei ulike norske fotballklubbane etter sine egne reglar. Det vil seie; dei spelte etter engelske reglar med sine egne variasjonar. Dermed var ein nøydd til å avtale kva for reglar ein skulle nytte dersom ein skulle spele kamp mot eit lag frå ein annan klubb. I 1901 uttala ein fotballspelar frå Bygdø at «der findes ikke to klubber, der 'sparker' efter de samme regler...»⁷¹ I 1902 møttest tre norske klubbar på Hotel Bristol

⁷⁰ Goksøyr & Olstad 2002: 37

⁷¹ Goksøyr & Olstad 2002: 39

for å stifte Norges Fotballforbund.⁷² Skipinga av NFF var ikkje einstyddande med at ein fekk einsarta reglar i norsk fotball. Ein hadde ikkje sentrale retningslinjer som sa noko om nøyaktig storleik på verken mål, bane eller speletid. I 1906 vart «Lover og Regler» trykt opp, på initiativ frå Vestfold Fodboldkrets.⁷³ Trass i dette initiativet tok det tid før reglane vart etterlevd kringom i Noreg. Dei mange lokale regeltolkingane hadde fått tid til å etablere seg, noko som truleg var med på å forseinke prosessen med å innføre eit felles reglement. I åra som kom fortsette norsk fotball å sjå til England, noko som på sikt skulle få konsekvensar også for kvinnelege fotballspelarar.

3.2 Dei første sparka

Sett i eit globalt perspektiv kan det sjå ut som kvinner har spelt fotball like lenge som menn. Ifølge UEFA kan me spore kvinner si deltaking i fotball heilt attende til det som av FIFA reknast som fotballen sitt opphav – ballspelet Tsu Chu. Spelet Tsu Chu kan sporast attende til Han Dynastiet i Kina, og historiske maleri frå perioden mellom år 25 til år 220 e.v.t. syner at også kvinner kunne delta i dette spelet.⁷⁴

Den følgjande delen vil forsøke å seie noko om utviklinga av fotballspelet sin posisjon i det norske samfunnet dei første førti åra. Det kan hjelpe oss å få ei betre forståing av kvifor kvinner som ynskja å spele fotball ofte møtte motstand. Etter å ha synt korleis fotballspelet vart oppfatta i tida før kvinnene fekk prøve seg, vil eg sjå nærare på nokre av dei første fotballkampene for kvinner i Noreg.

3.2.1 Fotball – ein mandig idrett

Allereie i 1887 anbefalte fotballpioneren Laurentius Urdahl ballspel for kvinner.⁷⁵

Urdahl oppmoda interesserte menn til å opprette fotballklubbar for kvinnene. Trass i at denne oppmodinga fann stad om lag samstundes som herrefotballen kom i gong, ser det ut til at det tok lang tid før norske kvinner tok til å spele fotball. I dag kjenner me ikkje til skriftlege kjelder frå kvinnefotball i Noreg datert lengre bak enn 1919. I idretten er det vanleg med relativt stor utvikling i startfasen. Då damelaget Frøya i 1919 moglegvis opna ballet for kvinnene, hadde det relativt «unge» norske fotballspelet utvikla seg mykje. Norske menn hadde spelt fotball i om lag førti år før kvinnene fekk prøve seg.

⁷² Goksøy & Olstad 2002: 42

⁷³ Goksøy & Olstad 2002: 39

⁷⁴ UEFA 2014

⁷⁵ Norsk Idrettsblad nr. 24, 1887. Attgjeve i Goksøy & Olstad 2002: 77

Naturleg nok fekk reglane sett seg og det var stor framgang i kvaliteten på spelet, men også fotballspelet sin posisjon i samfunnet hadde utvikla seg. Det norske folk hadde no danna seg ei oppfatning om «kva fotball var». Fotballen hadde rett å vekse seg inn i rolla som «vor nationale sommersport» og «en sommeridræt for hvermand».⁷⁶ Sjølv om fotballen vart omtala som ein sommaridrett for alle, var det ikkje dermed sagt at det gjaldt kvinnene. På denne tida var idretten styrt av mannlege forståsegpåarar, og kvinner var ikkje i posisjon til å avgjere kva for idrettar dei sjølv kunne delta i. Fotballen skilde seg ikkje frå resten av idretten på dette punktet. Det ser heller ut til at fotball stod langt bak i køen når det kom til kampen om innpass for kvinner. Dei første tiåra utvikla fotballen seg på menn sine premissar. Spelet hadde utvikla seg til å verte oppfatta som utprega mandig, noko historikaren Jonny Hjelm hevdar kan henge saman med ryktet fotballen fekk i perioden der rugby og fotball gjekk over i kvarandre.⁷⁷ I 1911 vart fotball omtala slik: «Kvintessensen ved spillet er jo netop utfoldelsen av mandig kraft og mot parret med behændighet».⁷⁸ Ikkje berre fekk menn nesten førti år med forsprang til å øve på sjølve spelet, dei gjorde også krav på eineretten til å definere kva fotball var.

3.2.2 Damelaget Frøya i Kristiania

Dei første skriftlege kjeldene ein hittil har lukkast å drive fram frå kvinnefotball i Noreg stammar tilbake til Moss tidleg på 1920-talet. I 1970 hevda likevel Arne H. Lae at Oslo var tidlegare ute. I eit lesarinnlegg i A-Magasinet skreiv han at omkring 1919 «eksisterte det i Kristiania et damelag ved navn 'Frøya'».⁷⁹ Det er ikkje kjent kven som spelte på damelaget, eller kor lenge dei var aktive, men Lae skreiv: «faktum er iallfall at det spilte noen kamper på Frogner stadion i 1919». Det vart arrangert eit par kampar til inntekt for feriekoloniane, mellom Frøya og eit herrelag som skulle bestå av skodespelarar utkledding. Lae var sjølv med på ein av kampane kledd ut som «Kolingen», medan meir kjente August Schönemann og Pehr Qværnstrøm spelte i soldatuniform og Chaplin-kostyme. I tillegg deltok eit par klovnar frå Cirkus Norbeck, noko som fortel mykje om seriøsiteten. Klovnen Jested stod i mål, og «damene scoret

⁷⁶ Goksøyr & Olstad 2002: 36

⁷⁷ Hjelm 2004: 19

⁷⁸ Goksøyr 2008: 101

⁷⁹ A-Magasinet 01.08.1970

minst fem ganger på ham, men herrelaget fikk et eneste trøstemål». Redaktør av A-Magasinet, Sigurd B. Hennum, gjekk seinare langt i å stadfeste historia til Lae.⁸⁰

3.2.3 Damelaget Heia i Moss

I 1921 spelte damelaget Heia frå Moss fleire kampar. Etter å ha spelt ein kamp mot eit herrelag, tok dei del i den første registrerte kampen mellom to kvinnelag seinare same året.⁸¹ Det heile byrja 10. juli 1921 med ein oppvisningskamp mellom Heia og Moss Idrettsforening sitt old boyslag. Kampen vart avertert i Moss Tilskuer i dagane før, og det ser ut til at kampen gav meirsmak ettersom Heia spelte to kampar til seinare på sommaren.⁸² Begge kampane gjekk mot eit damelag frå Askim, og ved begge høva enda resultatet med 3-0 siger i favør Heia. At laget reknast som ein av Noreg sine første kvinnefotballag burde vere nok til å rekne Heia som ein suksess, men det høyrer med til historia at dette var ein kortvarig suksess på eit lokalt plan. Dessverre vart tilløpa til kvinnefotball i Moss stoppa same året som dei kom i gong. Tidleg i 1922 uttala fotballpresident Reidar Bergh i ei notis i Moss Avis at forbundet ikkje ville vite av kvinnelege fotballsparkarar.⁸³ Det skulle endå gå mange år før kvinnefotballen slo rot.

3.2.4 Frøkenfotball på Frogner

Då damelaga til Torp og Spydeberg møttest til kamp i 1927 fekk kvinnefotballen to linjer med spalteplass.⁸⁴ Det vakte langt meir merksemd då *frøknene på Frogner* spelte fotball året etter. «Frøkenfotball på Frogner» vart i 1928 omtala som den «første damefotballkamp i Norge».⁸⁵ At journalisten i *Idrettsliv* ikkje hadde fått med seg at det hadde vore spelt damefotball tidligare indikerer at damelaget Heia først og fremst var ei lokal hending, som ikkje skapte bølger i eit nasjonalt perspektiv. På denne måten skilde dette arrangementet seg frå det ein tidlegare hadde sett i Moss og på Spydeberg. Den ferske OL-vinnaren Sonia Henie spelte på det «raude laget», og var eit av trekkplastera for arrangementet. At ei sopass stor idrettsstjerne tok del i arrangementet bidrog nok til eit auka engasjement frå media, som ikkje hadde for vane å skrive for mykje om kvinneidrett. Fleire aviser averterte for turneringa, og over fire tusen tilskodarar møtte fram på Frogner, deriblant kronprins Olav. Det var ikkje dermed sagt at korkje

⁸⁰ A-Magasinet 15.08.1970

⁸¹ Roer 1981: 13

⁸² Moss Tilskuer 07.07.1921 og 09. 07.1921

⁸³ Roer 1981: 13

⁸⁴ Smaalenenes Social-Demokrat 16.09.1927

⁸⁵ Idrettsliv nr. 51 1928

publikum eller media var der for å sjå på idrettsprestasjonane. Arrangementet var i første rekke eit show til inntekt for Marialogens byggefond, fotballen kom i andre rekke. Sjølvfe fotballspelinga vart ikkje teke spesielt seriøst, noko som kom tydeleg fram i media både før og etter turneringa. Døme på dette finn ein i annonsane for turneringa, der det vart avertert med «Oslos vakreste damer».⁸⁶

I motsetnad til resten av pressa, hadde Aftenposten sitt oppslag før turneringa ei relativt positiv vinkling. Namna på spelarane vart presentert, og journalisten slo fast at «mange av disse navnene er udmerkede til fotballbruk».⁸⁷ Journalisten eksemplifiserte dette ved å trekke fram Tussa Gundersen som var eit namn fullt på høgde med meir kjente Jeja Gundersen frå herrelandslaget. Vidare kunne ein lese at dei 44 spelarane hadde «trenet iherdig og kommer til å gå inn for oppgaven med en voldsom energi».⁸⁸ Lagnamna kan ikkje karakteriserast som anna enn pragmatiske då dei fire laga vart kalla: dei kvite, dei raude, dei grønne og dei blå. Når det gjeld det reint sportslege var det Sonia Henie og dei «røde quinder» som gjekk sigrande ut av turneringa. Dei vart tilkjent sigeren på stil- eller aktivitetspoeng av domaren, etter å ha spelt 0-0 i finalen mot det blå laget. Eg har ikkje lukkast i å finne ut nøyaktig kva kriterier domaren sette for stilpoenga, men det er ikkje usannsynleg at teknikk og utsjånad stod i sentrum slik som i stillangrenn. Finalen var ikkje den einaste kampen som vart avgjort på stilpoeng. Dei raude vann også sin innleiande kamp på stilpoeng og gjekk sigrande ut av turneringa utan å ha scora eit einaste mål. Det vart i det heile berre scora eit mål i turneringa. 19 år gamle Doris Sverre frå det blå laget fekk æra av å bli toppscorar.

Ein journalist frå bladet *Idrettsliv skreiv* – under pseudonymet «*Mr. Ballihat*» - etter turneringa eit entusiastisk innlegg med ironisk undertone der han stort sett fokuserte på å latterleggjere kvaliteten på spelet. Om ein samanliknar med i dag kan det verke merkeleg, men dette var i høgste grad vanlege haldningar når det kom til kvinneidretten på denne tida. Som nemnt tidlegare vart fotballen rekna som utprega mandig, og var slik sett langt i frå noko unntak når det kom til latterleggjering av kvinner. Det høyrer med til historia at mannlege fotballspelarar også måtte igjennom ein periode med latterleggjering då fotballen kom til Noreg. Dersom ein samanliknar kvinnefotballen sine barndomsår med herrefotballen sine, vil ein kunne sjå fleire likskapstrekk. Blant

⁸⁶ Arbeiderbladet 15. 06.1928

⁸⁷ Aftenposten 16. 06.1928

⁸⁸ Aftenposten 16. 06.1928

anna bidrog «mislykkede spark og komiske stillinger, hvilke der var fuldt op af» til å sette «lattermusklerne i sterk bevægelse» i 1886.⁸⁹ Eit stort problem for kvinnene var at denne perioden med latterleggjering av mannlege fotballspelarar gjekk relativt fort over, medan for kvinner skulle perioden vare i mange tiår. Sett på spissen vart kvinnelege fotballspelarar dømde til om lag 50 år der dei hovudsakleg spelte showkampar, samt at dei i same periode vart nekta innpass til den meir seriøse fotballen i regi av NFF.

3.2.5 Motstand frå menn i sentrale posisjonar

«Når kvinnen slår seg på fotballen bør man reagere. Fotballsporten er og blir en mandig sport, den dag den ikke er det har den tapt sin gloria».⁹⁰ Dette sitatet frå *Norsk Idrætsblad og Sport* kan gje ein peikepinn på korleis haldningane til kvinnefotball var i Norge på 1920-talet. Dersom slike sterke haldningar fekk slå røter i den norske befolkninga frå tidleg av, kan ein sjå føre seg at dette har spelt ei stor rolle for korleis delar av det norske folk oppfattar kvinnefotball både historisk og i dag.

Til og med innan AIF, som hadde eit langt meir liberalt syn på kvinneidrett enn Landsforbundet, var det einigheit om at kvinneidrett skulle ha ein anna karakter enn idrett for menn. På dette punktet var dei to organisasjonane einige, og den «mandige» fotballen var ikkje ein av idrettane som var oppe til diskusjon i AIF. Dette gjorde det svært vanskeleg for kvinnefotballen å etablere seg i Noreg.

3.3 Frå showkampar til sportifisering

Dette underkapitlet vil ta føre seg ein mindre omtala del av historia til norsk kvinnefotball. Delen startar nokre år etter dei aller første kvinnefotballkampane i Noreg og sluttar rundt 1970 før sportifiseringa av kvinnefotballen tok til.

3.3.1 Norsk kvinnefotball på 1930-talet

Følgande del vil byrje med å sjå på ulike tilfelle av kvinnefotball på 1930-talet. Målet er å få fram kva som kjenneteikna kvinnefotballen på denne tida, samt forsøke å kome med forklaringar på kvifor utviklinga stagnerte.

I starten av 1930-åra såg det ut til at kvinnefotballen kom i nærleiken av å etablere seg i det små, og fleire stader fekk kvinner prøve seg i fotballspelet. Det førekom mykje

⁸⁹ Goksøyr & Olstad 2002: 33

⁹⁰ Norsk Idrettsblad og Sport 27.05.1920

hyppigare at kvinner spelte fotballkampar på 1930-talet enn på 1920-talet. Dette kan sjåast som eit symptom på at kvinneidealet var i endring. Ifølge Goksøy og Olstad tok kvinnene til å krevje større fridom i idrettssamanheng, og kvinneidealet utvikla seg i retning av ein meir «frigjort, rask og sporty kvinnetype».⁹¹

Tidleg på 1930-talet spelte kvinner ei stor rolle i idrettslivet på Nesodden. Der eksisterte det sokalla bryggeidrettslag som stod for organisering av aktivitetar på sommaren. Innan Blylaget Idrettsforening var det damene som først sette i gong med fotball då dei tok til å spele kampar i 1930 – tre år før deira mannlege kollegaar kom i gong.⁹² I samband med Blylaget sin kamp mot Fjeldstrand Idrettsforening sitt damelag i 1930 gjorde *Idrettsliv* ein reportasje om jentene frå Fjeldstrand. I reportasjen kom det fram at «Det spelles nok litt fotball av damer rundt omkring i landet, det vet vi fra tidligere», noko som indikerer at det ikkje var heilt uvanleg at damer spelte fotball.⁹³ Blylaget sine damer haldt fram med å spele, og i 1931 vart dei omtala i sjølvaste Aftenposten. Ein positivt lada notis omtala Blylaget som «Nesoddens beste damelag», etter å ha slått Hellvik IF 1-0. Blylaget «leverte flott fotball, og det er de som påstår det ikke finnes bedre damelag i Norge».⁹⁴ Notisen avslutta med ei utfordring som opna for at dei som ynskja å prøve seg mot Blylaget var velkomne. Det har diverre ikkje vore mogleg å finne ut av kor lenge desse jentene haldt fram med fotballspelinga. Det som kjem fram i *Blylagområdets historie* er at Blylaget sine damer gjekk frå siger til siger i *Nesodd-cupen*, og at damene i 1933 påstod dei var det beste damelaget i Noreg.⁹⁵

Det kjem tydeleg fram i *Blylagområdets historie* at damefotballen var sett på som noko positivt. Likevel må det leggest til at bryggefotball ikkje var som vanleg herrefotball, verken i dame- eller herreklassa. I bryggefotball spelte ein sju mot sju på eit høveleg jorde. For at det i det heile skulle vere mogleg å spele fotball måtte laga vente på at ein gardsbrukar slo åkeren, som ikkje måtte ha ein høgdeforskjell på meir enn 50 cm frå den eine enden til den andre.⁹⁶ Ut i frå speleforholda kan ein få inntrykket av at bryggefotballen ikkje var så seriøs. Dette var ikkje tilfellet skal ein tru Bjerklund, forfattern av *Blylagområdets historie*: «Alle Oslo-klubbenes beste spillere ble «kjøpt»

⁹¹ Goksøy & Olstad 2002: 80

⁹² Bjerklund 1997: 142

⁹³ *Idrettsliv* nr. 66 1930

⁹⁴ Aftenposten 06.08.1931

⁹⁵ Bjerklund 1997: 142

⁹⁶ Bjerklund 1997: 139

til de forskjellige bryggeklubber med «gratis» ferieopphold på Nesodden.»⁹⁷ Ut i frå sitatet ser det ut til at det er snakk om spelarar frå herrefotball, men det indikerer like fullt at bryggefotballen hadde ei viss prestisje.

Også i området rundt Hamar utvikla det seg eit miljø som kunne ha enda med ei form for organisering av kvinnefotballen. Det heile starta med ein showkamp i samband med St. Hans feiringa i Brumunddal i 1931. Då vart det arrangert «humoristisk fotballkamp»: «Damelag contra gubber».⁹⁸ Det var nokså vanleg at ein arrangerte fotballkampar mellom «spesielle» grupper, som eit slags humoristisk innslag. Utfallet av kampen mellom damene og gubbane er ikkje kjent, noko som tyder på at resultatet kom i andre rekke. Viktigare var symboleffekten kampen hadde for idrettsjentene i distriktet. Mange fekk sjå at damer kunne spele fotball, og kampen inspirerte jentene i miljøet rundt Hamar Idrettslag til å ta initiativ til å starte opp eit fotballag for kvinner. På Hamar var det mange jenter som ivra etter å spele fotball, slik dei hadde sett gutane gjere så mange gongar. Fleire av jentene hadde kjærastar som spelte på herre- eller gutelaget til Hamar IL, og nokre av gutane hjelpte til med å organisere treningane.⁹⁹

Nokre veker etter kampen mot gubbane var det Hamarjentene sin tur til å spele kamp. Debuten deira kom mot sjølvaste Bolton Wanderers. Det høyrer med til historia at denne utgåva av Bolton Wanderers hovudsakleg bestod av engelske turistar. Kampen gjekk på Domkirkeodden, og også denne gongen var damefotballen ein del av eit større arrangement. Arrangementet vart kalla «de Olympiske leke», og var eit stort friidrettsstemne med utøvarar frå heile landet.¹⁰⁰ Resultatet av denne kampen er heller ikkje kjent. I etterkant var lokalavisa oppmuntrande og ifølgje Hamar Arbeiderblad «gjorde Hamar Idrettslags damelag slik lykke sist søndag».¹⁰¹ Jentene som spelte fekk med dette ei positiv oppleving, og vart slik inspirert til å starte jakta på fleire kvinnelege motstandarlag. Det skulle vise seg å vere vanskeleg å finne motstandarlag i nærleiken. Heldigvis fanst det arbeidstakarar på Hamar som opphavleg var frå Kapp, og desse bidrog til å stable i saman eit lag derifrå. Då laga møttest i slutten av juli kunne ein lese i avisa at «Hamar damelag slo «Kappdamene»» 3-0.¹⁰² Resultatet kom ikkje som noko

⁹⁷ Bjerklund 1997

⁹⁸ Hamar Arbeiderblad 23.06.1931

⁹⁹ Thorkildsen 1993: 50

¹⁰⁰ Hamar Arbeiderblad 18.07.1931

¹⁰¹ Hamar Arbeiderblad 23.07.1931

¹⁰² Hamar Arbeiderblad 27.07.1931

overraskning ettersom jentene frå Kapp Idrettsforening var 3-4 år yngre enn dei 16 år gamle jentene frå Hamar.¹⁰³ Den store aldersforskjellen seier noko om kor vanskeleg det var for Hamarjentene å finne motstandarar. Fleire stader var det NFF som gjorde det vanskeleg å spele kvinnefotball, men på Hamar var det vanskane med å finne motstandarar i nærområdet som sette ein stoppar for utviklinga av kvinnefotballen.

Fleire andre stader i landet fanst det kvinner som spelte fotball frå 1928 og fram til midten av 1930-talet. Det finst spor etter damelag frå både nord, sør, aust og vestlandet . Felles for alle damelaga var at dei forsvann like fort som dei kom. Den manglande velviljen frå fotballforbundet sentralt, var nok ein av grunnane til dette. Historia til dameavdelinga i Idrettsforeningen Fløya i Tromsø illustrerer godt kva for haldningar som møtte fotballspelande kvinner på 1930-talet. I 1931 trengde Fløya-damene pengar til fane, og bestemde seg difor for å arrangere ein fotballkamp for skaffe inntekter gjennom publikum. Sidan det på denne tida ikkje vart sett på som anstendig eller normalt for kvinner å spele fotball eller andre anstrengande idrettar søkte dei Norges Fotballforbund om tillating – for å vere på den sikre sida.

Det varte og det rakk før fotballforbundet svarte på henvendelsen. Ettersom kampen var annonsert, måtte Fløya-damene bare spille – uten at NFF hadde gitt sin velsignelse. Det ble litt av en kamp mellom to lag av spillere fra Fløyas dameavdeling. Som ventet kom det masse nysgjerrige mennesker. Det ble skikkelig moro. Jentene stilte i strekkbukser og beksømsko, og publikum fikk en historisk og eventyrlig morsom fotballopplevelse.¹⁰⁴

Jentene frå Fløya fekk inn nok pengar til fane, og oppnådde slik sett hovudmålet sitt med kampen. Det var ikkje berre publikum som tykte det var moro med damefotball. Også spelarane hadde hatt det moro, og spelarane var interesserte i å få til fleire kampar. Dette skulle vise seg å vere lettare sagt enn gjort:

Flere kamper ville det også blitt hadde det ikke vært for at NFF satte en stopper for det. Noen dager etter kampen kom nemlig svaret på søknaden. Det etterlot ingen tvil: Damer fikk ikke spille fotball. Ikke bare var det uanstendig, damene kunne også pådra seg skader som gjorde at de ikke kunne føde barn. Fløya måtte derfor ikke tillate å slippe damer til på fotballbanen.¹⁰⁵

¹⁰³ Thorkildsen 1993

¹⁰⁴ Troms Fotballkrets 1994: 28

¹⁰⁵ Troms Fotballkrets 1994: 28-29

Brevet gav uttrykk for Norges Fotballforbund sine haldningar i klartekst. Etter Fløya tok imot brevet hadde dei ikkje anna val enn å skrinlegge planane sine.

Som nemnt tidlegare var arbeidaridretten meir liberal samanlikna med Landsforbundet, når det kom til kvinneidrett. Trass i at kvinner fekk noko meir spelerom innan arbeidaridretten, var det heller ikkje aktuelt med organisert kvinnefotball innan AIF. Også i AIF samanheng vart kvinnefotballen berre sett som eit humoristisk innslag ein kunne kose seg med ved spesielle høve. Dette var tilfellet då damefotballag frå arbeidaridrettslaga Frigg og Amatør fungerte som «det muntre innslag» under eit 1. mai arrangement i Bergen i 1933.¹⁰⁶ Ifølge referatet sette innslaget «publikums lattermuskler hårdt på prøve», slik herrane gjorde nesten 50 år tidlegare.¹⁰⁷

Etter den lovande starten på tiåret var det tilbakegang å spore i andre halvleik av 1930-talet. Likevel ser det ut til at kvinnefotballen heldt fram i det små, og nokre stader fins det kjelder som fortel om aktivitet i Noreg. Hovudsakleg dreia det seg om showkampar, oftast mellom menn og kvinner. Det hørde til sjeldanheitene at det var reine kvinnekampar som stod på programmet. Dette var tilfellet i 1938 då *Stavanger Aftenblad* annonserte at det skulle spelast damefotball mellom Klepp og Stavanger sine turndamer. Tidlegare hadde Klepp-damene vunne «overlegent over Nærbø-damene», noko som vitnar om ein viss aktivitet i området.¹⁰⁸ Felles for alle kampane var at dei gjekk med kvinner som ikkje primært var fotballspelarar. Dette seier seg eigentleg sjølv ettersom det knapt var noko som heitte kvinnefotball, men det er likevel eit poeng at kvinnene som spelte fotball oftast dreiv ein annan idrett.

Sett under eitt kan dei to første tiåra i norsk kvinnefotball si historie sjå ut som ein kamp det ikkje var mogleg å vinne. Det ser likevel ut til at det ikkje var noko unison einigheit om at fotball berre passa for menn. Fleire mannlege fotballspelarar skal ha støtta opp under jenter og kvinner som ynskja å spele fotball.¹⁰⁹ Nokre hjelpte også til med å organisere treningar for dei ivrigaste jentene. Heller ikkje alle i media var framande for å skrive i positive lag om kvinnefotball. Sjølv om oppslaga i dag ville blitt rekna som nedlatande var det oftast omtala som ei gladsak når jentene gjorde sine «spede forsøk på

¹⁰⁶ Goksøy & Olstad 2002: 82

¹⁰⁷ Goksøy & Olstad 2002: 82

¹⁰⁸ Stavanger Aftenblad 29.09.1938

¹⁰⁹ Thorkildsen 1993

å innføre damefotball». ¹¹⁰ Mykje av den positive omtala kan nok sjåast i samband med at forsøka på denne tida var prega av kvinnene si korte fartstid innan fotballen. Dei useriøse og humoristiske forsøka utgjorde aldri nokon reell trussel mot den meir seriøse herrefotballen. Så lenge det var på eit useriøst og ikkje minst ufarleg nivå, fekk ein del kampar dermed passere. Det er ikkje dermed sagt at ikkje fleire motstandarar av kvinnefotball hadde synt seg dersom dei kvinnelege spelarane hadde forsøkt å setje i gong organisert seriespel. Slik ville det i større grad blitt mogleg å samanlikne kvinnefotball og herrefotballen, noko som på denne tida truleg ville enda med mykje kritikk av kvinnefotballen. Kva som hadde skjedd om kvinnefotballen hadde fått sitt gjennombrøt på 1930-talet får me aldri svaret på, men at kvinnefotballen si utvikling vart knebla av dåtidas kvinnesyn og idrettens høge herrar er det liten tvil om. Mannlege leiarar i dei sentrale forbunda visste best, og når dei i tillegg krevja at klubbane nekta kvinnene å spele på banene var det lite å gjere. Det hjelpte nok heller ikkje utviklinga at kvinnene som ynskja å spele fotball ikkje hadde stønad frå sentrale organisasjonar, og dermed sat med alt ansvaret om dei ville arrangere kampar.

Sjølv om kvinnefotball oftast fekk positiv omtale i media var det førebels ingen som tok debatten og tala kvinnene si sak når dei møtte motstand frå sentralt hald. Slik eg tolkar det kan fråværet av ein diskusjon rundt kvinner sin rett til å spele fotball seie noko om at norske kvinner sin posisjon i samfunnet på denne tida var for dårleg til at dei i det heile hadde moglegheit til å kjempe om retten til å drive seriøs fotball. Om ein samanliknar med Sverige og England var spørsmålet oppe til debatt der. Spor etter nokon diskusjon i Noreg finn ein likevel ikkje før seint på 1950-talet.

3.3.2 Frå etterkrigstid til opptrapping

Denne delen vil sjå på utviklinga i norsk kvinnefotball frå slutten på andre verdskrig og fram til 1970-talet. Delen tek utgangspunkt i medieomtala av kvinnefotball i denne perioden, og eg vil forsøke å sjå samanhengar mellom medieomtala og utviklinga av kvinnefotball i Noreg.

Det ser ikkje ut til at det har vore spelt noko særleg kvinnefotball under andre verdskrig. Ettersom den organiserte norske idretten stod bak idrettsstreiken, var det kanskje naturleg at showkampane til kvinnene også tok ein pause. Allereie på hausten i 1945 var

¹¹⁰ A-Magasinet 21.09.1928

showkampane i gong att i Stavanger. Idrettslaga *Trygg og Byhaugen* sine damer spelte mot kvarandre i fotball, medan herrane i dei same klubbane spelte handball til inntekt for «familien Enoksen».¹¹¹ Året etter verdskrigen var over var det tid for ein ny milepæl i historia til norsk kvinnefotball. 1946 var første gong eit norsk damelag tok del i ein internasjonal kamp mellom to kvinnelag. Den 26. juni kunne ein i *Halden Arbeiderblad* lese at «Fotballjentene er blitt internasjonale».¹¹² Korrespondenten i Aremark kunne fortelje med «tydelig stoltheit i stemmen at jentene i Aremark – og da særlig fotballjentene – er noe av det likeste som finnes på våre kanter, og det sier ikke så rent lite».¹¹³ St. Hans-helga tok jentene frå Aremark turen til Lennartfors for å måle krefter med svenske fotballjenter. Kampen var ein suksess, og resultatet vart «en klar 3-1 seier til Aremark, og begeistringen hos det svenske publikumet var enorm».¹¹⁴ Det kjem fram i notisen at «en returmatch i Aremark» skulle arrangerast i «aller nærmeste framtid».¹¹⁵ Returkampen gjekk månaden etter, og her måtte jentene sjå seg slått 3-0 på heimebane.¹¹⁶ Sjølv om det kjem fram at damefotball var ein sjeldanheit i området, kan avisoppslaga i *Halden Arbeiderblad* tyde på at det var eit miljø for damefotball i Aremark. Journalisten gjer eit poeng av at reine fotballkampar for kvinner førekom «Så sjelden at jentene som regel må finne seg motstandere blant gutta», noko som tyder på at jentene spelte fotball sjølv utan kvinnelege motstandarar.¹¹⁷ Dette kan tyde på at norske fotballjenter sin første internasjonale kamp kom som følge av mangel på alternativ, framfor ynskje om variasjon i motstanden.

Det ser ikkje ut til at kvinnefotballen som vart spelt på førtitalet vart mykje omtala i media. Tolv år etter den internasjonale kampen i Aremark vart det hevda i *Fædrelandsvennen* at ein kunne sjå «Internasjonal damefotball i Kristiansand - For første gang i Norge».¹¹⁸ Kampen gjekk på Kristiansand Stadion i samband med eit stort arrangement til inntekt for Cerebral Parese. Kvinnene som representerte Kristiansand var handballjenter, medan motstandarane var eit dansk fotballag.

¹¹¹ Stavanger Aftenblad 17.11.1945

¹¹² Halden Arbeiderblad 26.06.1946

¹¹³ Halden Arbeiderblad 26. 06. 1946

¹¹⁴ Halden Arbeiderblad 26.06.1946

¹¹⁵ Halden Arbeiderblad 26.06.1946

¹¹⁶ Halden Arbeiderblad 15.07.1946

¹¹⁷ Halden Arbeiderblad 03.07.1946

¹¹⁸ Fædrelandsvennen 04.08.958

I etterkrigstida spelte kvinner framleis hovudsakleg showkampar, og det ser ut til at det var liten utvikling innan kvinnefotballen fram til slutten av 1950-talet. I 1958 kunne ein for første gong i Noreg sjå ein mann tale kvinnelege fotballspelarar si sak i media. Knud Lundberg gjekk inn for damefotball, og spurde «Hvorfor skal fotball være forbeholdt mennene?» i Fædrelandsvennen.¹¹⁹ Knud Lundberg var ein tidlegare dansk fotballspelar - som etter karrieren ga ut bøker m.m. – og vart kalla fotballprofessor. Artikkelen hans var opphavleg på trykk i den danske Social-Demokraten. Slik sett var nok ytringane hans i utgangspunktet mynta på det danske publikummet. At Fædrelandsvennen likevel valde å trykke artikkelen kan tyde på at nokon i redaksjonen støtta saka. Sjølv om Lundberg var tidleg ute med å støtte kvinnefotball, fortel ytringane hans litt om kva for haldningar som råda på denne tida:

Piken selv skal ha lov til å bestemme hvilken idrettsgren de skal gå inn for når de har gleden av det og idretten ikke er skadelig. Det er vanskelig å gå inn for en idrett som krever kraft uten å miste den kvinnelige sjarme, men det gjelder en rekke andre idretter som kvinnene allerede har fått hevd på. Og når det gjelder fotball, kan den dyrkes langt mer grasiøst enn mye annet. Som kjent er det ikke en fast regel at kraft og hurtighet gjør fotballspillet bedre.¹²⁰

Lundberg sin artikkel vart også publisert i Arbeiderbladet same månad, noko som kan indikere at ein var kome eit steg nærare ein diskusjon kring kvinner sin rett til å spele fotball også i Noreg.¹²¹ Artikkelen til Lundberg kom ut i Fædrelandsvennen same året som avisa dekkja «Internasjonal damefotball i Kristiansand» på sommaren. Det er vanskeleg å seie om dette heng saman med at nokon i Fædrelandsvennen var positivt innstilt til kvinnefotball, men dei var vertfall ei av få norske aviser som skreiv om kvinnefotball på 1950-talet. Seinare same hausten kunne ein på sportssidene i Fædrelandsvennen sjå overskrifta «Farlig med kvinnefotball».¹²² Nyheitssaka handla om ein velgjerderskamp mellom to damelag i England, som enda i slåsskamp. Både spelarar og tilskodarar deltok i slåsskampen, og fleire spelarar vart skadde. Den same kampen provoserte fram fleire kritiske overskrifter i avisene, som til dømes: «Sånn går det når en lar kvinnfolk spille mannfolkspill»¹²³, og «Når kvinnene spiller fotball. En dame ble liggende på banen – resten sloss».¹²⁴ Slike negativt ladde artiklar var ikkje

¹¹⁹ Fædrelandsvennen 14.01.1958

¹²⁰ Fædrelandsvennen 14.01.1958

¹²¹ Arbeiderbladet 08.01.1958

¹²² Fædrelandsvennen 23. 09.1958

¹²³ Halden Arbeiderblad 24.09.1958

¹²⁴ Rana Blad 26.09.1958

uvanleg å sjå i norske aviser på 1950- og 1960-talet. Fleire gonger skreiv norske aviser om sokalla skandalekampar frå England, der grisespel og dommarkrangling førte til at damekampane enda i bråk. Medieomtala kvinnefotball fekk i norske aviser tyder på at haldningane til kvinnefotball i Noreg ikkje hadde blitt stort betre enn kva dei var før krigen. Ein kan sjå føre seg at eit slikt fokus i norske aviser kan ha bidrege til å forsterke negative haldningar til kvinnefotball blant den norske befolkninga.

På den andre sida fanst det aviser som fortalde om kvinnefotballen si store utvikling i andre europeiske land. Fædrelandsvennen rapporterte at både italiensk og dansk damefotball hadde «vind i seilene», og det tok ikkje lang tid før dei danske fotballdamene etterlyste ein landskamp mot Noreg.¹²⁵ Sommaren 1960 var det eit stort oppslag i *Adresseavisen* om at «Danske fotballpiker vil ha landskamp mot Norge!».¹²⁶ Vidare kunne ein lese at kvinnefotballen i Danmark var i vekst, og hadde fått 50 nye klubbar det siste året. Artikkelen skilde seg frå tidlegare artiklar ved at den presenterte kvinnefotball som seriøs idrett. Dei danske kvinnene vart også møtt med skepsis frå mannlege forståesepåarar, men hadde no fått eit gjennombrøt ved å få lov til å spele i *Idrætsparken*, «fotballens høyborg i Danmark».¹²⁷ Same år vart det arrangert uoffisielt cupmeisterskap for kvinner i Danmark. Dette tyder på at dansk kvinnefotball hadde eit stykke å gå, ettersom dei framleis ikkje var anerkjent av *Dansk Idrætsforbund*.¹²⁸ Hovudproblemet med å arrangere landskamp mot Noreg var at det ikkje eksisterte noko landslag her i landet. Dei danske jentene var truleg klar over dette, og det var nok meir å rekne som ei utfordring. I artikkelen frå *Adresseavisen* kjem det fram at dei danske jentene «mente det var lettere å få med de norske pikene enn de svenske. De er så konservative ble det sagt».¹²⁹ Ein kan tolke desse utsegna som eit forsøk på å provosere fram handling frå Noreg si side. Om dei svenske jentene var å rekne som konservative i 1960, skulle historia likevel syne at utviklinga gjekk kjappare i Sverige i åra som kom. Mot slutten av 1960-talet tok svensk damefotball store steg i sportifiserande retning, og ein starta opp fleire damefotballseriar. I 1970 fekk svenske damefotballspelarar innpass i det svenske fotballforbundet. Dette vart starten på ei enorm utvikling innan svensk kvinnefotball. Det svenske fotballforbundet gjekk frå å ha 728 lisensierte damespelarar i

¹²⁵ Fædrelandsvennen 04.11.1958

¹²⁶ Adresseavisen 17.06.1960

¹²⁷ Adresseavisen 17.06.1960

¹²⁸ Adresseavisen, 17.06.1960

¹²⁹ Adresseavisen 17.06.1960

1970, til 9387 i 1972.¹³⁰ I 1973 vart den første offisielle svenske meisterskapen arrangert, og same år spelte dei svenske fotballdamene sin første offisielle landskamp mot Finland.¹³¹ Det kan sjå ut til at utviklinga i Sverige og Danmark kan ha inspirert nordmenn til å trappe opp kampen for kvinner sin rett til å spele fotball.

Medieoppslaga om framsteg innan internasjonal damefotball kan også ha vore med på å inspirere norske jenter og kvinner til å krevje retten til å spele fotball. I november 1969 vart det spelt europacup-finale for kvinner i Italia. Dette må ha vore sett som ei viktig hending i damefotballen si historie ettersom rekordmange norske aviser skreiv om «Den første europacup-finalen i fotball for damer».¹³² Sidan dei aller fleste nasjonale fotballforbunda ikkje var villige til å ta opp kvinnefotball, vart turneringa arrangert av FIEFF.¹³³ Framfor 12000 tilskodarar i Torino, tapte det danske laget BK Femina 3-1 for det italienske landslaget.¹³⁴ Turneringa vart rekna som ein sportsleg og økonomisk suksess, noko som førte til at FIEFF året etter arrangerte den første uoffisielle verdsmeisterskapen i kvinnefotball. 50000 tilskodarar såg BK Femina vinne VM-finalen i Italia i 1970.¹³⁵

3.4 Internasjonale forhold

Det var ikkje berre i Noreg at kvinnefotballen møtte motstand frå menn i sentrale posisjonar. Om ein ser til nasjonar me vanlegvis likar å samanlikne oss med når det kjem til fotball, kjem det fram at kvinner i desse landa også måtte kjempe mot sosial urettferd. Følgande underkapittel vil kort sjå på framveksten av kvinnefotball i utlandet. Slik får ein noko å samanlikne med og ein kan få eit større perspektiv på framveksten av kvinnefotball.

3.4.1 Framveksten av kvinnefotball i England og Sverige

Denne delen tek kort føre seg korleis framveksten av kvinnefotball vart motteke i England og Sverige. Mange reknar desse nasjonane som våre næraste fotballnaboar. Difor kan vere nyttig å sjå på haldningane hjå fotballforbunda og pressa i desse landa, ettersom det truleg spelte inn på korleis kvinnefotballen vart motteken i Noreg.

¹³⁰ Hjelm 2004: 31

¹³¹ Hjelm 2004: 31

¹³² Arbeiderbladet 05.11.1969

¹³³ FIEFF-Federation of Independent European Female Football

¹³⁴ Arbeiderbladet 05.11.1969

¹³⁵ Hjelm 2004

Heilt sidan fotballen kom til Noreg frå Storbritannia, har norsk fotball ofte sett til dei britiske øyer for inspirasjon. Ein kan til og med seie at nordmenn har beundra og sett opp til britane i fotballsamanheng, noko Goksøyrt omtalar som ei ukritisk dyrking av engelsk fotball.¹³⁶ Kvinnefotballen vaks fram i England under og etter første verdskrig. Rundt på privatskulane var det riktig nok nokre tilfelle av damefotball så tidleg som på slutten av 1800-talet, men under krigen opna det seg moglegheiter også for kvinner frå arbeidarklassen.¹³⁷ I løpet av krigsåra vart det spelt mange velgjerdskampar mellom engelske damelag. Kampane var svært populære, og damene tente inn enorme summars til velgjerdsføremål – ifølge Williams ville summane tilsvara millionar av pund i 2003.¹³⁸ Slutten på krigen var ikkje einstyndande med at speleiveren tok slutt. Damefotballen i England heldt fram med å vekse også i åra etter krigen.

I 1920-21, var det ifølge Russell ein reell sjans for at kvinnefotballen kunne slå rot og få sitt definitive gjennombrøt.¹³⁹ Mot slutten av 1921 var det over 150 damelag i England, som hovudsakleg spelte vennskapskampar og velgjerdskampar. Damefotballen vart ein populær publikumsidrett, og nokre av dei mest populære damelaga trakk store tilskodartal. På *Boxing Day* 1920, kom det 53,000 betalande tilskodarar for å sjå *Dick, Kerr* spele mot *St. Helens* i ein velgjerdskamp på *Goodison Park*.¹⁴⁰ Sjølv om dei høge tilskodartala delvis kan forklarast med at kampane gjekk til velgjerdsføremål, er det liten tvil om at det var grunnlag for at damefotballen kunne utvikle seg vidare i England. Det kan sjå ut som om det var ein samanheng mellom kvinnefotballen si aukande oppslutning, og den aukande kritikken frå det innverknadsrike FA. I løpet av 1921 kritiserte FA damefotballen ved fleire høve, og i desember tok dei avgjerda som fekk katastrofale følger for damene: Damelag fekk ikkje lengre nytte baner som hørte til klubbar som var tilslutta FA.¹⁴¹ Med lovendinga gav FA sterkt uttrykk for at fotballspelet ikkje egna seg for kvinner. Det kan argumenterast for at FA sine drastiske handlingar var ein konsekvens av at kvinnefotballen var i ferd med å utfordre mannen sin posisjon innan fotballen og samfunnet elles. Sjølv om motstanden frå FA var eit hardt slag for dei engelske fotballdamene, gav dei ikkje opp. Fleire lag fortsette å spele på baner som ikkje var underlagt klubbar i FA, og damene forsøkte å halde oppe

¹³⁶ Goksøyrt 2013: 805

¹³⁷ Russell 1997: 95

¹³⁸ Williams 2003: 33

¹³⁹ Russell 1997: 96

¹⁴⁰ Russell 1997: 96

¹⁴¹ Russell 1997: 97

aktiviteten ved å danne sitt eige fotballforbund.¹⁴² Likevel var lovendinga ein skikkeleg bremsekloss for den positive utviklinga, og det gjekk mange tiår før kvinnefotballen fekk sin renessanse i England.

I fotballsamanheng har Sverige vore som ein storebror for Noreg frå dei slo oss 11-3 i vår første landskamp i 1908.¹⁴³ Under første verdskrig såg damefotballen dagens lys i Sverige. I 1917 diskuterte ein i *Gøteborgs-tidningen* moglegheitene for å starte opp konkurransefotball for kvinner i Gøteborg.¹⁴⁴ Til å byrje med etterlyste damene hjelp til å danne fotballag, og håpa på stønad frå etablerte fotballklubbar som IFK Gøteborg og GAIS.¹⁴⁵ Initiativet frå damene fekk ein av gøteborgfotballens mest innverknadsrike menn til å reagere. Hugo Levin, formann i Gøteborgs Fotballforbund og styremedlem i det svenske fotballforbundet, arrangerte eit møte der damefotballen skulle diskuteras. Møtet tok ein uventa vending og dei rundt 60 fotballinteresserte kvinnene som møtte fram fekk seg ei overrasking då Levin forklarte at fotball var ein upassande idrett for kvinner. Levin meinte kvinner heller burde drive idrettar som landhockey og bandy. Resultatet var at *Gøteborgs damers bollklubb* vart stifta, og klubben enda opp med bandy og landhockey på programmet.¹⁴⁶ I 1918 vart den første fotballkampen mellom to svenske damelag spelt i Stockholm. Kampen vart ikkje godt motteke i Stockholmsavisene, og journalisten i det svenske idrettsbladet *Nordiskt Idrottslif* gav uttrykk for si meining i klartekst:

Det fins icke ord nog starka att fördöma kvinnlig fotboll – om flickorna eller deras förespråkare vilja tagas på allvar. Gärna må de klä sig i gymnastikbyxor och sparka till en lämplig boll då och då, men för all del, icke under anspråk på att detta skall hava något med fotbollsspel att göra. Redan en hel del annan kvinnlig tävlingsidrott är fullkomligt förkastlig och den förkastligaste av dem alla skulle den kvinnliga fotbollen bliva.¹⁴⁷

Om slike haldningar var vanleg i Sverige, ser det ikkje ut til at det var lettare for svenske kvinner å få innpass enn for dei norske. På same måte som i Noreg var det berre akseptabelt å drive kvinnefotball på eit useriøst nivå, som til dømes i kampar mot oldboyslag eller andre «spesielle» lag. Trass i motstanden kvinnelege fotballspelarar i

¹⁴² Russell 1997: 98

¹⁴³ Goksøy & Olstad 2002: 384

¹⁴⁴ Hjelm 2004: 23

¹⁴⁵ Hjelm 2004: 23

¹⁴⁶ Hjelm 2004: 23

¹⁴⁷ Attgjeve i Andersson 2002: 312

Sverige møtte, var det framleis nokon som ikkje ville nøye seg med å spele useriøse showkampar. I perioden 1918-1921 fanst det svenske kvinner som prøvde å få i gong seriøs damefotball.¹⁴⁸ Svenskane var inspirert av dei engelske fotballdamene. Dermed var det eit stort tilbakeslag også for svensk damefotball, då det vart kjent at FA hadde avgjort at damelaga ikkje lengre fekk nytte same banene som herrelaga. Signaleffekten var stor når det mest innverknadsrike fotballforbundet i verda tok eit så tydeleg standpunkt mot kvinnefotball. På sett og vis var lovendringa med på å bekrefte at fotball var ein idrett for menn, noko også *Idrottsbladet* sa seg einige i då dei formidla FA si avgjerd.¹⁴⁹ Kombinasjonen av FA si avgjerd og motstand frå makteliten i den svenske fotballkulturen gjorde det vanskeleg for damene å spele seriøse kampar mot kvarandre. På grunn av dette kunne ein ikkje lage seriespel, og ein fekk ikkje utvikla kvinnefotballen i sportifiserande retning. Rett nok fekk damene lov til å spele fotball dei neste tiåra, men berre showkampar der pengane gjekk til velgjerande føremål. Sjølv om ein på 1950-talet hadde tilfelle av mindre turneringar i Sverige, måtte ein vente til slutten av 1960-talet før sportifiseringsprosessen kom i gong for alvor.¹⁵⁰

Ein bør ikkje undervurdere ringverknadene av at fotballeiarane i to av nasjonane med mest innverknadskraft på norsk fotball gav tydeleg uttrykk for sine negative haldningar til kvinnefotball. Det kan ha spelt ei rolle at desse haldningane vart kjente før norske kvinner i det heile fekk gitt kvinnefotballen eit forsøk. Utgangspunktet i Noreg var allereie dårleg, då Noreg ikkje var å rekne som nokon føregangsnasjon når det kom til kvinneidrett. Felles for mange nasjonar var at menn i maktposisjonar sat med definisjonsmakta, og hadde moglegheit til å definere kva fotball var, og kven spelet passa for.

3.4.2 Ringverknader av FA si lovendring i resten av verda

Denne delen tek utgangspunkt i dei få oppslaga ein finn om kvinnefotball frå utlandet i norske aviser. Eg vil her forsøke å syne at haldningane i det engelske fotballforbundet truleg har spelt ei rolle for korleis kvinnefotball vart motteke i andre nasjonar. Det var ikkje nokon internasjonale fotballforbund som la føringar for kvinnefotball. FIFA var ikkje interessert i kvinnefotball, og UEFA engasjerte seg ikkje før utpå 1970-talet. Dei

¹⁴⁸ Hjelm 2004: 24

¹⁴⁹ Hjelm 2004: 24

¹⁵⁰ Hjelm 2004: 29-31

nasjonale forbunda hadde slik sett moglegheit til å behandle kvinnefotball på den måten dei måtte ynskje.

Avgjerda til FA skulle vise seg å inspirere fotballforbund frå fleire europeiske nasjonar til å gjere liknande grep. I Nederland starta kvinnene eit eige forbund for kvinnefotball, og i mai 1955 kunne Dagbladet melde om at «Damefotball trives godt i Nederland, og sesongen er i full gang».¹⁵¹ I den same avisa kom det også fram at «Forbundets ledelse og funksjonærer er også damer, og herrer har absolutt ikke adgang».¹⁵² Damefotballforbundet sin plan var å spele privatkamper i 1955, og kome i gong med seriespel i 1956. Dette ville ikkje det Nederlandske fotballforbundet ha noko av, og i oktober 1955 kunne Fædrelandsvennen melde om at det ikkje vart meir kvinnefotball:

Det hollandske fotballforbundet har med gremmelse sett at damene har startet sitt eget fotballforbund, og offentliggjort at de vil spille egen serie. Et lyst hode i forbundet (herrenes forbund), har funnet ut hvordan en skal sette en stopper for damenes energi. Alle klubber i Holland har fått beskjed om å nekte kvinnelige fotballklubber å leie banen. Kvinnelig fotball har ingen ting med Sport å gjøre, mener forbundet, og synes det er en rettferdig ordning.¹⁵³

Her kan ein sjå tydelege likskapstrekk til korleis FA sette ein stoppar for kvinnefotballen over 30 år tidlegare. Det er sjølvstykkt ikkje slik at FA si avgjerd åleine var årsaka til at det var vanskeleg for kvinnefotballen å vekse fram i andre land. Det er nok meir samansett. Kvinna si rolle i samfunnet og idretten generelt har nok også spelt inn. Likevel er det naivt å tru at ulike nasjonar sine fotballforbund ikkje påverkar kvarandre. Til dømes syner historia at dei britiske fotballforbunda har spelt ei sentral rolle for korleis fotball vert spelt verda rundt. Trass i FA sin sentrale posisjon, var det sjølvstykkt mogleg for dei ulike fotballforbunda å ta avgjerder som skilde seg frå det som var sett på vanleg. Likevel var det uvanleg, og moglegheita til å gå eigne vegar har vorte mindre med globaliseringa innan fotballen. Norske aviser si omtale av kvinnefotballen frå Cuba og Brasil illustrerer moglegheita for å gå i si eiga retning. I 1954 skreiv Aftenposten om kvinnefotball på Cuba:

Cuba er visst det eneste land hvor kvinnefotball omfattes med enda større interesse enn mennenes spill. Kvinnefotballsporten er allerede kommet så langt, at det både arrangeres store mesterskaps kamper og regelmessige landskamper.

¹⁵¹ Dagbladet 27.05.1955

¹⁵² Dagbladet 27. 05.1955

¹⁵³ Fædrelandsvennen 22.10.1955

Nylig ble en kamp mellom fotballamazonenes beste lag fra Cuba og Costa Rica overvært av ikke mindre enn 30 000 tilskuere.¹⁵⁴

Tidleg på 1970-talet var kvinnefotballen på gang i fleire europeiske land. Dette var også tilfellet i Brasil, verdas mest suksessrike fotballnasjon på herresida. Det ser ut til at utviklinga av kvinnefotballen i Brasil møtte endå sterkare motstand enn kvinner hadde opplevd tidlegare. I 1970 kunne ein lese i Dagbladet at den brasilianske regjeringa greip inn for å setje ein stoppar for fotballkvinnene:

Mens fotball for damelag andre steder i verden synes å bli stadig mer populær, har Brasil gått den motsatte veien. Regjeringen i Brasilia har nå forbudt damefotball i sitt land, angivelig fordi den skulle være umoralsk. Det meldes om sterke protester fra 30 klubber og om lag 2000 fotballdamer.¹⁵⁵

3.5 Frå Levermyrskampen til opptak i NFF

I det norske mediearket i 1970 ser det ut til at det var relativt stor einigheit om at kvinnefotball i Noreg var noko nytt. Mange har rekna kampen mellom Amazon Grimstad og BUL i 1970 som den første fotballkampen for kvinner i Noreg. Me veit no at dette er eit stykke unna sanninga. Så kvifor er det akkurat denne kampen som har gått inn i historiebøkene som den første fotballkampen for kvinner i Noreg? Denne delen vil sjå nærare på kva som skjedde under opptakten til den organiserte kvinnefotballen, og om den «nye» kvinnefotballen drog med seg noko av det useriøse stempelen inn i diskusjonen kring kvinnefotball som fann stad på 1970-talet.

3.5.1 1970 – ein slags renessanse for kvinnefotballen

Ut i frå utviklinga i mediearket ser det ut til at opptakten til den organiserte kvinnefotballen i Noreg starta i 1969. Mellom anna etterlyste ein journalist i Nationen kvinnefotball på norsk jord: «når kan vi ønske det danske kvinnelandslaget i fotball velkommen på Ullevål?».¹⁵⁶ Det skulle ta nesten ti år før det danske kvinnelandslaget kom til Oslo for å spele landskamp. Ifølge Thorkildsen starta opptakten på klubbnivå då Målfrid Kuvås (BUL), og Roy Sørskott (Jerv) byrja planlegginga av kampen som av mange vert sett på som vendepunktet for norsk kvinnefotball.¹⁵⁷ Trønderjenta Kuvås hadde spelt fotball som ungjente, men etter ho flytta til Oslo enda ho opp med handball,

¹⁵⁴ Aftenposten 02.09.1954

¹⁵⁵ Dagbladet 19.02.1970

¹⁵⁶ Nationen 19.07.1969

¹⁵⁷ Thorkildsen 1993

skøyter og friidrett. Tilfeldigheiter førte til at Kuvås fatta interesse for fotballen att. Hausten 1969 vart ho spurt om «å hjelpe til med å skaffe noen amerikanske friidrettsfolk til et stevne som skulle gå i Grimstad». ¹⁵⁸ Under planlegginga av *Levermyrsdagene* vart Sørskott og Kuvås einige om at «det kunne være morsomt» å få i stand to damelag som kunne spele forkamp før friidrettsstemnet. ¹⁵⁹ På denne tida eksisterte det ingen damefotballklubbar i Noreg. Men, på årsfesten til Jerv same hausten, lova ildsjelen Sørskott herrespelarane at dei neste år skulle få følge av eit damelag. ¹⁶⁰ Då nokre jenter våren etter lurte på kvar fotballaget vart av, tok Sørskott turen på handballtrening og spurde handballjentene om dei ikkje kunne spele ein fotballkamp under Levermyrsdagane i juli. ¹⁶¹ Det er lite som tyder på at BUL-jentene i utgangspunktet var tiltenkt ei rolle i kampen. Så seint som i mai uttala Sørskott at Amazon hadde problem med å finne ein motstandar. ¹⁶² Nokre dagar seinare melde Aftenposten at Tvedestrand og Arendal hadde stifta lag eit par dagar etter Amazon. Då såg det ut til at Tvedestrand skulle møte Amazon under Levermyrsdagane, og at dei rekna med å få spele returkamp «under Tvedestrandsfesten». ¹⁶³ Drygt to veker før arrangementet såg det ifølge A-Magasinet ut til at Amazon også skulle møte laget frå Arendal. Ut i frå dette kan det sjå ut til at det var tilfeldigeheiter som førte til at handballjentene frå BUL enda opp som vinnarar av kampen som «kom til å bli oppfattet og presentert som kvinnefotballens fødsel i Norge». ¹⁶⁴ I eit forferdeleg regnvêr møtte over 5000 tilskodarar fram til arrangementet. Etter stemnet skreiv Grimstad Adressetidende følgande om kampen: «At det blir en begivenhet som kommer til å bli husket lenge, tviler vi på». ¹⁶⁵ Dei kunne ikkje teke meir feil.

Mange har hevda at Levermyrskampen signaliserte starten på den organiserte kvinnefotballen i Noreg. Likevel fins det kjelder som tyder på at utviklinga av kvinnefotball allereie var i gong før denne kampen. Om ein søker på ord som «kvinnefotball» og «damefotball» i den digitaliserte databasen til Nasjonalbiblioteket, kjem det fram at det var ei betydeleg auke i medieomtala av fotball for kvinner i norske aviser frå og med 1969. Blant anna stod det at svenskane var komne i gong med

¹⁵⁸ Jensen 1984: 32

¹⁵⁹ Jensen 1984: 32

¹⁶⁰ A-Magasinet 27.06.1970

¹⁶¹ Aftenposten 06.05.2006

¹⁶² Aftenposten 20.05.1970

¹⁶³ Aftenposten 25.05.1970

¹⁶⁴ Goksøyr & Olstad 2002: 85

¹⁶⁵ Grimstad Adressetidende 14.07.1970

kvinnefotball, og at det danske laget BK Femina møtte Italia i europacupen. Rett nok var det først i etterkant av kampen mellom BUL og Amazon Grimstad i 1970 at mediedekninga eksploderte. Det gjev eit godt bilete på utviklinga at ein finn fleire treff på «damefotball» og «kvinnefotball» i 1970 enn på dei 50 føregåande åra til saman. Dette kan indikere at hovudskilnaden mellom Levermyrskampen og dei tidlegare kampane var kombinasjonen av godt PR-arbeid og god timing, i den forstand at kvinnefotballen var i ferd med å utvikle seg.

Allereie tre månader før Levermyrsdagane vart programmet presentert i Fædrelandsvennen. Amazonene hadde ikkje eingong byrja å trene på dette tidspunktet. I samband med presentasjonen uttala Sørskott: «Fra før er der kvinnelige fotball-lag i Sverige og Danmark, men dette blir det første i Norge, såvidt jeg vet.»¹⁶⁶ Dette indikerer at sjølv om det hadde vore spelt ein del fotball dei førre femti åra, hadde ikkje kvinnefotballen sett varige spor. Sørskott sine ytringar seier også noko om kor lite mediedekning kvinnefotballen hadde hatt dei siste 50 åra. Likevel er det merkeleg at ingen på Sørlandet reagerte på desse utsegna, då Fædrelandsvennen 12 år tidlegare dekkja ein internasjonal damekamp i Kristiansand. Det er mogleg Sørskott sikta til at Jerv var den første klubben til å opprette ei sjølvstendig dameavdeling for fotball.

Det er fleire ting som tyder på at PR-arbeidet i samband med Levermyrskampen var spesielt godt. At kampen både før og etter han vart spelt fekk status som «den første offisielle norske fotballkamp for kvinner», sjølv utan at NFF involverte seg, er bevis på dette.¹⁶⁷ Historia syner at mange hadde grunn til å føle seg «snytt» for tittelen. Det vart til og med spelt damekampar tidlegare same året.

I samband med idrettens dag i Haugesund vart det planlagt «stor-show på Stadion», der damefotball var ein sentral del av programmet.¹⁶⁸ Kvinner frå dei ulike klubbane i Idrettsalliansen i Haugesund danna to lag som skulle møtast til kamp i «sporten som en vel aldri har forbundet med annet enn det sterke kjønn». Samanlikna med tidlegare damekampar fekk kampen mykje omtale. Eit stort oppslag i Haugesunds Avis fortalte at no var «Damefotball i skuddet i Haugesund».¹⁶⁹ Etter kampen melde same avis at

¹⁶⁶ Fædrelandsvennen 14.04.1970

¹⁶⁷ A-Magasinet 27.06.1970

¹⁶⁸ Haugesunds Avis 19.05.1970

¹⁶⁹ Haugesunds Avis 21.05.1970

damene som debuterte i sporten gjorde «stor lykke», samt «leverte en imponerende innsats og laget fin underholdning».¹⁷⁰ I tida etter kampen vart damefotball stadig meir populært, og det vart spelt fleire kampar i området. Haugesunds Avis tillét seg å spørje om damefotballen var «Først på våre kanter?».¹⁷¹ Først meinte dei også å ha vore i Bergen. I samband med 25-årsjubileet til Idrettslaget Sandviken i juni, spelte handballdamene til Brann og Sandviken fotballkamp på Stemmemyren.¹⁷² Roald «Kniksen» Jensen var domar, og kampen var eit av mange underhaldningsinnslag.

Forutan det gode PR-arbeidet er det vanskeleg å seie kva som skilde Levermyrskampen frå kampane i Haugesund og Bergen. På same måte som damekampar ein hadde sett tidlegare, vart også Levermyrskampen omtala som eit «originalt og morsomt innslag».¹⁷³ Utsegna til Kuvås understrekar dette: «Ingen av dem hadde engang tenkt på å handle inn fotballstøvler, og de måtte spille i joggesko med sokkene trukket utenpå for å få feste!»¹⁷⁴ Alle dei tre kampane var morosame innslag i eit større arrangement, og om nokon av dei i større grad vart rekna som hovudattraksjon enn andre, ser det ut til å ha vore Haugesundskampen. Heller ikkje reglane skilde seg nemneverdig frå tidlegare forsøk, då alle kampane hadde vesentleg kortare speletid enn ein nytta i herrefotballen. Som Goksøy og Olstad skriv, er det eit poeng at «Fra den søkkvåte banen i Grimstad skulle det gå en ubrutt linje til den organiserte kvinnefotballen og til triumfen i Sydney». Ut i frå dette poenget kunne ein likevel starta å trekke denne linja to månader før. Om ein skal trekke fram noko utanom PR-arbeidet som skilde Levermyrskampen frå dei andre, må det vere Målfrid Kuvås si involvering. Den sentrale rolla Målfrid Kuvås og BUL kom til å spele for norsk kvinnefotball i åra som kom kan nok vere med på å forklare kvifor Levermyrskampen fekk sitt ettermæle. Likevel forklarar ikkje dette kvifor avisene allereie før kampen omtala han som den første offisielle kampen.

3.5.2 Målfrid Kuvås – norsk kvinnefotballs mor

Målfrid Kuvås er i ettertid kjent som «kvinnefotballens mor» i Noreg.¹⁷⁵ På same måte som Kuvås representerte ei stor utvikling innan kvinnefotballen, symboliserer ho også utviklinga av kvinnerolla på denne tida. Frå ho flytta til Oslo som 18-åring i 1960 byrja

¹⁷⁰ Haugesunds Avis 23.05.1970

¹⁷¹ Haugesunds Avis 03.08.1970

¹⁷² Bergens Tidende 03.06.1970

¹⁷³ Goksøy & Olstad 2002: 85

¹⁷⁴ Jensen 1984: 32

¹⁷⁵ Paterson 2010

ho å involvere seg på leiarsida i idretten. Same året vart ho medlem av handballstyret i BUL. Dei neste 20 åra gjekk Kuvås frå det eine vervet til det andre. Frå ho leia BUL som kaptein i Levermyrskampen, var ho ein av dei store drivkreftene innan kvinnefotballen. Som leiar for damefotballen i BUL, tok Kuvås i 1975 initiativ til å få kvinnelaget til BUL inn i NFF. Kuvås sin søknad vart avvist, noko som førte til ei intensivering i kampen for kvinnefotball.

3.5.3 Veggen mot aksept i NFF

I tida etter kampane i 1970 fortsette ballen å rulle, og det byrja ein kamp om å oppnå innpass i NFF. No var det ingen tvil om at damene meinte alvor, og haldningar som hadde vore gjeldande i nesten hundre år vart utfordra.

Året etter Levermyrskampen tok norsk kvinnefotball eit stort steg i retning organisering og opptak i NFF. I 1971 arrangerte Frigg og Dagbladet den første uoffisielle noregsmeisterskapen for kvinner. 16 lag deltok, noko som var relativt mykje på denne tida. Likevel må det understrekast at den uoffisielle meisterskapen hadde eit useriøst preg dei første åra. Arrangementet byrja som eit humoristisk underhaldningsinnslag, og for dei fleste deltakarane var dette hovudsakleg moro, då veldig få hadde noko særleg fotballerfaring. Per Pettersen (Frigg) var Noreg sin første landslagstrenar for kvinner frå 1978. Då Frigg byrja å arrangere uoffisielle noregsmeisterskap for kvinner spelte han på herrelaget i klubben, medan kona hans spelte på damelaget. Han beskriv meisterskapen slik: «I utgangspunktet hadde arrangementet en humoristisk innfallsvinkel, men etterhvert skjønnte vi at jentene hadde kolossal glede av dette her, at det var moro å spille fotball.»¹⁷⁶ Om ein ser nærare på kven som vann meisterskapen dei første åra kan det fortelje oss noko om kor langt kvinnefotball var kome i sportifiseringsprosessen. Spelarane på Vestar og BUL bestod i utgangspunktet av handballspelarar, og då Vestar vann turneringa i 1972 hadde brorparten av spelarane vorte Noregsmeisterar i handball tidlegare på året.¹⁷⁷ Saman delte desse klubbane cup-tittelen mellom seg dei første seks åra. At handballspelarar dominerte på denne måten hang nok saman med at fotball for kvinner var lite utbreidd. Sjølv om det vart arrangert langt fleire fotballkampar enn tidlegare, var aktiviteten framleis tabubelagt. Trass i at haldningane til kvinneidrett hadde utvikla seg, var ein ikkje komen lengre enn at mange jenter måtte forsøke å skjule

¹⁷⁶ Pettersen 2014

¹⁷⁷ Dagbladet 26.06.1972

at dei gjekk på fotballtrening.¹⁷⁸ Nokre måtte skjule deltakinga frå foreldra sine, medan andre skjulte det frå handballtrenaren sin.¹⁷⁹

Fotballmiljøet i Frigg stod sentralt i utviklinga av kvinnefotballen på 1970-talet. I Frigg byrja det med at fleire av handballjentene frå dameavdelinga ville spele fotball på sommarhalvåret. Sentrale personar frå fotballmiljøet i Frigg var positivt innstilt til kvinnefotball, og damene i klubben fekk moglegheit til å spele oppvarmingskampar før heimekampane til herrelaget. Slik etablerte Frigg eit kontaktnett for kvinnefotball, noko som vart utgangspunktet for den uoffisielle noregsmeisterskapen. Det var Dagbladet som kontakta Frigg «for å stable det uoffisielle norgesmeisterskapet på beina, og som var medarrangør de første årene».¹⁸⁰ Ellen Wille var blant dei som engasjerte seg for å få i gong fotball for kvinner i Frigg. I åra som kom skulle ho spele ei sentral rolle i utviklinga av kvinnefotballen.

«Dagbladet ble et talerør for kvinnefotballens sak, i tråd med avisas liberale og humanistiske idealer».¹⁸¹ Dagbladet – med sportsredaktør Leif Isdal i spissen - spelte ei sentral rolle under framveksten av norsk kvinnefotball. Isdal gjev eit godt bilete på at haldningane til kvinneidrett var i endring. Eit drygt tiår etter Isdal gjekk «kvalm og nedslått» heim frå skistadion etter å ha sett kvinner i aksjon i langrennssporet, tala han kvinnene si sak i fotballsamanheng. Gjennom heile 70-talet var Isdal og Dagbladet ein viktig pådrivar og støttespelar for kvinnefotball. Dagbladet involverte seg både på arrangementsnivå, gjennom mediedekning og ikkje minst i samfunnsdebatten, og trefte på mange måtar stemninga i kvinneidrettsrørsla på heimebane. Slik sett skilde Dagbladet si haldning seg på mange måtar frå andre aviser. I 1975 kritiserte Isdal massemedia si negative innstilling til damefotballen, og spesielt Aftenposten som han meinte hadde latterleggjort den uoffisielle noregsmeisterskapen året før.¹⁸²

«Norway Cup trakk opp jentefotballen», sa Rigmor Andresen, som i 1972 var formann i arrangørklubben Bækkelaget.¹⁸³ I Norway Cup kom jentene med frå oppstarten i 1972. Dette signaliserte at jenter no kunne få plass i dei same turneringane som gutane, og slik

¹⁷⁸ Støre 2016

¹⁷⁹ Einarsrud 2016

¹⁸⁰ Goksøy & Olstad 2002: 87

¹⁸¹ Goksøy & Olstad 2002: 86

¹⁸² Dagbladet 30.08.1975

¹⁸³ Grønvold, Stalsberg, & Dahl 1997: 165

sett var dette viktig for utviklinga av kvinnefotball. Rett nok var det berre ei klasse for jenter det første året, og det skulle ta fire år før ein utvida til to klassar. Dagbladet hadde eit tett samarbeid med Norway Cup og «Isdal hegnet om Norway Cup i alle sine redaktørår». ¹⁸⁴ Sjølv om Norway Cup hadde svært positiv innverknad på utviklinga av norsk kvinnefotball, vart jentene også her presentert som eit morosamt innslag dei første åra. Til og med Dagbladet omtala damefotballen som eit «artig innslag»: «Her slapper det sterke hankjønnet av og ler av jentene, mens dirigerende lagledere river seg i håret av fortvilelse hver gang en av jentene bommer på ballen og går glipp av en opplagt målsjanse.» ¹⁸⁵

3.5.4 NFF og kvinnefotballen

Like etter Levermyrskampen oppmoda Dagbladet «de høye herrer i NFF og andre steder» om å satse for fullt på kvinnefotballen. ¹⁸⁶ Fotballpresident Einar Jørum, uttala i same artikkel at NFF førebels ikkje hadde konkrete planar om å ta opp kvinner i forbundet. I samband med finalen i det uoffisielle NM i 1971, kom Jørum med eit utsegn som gjev eit godt bilete på dei regjerande haldningane på denne tida: «Damefotball har absolutt noe for seg, ikke minst i underholdningsøyemed». ¹⁸⁷ I dei neste åra registrerte forbundet i stillheit at interessa for kvinnefotball var stigande, før dei i årsberetninga før forbundstinget i 1974 meddelte sitt inntrykk av at utviklinga hadde «stagnert noe». ¹⁸⁸ At utviklinga stagnerte kan sjåast i samanheng med at NFF framleis inntok ei passiv haldning til kvinnefotballen. Hausten same året stilte likevel NFF sin første pokal til rådighet i samband med det uoffisielle NM. Kuvås meinte det var ein «mektig stimulans for forkjemperne – og det er vel fra den dag vi regner å være anerkjent». ¹⁸⁹

Sjølv om pokalen var eit steg i riktig retning, var det framleis ein lang veg å gå for forkjemparane. I samband med ein uoffisiell landskamp i Gøteborg sommaren 1975, sende Kuvås brev til NFF der ho søkte om lån av landslagsutstyr. I same brev oppmoda ho NFF til å bidra i utviklinga av kvinnefotballen, og la ved søknad frå damelaget til BUL om opptak i forbundet. Svaret var «nei» på begge søknadane, noko som førte til

¹⁸⁴ Grønvold, Stalsberg, & Dahl 1997: 14

¹⁸⁵ Dagbladet 02.08.1972

¹⁸⁶ Dagbladet 15.07.1970

¹⁸⁷ Dagbladet 02.08.1971

¹⁸⁸ Norges Fotballforbund 1974a: 52

¹⁸⁹ Jensen, 1984: 9

ein debatt som varte ut året. Debatten vart leia av Isdal som raste mot «lovbryterne i Fotballforbundet».¹⁹⁰ Isdal peika på at fotballforbundet måtte følge si eiga lov og refererte til § 2: «NFFs formål er å utbre og lede fotballidretten».¹⁹¹ Utover hausten avdekkja Dagbladet fleire forhold av diskriminering mot fotballkvinner. Under Østfold fotballkrets sitt ting vart det oppmoda til seriespel i regi av kretsen. Forslaget blei nedstemt, blant anna på bakgrunn av argument som: «kvinnefotball er tåpelig» og «fotballjenter er homo».¹⁹² Den heite debatten i media auka nok presset på NFF før forbundstinget i 1976. I samband med ressurskomiteen sitt framlegg på tinget poengterte Per Pettersen at NIF sitt motto, «Idrett for alle», i fotballsamanheng var einstyddande med «idrett for alle menn».¹⁹³ Pettersen følgde opp med å be «tinget slå fast at vi 100% aksepterer damefotball», noko det gjorde utan innvendingar.

Sjølv om tinget i 1976 vedtok å akseptere opptak av damelag i NFF, var ikkje det einstyddande med at kvinnefotball vart akseptert på lik linje med herrefotball. I forkant av tinget hadde ressurskomiteen i NFF utarbeidd Rapport II – eit dokument som var mykje av grunnlaget for vedtaket på tinget. Rapporten oppmoda til sterkare satsing på kvinnene, men omtala samstundes kvinnefotball som ein del av «kulturopplevelsen fotball». Lesaren burde ha «klart for seg at vi i øyeblikket bare omtaler damefotballen som et breddetiltak. Derfor må også forslag om landskamper og norsk mesterskap for damer foreløpig bare oppfattes som propagandatiltak for å stimulere interessen for fotball blant kvinner.»¹⁹⁴ Kvinnefotballen hadde altså teke store steg i riktig retning, men vart framleis ikkje teken heilt alvorleg.

3.5.5 Kvinnerørsla og kvinnefotballen

Ifølge Olstad gjev kvinnene sin kamp for innpass i fotballen eit godt bilete på korleis kvinnerolla utvikla seg i resten av samfunnet: «Kvinnekampen i idretten kan kanskje best registreres i fotballen, som historisk har vært spesielt knyttet til mannlig kameratskap og framvisning av mannlig identitet».¹⁹⁵

¹⁹⁰ Dagbladet 30.08.1975

¹⁹¹ Dagbladet 30.08.1975

¹⁹² Dagbladet 10.12.1975 og 11.12.1975

¹⁹³ Norges Fotballforbund 1976a: 264

¹⁹⁴ Norges Fotballforbund 1976b: 31

¹⁹⁵ Olstad 2010: 193

Det fins fleire moglege årsaker til at fotballen enda opp som eit symbol på mannleg identitet. Som nemnt drog fotballen med seg eit ufortent brutalt rykte frå tida før han skilde lag med rugbyfotballen. Medan fotballen vart rekna som upassande for kvinner, vart han sett på som ein fin idrett for å utvikle kvalitetar ein såg som viktige for menn. Etter kvart som åra gjekk, vart fotball vår mest populære idrett. Innan fotballen utvikla det seg eit mannleg kameratskap og ei tilhøyrse, som fekk god tid til å slå røter. Dette kan ha ført til at mange såg kvinnene sitt inntog i fotballen som ein «trussel mot deler av det mannlige selvbildet».¹⁹⁶

Orda frå Olstad fortel noko om kvifor kvinner måtte kjempe endå hardare for innpass i fotballmiljøet enn i andre idrettsmiljø. Om fotball var eit symbol på mannleg identitet, var kvinnefotball eit symbol på kvinnefrigjeringa. Allereie i si omtale av «amazonene» før Levermyrskampen i 1970 påpeika journalisten i A-Magasinet at «det vaier nok litt kvinnesak med innlegg fra hjørneflagget som er rødt og revolusjonært». På spørsmål om kvifor dei byrja med fotball, fekk journalisten til svar av eit par jenter: «Gutta ler av oss. Men de har ikke noe de skulle ha sagt. Vi er frie og uavhengige...Hvorfor skulle ikke vi når gutta kan?» Kvinnefotballen sin viktige symboleffekt gjorde at dei fekk støtte frå fleire hald. Som nemnt tidlegare var Dagbladet svært aktive, men også den radikale Idrettsaksjonen frå 1973 engasjerte seg.¹⁹⁷ Sjølv om dei «høge herrane i NFF» vart motpolen til forkjemparane av kvinnefotball, var det ikkje snakk om ein rein kjønnskamp. Den «offentlige mening» - som gjekk ut på at fotball var upassande og lite kvinneleg - hadde fått feste gjennom århundret, og ifølge Olstad var det like mange kvinner som rynka på nasen: «Det er ingen ting som tyder på at mødre, tanter og bestemødre viste større forståelse enn gutter og menn, kanskje snarere tvert i mot.»¹⁹⁸ Olstad meiner slik sett at kvinnekampen meir enn noko anna var eit opprør mot forståinga av det kvinnelege.

¹⁹⁶ Olstad 2010: 193

¹⁹⁷ Goksøy & Olstad 2002: 86

¹⁹⁸ Olstad 2010: 193

4. Utvikling av reglement innan kvinnefotballen

For å betre forstå kva for moglegheiter fotballen har til å utvikle tilpassa reglar, kan det vere fruktbart å sjå på utviklinga av spelereglane innan kvinnefotballen frå eit historisk perspektiv. Dette kapitlet vil presentere korleis reglane innan kvinnefotballen har utvikla seg, samt forsøke å kome med forklaringar på kvifor fotball i dag opererer med identiske reglar for menn og kvinner.

4.1 1921-1970 Frå byrjinga til gjennombrøtet

Me veit lite om kva for spelereglar dei første norske fotballjentene nytta. Sidan Norges Fotballforbund ikkje ville vite av fotballjentene, er jentene heller ikkje vikt nokon plass i årbøkene til forbundet i denne perioden. Det er likevel grunn til å tru at dei frå tidleg av nytta reglar som var relativt like dei menn nytta, då herrefotballen trass alt var inspirasjonen deira. Fram til 1970-talet er det hovudsakleg gjennom media si sparsame dekning av kvinnefotball at me kan skaffe oss eit inntrykk av kva for reglar som vart nytta.

Når det gjeld dei første fotballkampane for kvinner i Moss, veit me lite ettersom kampen ikkje har etterlate seg for mange fotspor i media. Det er ikkje eingong nemnt om det var dommar til stades på kampane, men sidan den første kampen gjekk mot eit oldboyslag, er det nærliggande å tru at ein tok utgangspunkt i oldboyslaget sine reglar. Stort sett var dette vanlege fotballreglar, berre med kortare speletid.

Trass i at mediedekninga av «frøkenfotball på Frogner» var mykje større enn det ein hadde sett tidlegare, var det ikkje reglane som stod i fokus når avisene gjekk i trykken. Likevel er det grunn til å tru at kvinnene spelte med vanlege fotballreglar med nokre modifikasjonar i denne turneringa. I Mr. Ballihat sitt ironiske innlegg frå *Idrettsliv*, er det tydeleg at han har merka seg dei regeltilpassingane som vart gjort: «Corneren lægges ikke ind fra hjørneflagget, men fra det punkt hvor straffefeltlinjen skjærer mållinjen og i og med at der her befinner sig a) hele det forsvarende parti (11 spillere) + b) det angripende partis samtlige 8 løpere...»¹⁹⁹ Her kjem det ganske tydeleg fram at kvart lag spelte med 11 spelarar på bana samstundes. Ein kan også lese ut i frå kamptroppane at ingen av laga hadde innbytarar, då det berre var oppført 11 namn per

¹⁹⁹ Idrettsliv nr. 51 1928

lag. Cornerregelen skilde seg riktig nok frå den herrane nytta, truleg fordi jentene ikkje hadde trena så mykje på tilslaget sitt. I tillegg kjem det fram at same dommaren dømde alle tre kampane, noko som kan gje ein indikasjon på at ein spelte kampar med kortare speletid. Den regelen som kanskje skilde seg mest frå dei reglane me opererer med i fotballen i dag, var regelen om stil- eller aktivitetspoeng. Dersom kampane ikkje var avgjort etter full tid, vart kampen avgjort på stil- eller aktivitetspoeng. Det er ikkje utdjupa nøyaktig kva for kriterier ein stilte når desse poenga skulle delast ut, men det er grunn til å tru at utsjånad og estetikk stod i sentrum.

Det kjem fram i *Blylagområdets historie* at bryggefotballen også opererte med nokre regelmodifikasjonar. I bryggefotballen spelte ein sju mot sju på eit høveleg jorde, og åkeren dei spelte på skulle ikkje ha ein høgdeforskjell på meir enn 50 cm frå den eine enden til den andre.²⁰⁰ At bryggefotballen hadde tilpassa reglar kan ha bidrege til at han vart positivt motteke. Slik sett utfordra ikkje kvinnene den tradisjonelle fotballen gjennom bryggefotballen. Ein kan sjå føre seg at regelmodifikasjonane var med på å ufarleggjere denne typen kvinnefotball, og at han difor vart betre motteken enn andre forsøk.

Då Hamar og Kapp møttest til dyst på Hamar Idrettslag si heimebane var det også lite å lese om tilpassa reglar. Det me veit, er at det var ordentlege rammer rundt kampen, og at det vart sett opp dommar og assistentdommarar.²⁰¹ Kjeldene me kjenner til seier at dette er første gong ein nytta tre dommarar i ein damekamp, noko som tyder på at ein forsøkte å spele ein «ordentleg» fotballkamp med vanlege reglar. Likevel er det mykje usikkerheit knytt til speletida. Historisk sett har idretten ofte gjort regeltilpassingar basert på alder – som til dømes kortare speletid - og fleire av jentene som spelte kampen var ikkje eldre enn 12 år.

Dei neste tiåra vart det ikkje spelt så mange damekampar, og dei kampane som vart spelt, fekk ikkje mykje spalteplass. Det kjem fram i historiedelen at damene hovudsakleg spelte showkampar fram til 1970-talet, og som oftast var kampane ein del av eit større arrangement. Det ser ut til at reglane oftast vart tilpassa etter arrangementet, og då særleg speletida. Ut i frå arrangementsannonsane er det vanskeleg å seie noko om

²⁰⁰ Bjerklund 1997: 139

²⁰¹ Thorkildsen 1993: 51

kva for reglar dei nytta på dei ulike arrangementa. Som ein såg i den tidlege fasen i herrefotballen, har det lett for å vekse fram lokale reglar når ein ikkje vert styrt av eit sentralt organ som legg føringar for korleis spelet skal gå føre seg. Sjeldan stod det noko konkret om speletida slik det gjorde då Stavanger Aftenblad meldte at kampen mellom Klepp og Stavanger «blir på en halv time».²⁰² Likevel er det ved fleire høve mogleg å kome fram til ei omtrentleg speletid ut i frå arrangementsprogrammet ein finn i annonsane. Det er lett å tenkje seg til speletida når damene var pauseunderhaldning i fotballkampar for herrane. Andre gonger kunne det til dømes vere korsong klokka 1300, damefotball 13.30, og friidrettskonkurranse klokka 1400.

Som nemnt var kvinnefotballen var ein bortgøymt arena fram til 1970-talet. På grunn av dette var han også lite omtala i media, noko som har ført til at det er lite informasjon å finne kring kva reglement som vart nytta. Den einaste kjelda som seier noko om diskusjonen kring reglementet før 1970-talet, er artikkelen av Knud Lundberg frå 1958. Lundberg var å rekne som ein forkjempar for kvinnefotballen på denne tida, men hadde si eiga oppfatning av korleis kvinnefotballen burde gå føre seg:

Det er ingen grunn til å nekte pikene fornøyelsen av å spille fotball, men de bør foretrekke lette baller, gummi sko og tregolv. Innendørs fotball ligger for kvinnene, spesielt hvis reglene overholdes og en utelukker tackling. Kvinnene bør imidlertid betenke seg to ganger før de trekker i fotballstøvler og spiller på stor bane.²⁰³

Den danske «fotballprofessoren» sine ytringar kom på same tid som kvinnefotballen fekk sitt gjennombrot i Danmark. Lundberg sine forslag til regeltilpassing var radikale, men på same tid i tråd med det dominerande synet på kvinneidretten på denne tida. Idretten var som oftast delt inn i manns- og kvinneaktivitetar. Sjølv om avisartikkelen blei publisert i fleire norske aviser, ser det ikkje ut til at Lundberg sine forslag bidrog til å få i gong ein debatt kring kvinnefotball i Noreg. Det er vertfall ingen spor etter nokon diskusjon i norske media. At avisartikkelen ikkje førte med seg nokon debatt kan henge saman med at danske fotballjenter var komne mykje lenger enn sine norske systrer i kampen for deltaking. Aktiviteten blant norske fotballjenter hadde stagnert sidan 1930-talet, og slik sett var dei for langt unna målet til at ein slik artikkel kunne utløyse ei opptrapping i arbeidet for å oppnå innpass i NFF. Hadde Lundberg sine forslag slege

²⁰² Stavanger Aftenblad 29.09.1938

²⁰³ Fædrelandsvennen 14.01.1958

an, kunne det ført til at menn og kvinner hadde gått i to ulike retningar innan fotballen. Slik eg tolkar Lundberg ville kvinner då enda opp med å spele eit spel som liknar veldig på det me i dag kallar futsal.

4.2 1970-1993 Gjennombrot, utvikling og normalisering

Under framveksten av norsk kvinnefotball på 1970-talet var det heller ingen stor debatt kring regeltilpassingar for kvinner. Første gongen NFF kom på bana i forbindelse med kvinnefotballens reglement var i 1973. På trass av at forbundet på denne tida ikkje synte nokon vilje til å delta aktivt i utviklinga av kvinnefotballen, ville dei likevel ha eit ord med i laget. Fotballforbundet hadde merka seg at det i nokre av kretsane vart spelt ordinære seriekampar for damelag. Forbundsstyret vedtok difor at kvinnefotball skulle spelast etter vanlege spelereglar, med følgande unntak:

Spilletid:	2 x 30 minutter.
Ball:	Nr. 4.
Utspill fra mål:	Som i småguttefotball (vippe opp ballen). ²⁰⁴

Her ser ein altså at forbundet var tidleg inne og skulle bestemme kva for spelereglar damene skulle nytte. Dette til tross for at kvinnene måtte vente til 1976 før fotballforbundet ynskja dei velkomen.

I 1974 la NFF fram eit arbeidsprogram på forbundstinget. I årboka til NFF vert programmet presentert som eit grunnlagsdokument for ein målsettingsdebatt. Programmet inneheld blant anna ein statusrapport for kvinnefotballen, der forbundet påpeikar at det ikkje er aktuelt «å være for aktive på denne front».²⁰⁵ Som i årboka frå 1973, hadde NFF likevel innvendingar når det kom til reglementet innan kvinnefotballen. I programmet kjem det også fram at «det må påses at UEFA's reglementsanbefalingar følges».²⁰⁶ UEFA var tidleg ute, og fekk på plass ein damekomité i 1971. Det ser likevel ikkje ut til at denne komiteen fungerte som ei ledestjerne, og Per Pettersen meinte det var «liten grunn til å tro at denne komiteen har overanstrengt seg!».²⁰⁷ Komiteen ser ikkje ut til å ha hatt den heilt store innverknaden på verksemda i NFF. Ifølge Pettersen var UEFA sin komité ein sovande komité, som la

²⁰⁴ Norges Fotballforbund 1974a: 53

²⁰⁵ Norges Fotballforbund 1974b

²⁰⁶ Norges Fotballforbund 1974b

²⁰⁷ Pettersen 1985

få føringar for kva reglar dei ulike forbunda skulle nytte i sine nasjonale seriar.²⁰⁸ Den 11. april 1975 vart NFF sin ressurskomité oppnemnd på ny. Oppdraget til komiteen var hovudsakleg å kartlegge eksisterande ressursar i norsk fotball. Komiteen skulle primært behandle all verksemd som var organisert og leia av Norges Fotballforbund. Likevel oppmuntra ressurskomiteen til større aktivitet innan damefotballen heilt frå den vart oppnemnd i 1974. Då komiteen i 1976 skulle legge fram si endelege innstilling i samband med forbundstinget, inneheldt rapporten deira ein større del om kvinnefotball. Ressurskomiteen var svært tydelege på at NFF måtte involvere seg, og at tida var moden for å satse sterkare på damefotball.²⁰⁹ I samband med framlegginga av Rapport II på forbundstinget tala Per Pettersen damefotballen si sak, noko som enda med at damefotballen vart akseptert og integrert i NFF si verksemd frå og med 1976.²¹⁰

I tillegg til sjølve rapporten vart det utarbeidd eit vedlegg som presenterte eit eige kampreglement for norsk kvinnefotball. Noko av det mest interessante med dette kampreglementet, var at det skilde seg frå UEFA sitt reglement for damefotballen. Ressurskomiteen nytta UEFA sitt konkurransereglement som utgangspunkt, men valde å gjere nokre tilpassingar. På same måte som UEFA valde NFF å dele damefotballen inn i to klassar. Klassane vart kalla *damer* og *piker*. Dameklassen gjaldt for kvinner over 16 år, medan pikeklassen gjaldt jenter frå 16 år og nedover. NFF gjorde tilpassingar i høve til UEFA i begge klassane. Der UEFA spelte med 4'arball i begge klassane, skulle dei norske seniordamene no spele med 5'arball. I tillegg gjorde ressurskomiteen endringar i speletida. I dameklassen nytta NFF 2 x 30 minutt der UEFA nytta 2 x 35 minutt, medan i pikeklassen var skilnaden større. Her spelte norske piker 2 x 20 minutt, noko som var ti minutt kortare per omgang enn UEFA si speletid. Ressurskomiteens kampreglement skilde seg også frå reglane NFF hadde pålagd damene å spele med to år tidlegare. Dameklassen gjekk frå 4'arball til 5'arball, medan regelen om oppvipp ved utspel frå mål no berre gjaldt pikeklassen.

Same året som NFF aksepterte kvinnefotballen, nedsette forbundsstyret ein damekomité på føreteljning frå ressurskomiteen. Damekomiteen bestod av Nicolai Johansen, NFF, formann, Grete Einarsrud, Ullensaker/Kisa, og Ellen Wille, Frigg. Dag Vestlund frå fotballforbundet sat som sekretær i komiteen. Ifølge Wille var det fleire grunnar til at

²⁰⁸ Pettersen 2014

²⁰⁹ Norges Fotballforbund 1976b

²¹⁰ Norges Fotballforbund 1976a

kvinner og menn til slutt enda opp med det same kampreglementet. Wille var ein av pådrivarane for at kvinner skulle spele med dei same reglane som menn.²¹¹ På dette punktet var medlemene i damekomiteen samstemde, og på sikt var målet at kvinner skulle bli gode nok til å spele med like reglar som menn.²¹² Sjølv om damekomiteen arbeida for at NFF gradvis skulle fjerne dei regeltilpassingane som ressurskomiteen hadde utarbeidd, kom regeldiskusjonen i andre rekke. Hovudfokus var på aktiviteten, kampoppsett og tilrettelegging av seriespel rundt i fotballkretsane, samt å setje i gong arbeidet med å opprette eit kvinnelandslag.

Sjølv om regeldiskusjonar kom i andre rekke, var også utvikling av kampreglement ein av arbeidsoppgåvene til damekomiteen. Det er verdt å merke seg at damekomiteen i 1977 la fram eit forslag som kan sjåast som eit tilbakesteg for dei som ynskja like reglar for menn og kvinner:

Så vel i pikeklassen som i dameklassen kan ballen ved utspill fra mål og ved frispark tildelt det forsvarende parti innenfor straffesparkfeltet spilles til målmannen, som deretter ikke kan ta mer enn 4 skritt før hun spiller ballen ut (jfr. Spilleregel 12, punkt 5). Mottspillerne må være utenfor straffesparkfeltet, og ballen er ikke i spill før den er kommet utenfor dette.²¹³

Målet med denne regeltilpassinga var å hjelpe dei kvinnelege fotballkeeprane med å setje i gong spelet ved utspel frå femmeter og frispark innanfor eige 16-meterfelt. Slike reglar kan forståast som eit tiltak for å kompensere for manglande teknikk og tilslag, og har tradisjonelt vore nytta ved tilsvarande dødballsituasjonar i aldersbestemde klassar på herresida. Ut i frå sitatet ovanfor kan ein lese at damekomiteen innførte regelen om oppvipp på ny, etter å ha fjerna den året før. Dette kan tolkast i retning av at det har vore eit tydeleg behov for denne regelen, noko Einarsrud stadfestar: «Det var veldig vanskelig for keepere å sparke ballen ut fra bakken. De greide ikke å få den over første angriper.»²¹⁴ I pikeklassen var det likevel ei «positiv» utvikling, då dei fekk utvida speletida frå 20 til 25 minutt per omgang.

Dei første åra fungerte damekomiteen som eit «miniatyrfotballforbund» for kvinnene. Med dette meinast at damekomiteen opererte sjølvstendig, og tok hand om alle saker

²¹¹ Wille 2014

²¹² Einarsrud 2016

²¹³ Norges Fotballforbund 1977: 67

²¹⁴ Einarsrud 2016

relatert til kvinnefotball. Komiteen arbeida med alt frå oppsett av kampar til utvikling av reglar. Reglementet for dame- og pikefotball var ikkje underlagt same behandlingssprosess som kampreglementet knytt til gute- og herrefotballen. Bestemmingane vart tekne inn som ein del av damekomiteen si melding, og vart vedteke som ein del av årsmeldinga. I praksis unngjekk damekomiteen på denne måten langt på veg avstemmingar. Dersom sakene innan kvinnefotballen skulle kome til avstemming var det nok med simpelt fleirtal, i motsetnad til sakene innan herrefotballen som var underlagt regelen om tre fjerdedels fleirtal.²¹⁵ Slik sett hadde damekomiteen moglegheit til å gjere dei kjønnsstilpassingane dei meinte det var hensiktsmessig å gjennomføre, utan for mykje innblanding frå NFF si side. Bakgrunnen for at kvinnefotballen hadde kortare speletid i byrjinga var at dei fleste spelarane ikkje var godt nok trenar, då dei hadde relativt kort fartstid innan fotballen. Tilpassinga var altså gjort med omsyn til at kvinnene enno ikkje hadde opparbeidd god nok fysisk kapasitet til å holde på i 2 x 45 minutt. Regelen om oppvipp hang saman med at kvinnene enno ikkje hadde utvikla tilslaget tilstrekkeleg.

1978 var året då kvinnene for første gong kunne delta i ein offisiell noregsmeisterskap i regi av NFF. Sjølv om NFF tok over ansvaret for å arrangere NM, beholdt dei mesteparten av turneringsformatet frå den uoffisielle meisterskapen året før. NM for kvinner vart gjennomført i løpet av ei helg, og for å vinne måtte BUL spele seks kampar på tre dagar. Same året tok kampreglementet eit nytt steg i retning like reglar, då damekomiteen vedtok at speletida i dameklassen skulle utvidast til 2x35 minutt. Frå før av spelte dei norske kvinnene med 5'arball slik som herrane. Dersom ein ser vekk i frå regelen om oppvipp, var norske kvinner no berre 2x10 minutt i frå å nytte dei same reglane som herrane. Slik sett hadde dei norske reglane for damefotball no passert UEFA sine med tanke på likskap i høve til herreklassen.

Det skulle likevel ta si tid før kvinner og menn fekk identiske spelereglar i Noreg. Neste steg mot like reglar kom i 1981. Då la forbundsstyret fram forslaget om at speletida for damelag skulle endrast til 2x40 minutt. Motiveringa bak forslaget var at dei fleste nasjonane landslaget spelte mot på denne tida nytta 2x40 minutt som speletid i dameklassen.²¹⁶ For at skilnaden mellom klassane ikkje skulle bli for stor, såg ein det

²¹⁵ Norges Fotballforbund 1979

²¹⁶ Landslaget for kvinner spelte på denne tida hovudsakleg mot nordiske lag i Nordisk Mesterskap.

som nødvendig å utvide speletida også i dei aldersbestemde klassane.²¹⁷ Forslaget vart samrøystes vedteke, noko som førte til at ein frå 1982 spelte med 2x40 minutt i norsk kvinnefotball. Ved det same forbundstinget la forbundsstyret fram eit forslag som kan sjåast som det næraste ein har kome ein open diskusjon kring tilpassa reglar for kvinner i Noreg: «I dame-, pike-, smågutte-, småpike-, lilleputt-, miniputt- og barneskolekamper må benyttes ball nr. 4 (omkrets 63 cm.). I ekstraordinære tilfeller kan vedkommende myndighet dispensere fra bestemmelsen.»²¹⁸ Forbundsstyret meinte ein mindre og lettare ball ville vere med på å heve kvaliteten i dameklassen, samstundes som det ville vere i tråd med UEFA sitt turneringsreglement for kvinner. Damekomiteen, leia av Ellen Wille som no var formann, gjekk imot dette forslaget og hevda det var eit sterkt ynske frå dei aktive om framleis å nytte 5'arball. Sjølv om generalsekretær og tidlegare formann i damekomiteen, Nicolai Johansen, påpeika at det ikkje var uvanleg at «det er forskjell på idrettsredskaper for damer og herrer» i andre idrettsgreiner vart det nedstemt utan nokon vidare diskusjon. På denne tida var krava til 4'arballen enno mindre enn i dag og det vart sagt at damene meinte «bestemt at de bør ha større utfordring når det gjelder ballstørrelsen enn f.eks. en miniputtspiller.»²¹⁹

Dei neste åra førte ikkje med seg noko nemneverdig når det gjeld regelendringar. 1987 var året då Noreg arrangerte EM i fotball for kvinner. Same året fekk kvinnene ein landsomfattande toppdivisjon i regi av NFF, som tidlegare berre hadde hatt ansvar for austlandsserien. Det var på forbundstinget i 1988 at den siste brikka fall på plass då det vart vedteke at kvinnene skulle spele 2x45 minutt frå og med 1988-sesongen.²²⁰

Innan internasjonal kvinnefotball tok det endå lengre tid før kvinner fekk spele med same reglar som menn. Frå det offisielle kvinnelandslaget byrja å spele kampar i 1978 spelte dei med andre reglar enn kva ein nytta i dei norske seriane. Dei to første åra spelte landslaget hovudsakleg nordiske meisterskap der ein spelte med 4'arball og med omgangar på 2x40 minutt. Frå dei norske seriane var damene van med omgangar på 2x35 minutt, og 5'arball. Det heile tok ei ny vending då det norske landslaget i 1980 skulle spele mot Frankrike i Poissy. Dei franske damene ynskja å spele med 4'arball og med omgangar på 2x35. Dette gjekk ikkje det norske landslaget med på, og dei kravde å

²¹⁷ Norges Fotballforbund 1982

²¹⁸ Norges Fotballforbund 1982: 107

²¹⁹ Norges Fotballforbund 1983: 259

²²⁰ Vestlund 2016

få spele med 5'arball og med to omgangar á 40 minutt. Det enda med at dei norske damene fekk viljen sin.²²¹ I åra som følgde spelte det norske landslaget med 5'ar ball og med 2x40 mot dei nordiske nasjonane så lenge kampene ikkje var i UEFA-regi. I UEFA sine turneringsbestemmingar stod det framleis at kvinner skulle spele 2x35 minutt, og nytte 4'arball. I den første europameisterskapen for kvinner i 1984, spelte ein etter desse turneringsbestemmingane.²²² Etter å ha spelt uavgjort i finalen mot England over to kampar, vann Sverige EM på straffesparkkonkurranse utan å ha spelt ekstraomgangar. Då Noreg skulle arrangere EM tre år seinare var spelereglane endra. Om dette var etter press frå vertsnasjonen vitast ikkje, men i 1987 gjekk meisterskapen med 5'arball og med omgangar på 40 minutt. Dersom det var uavgjort etter full tid, spelte ein no to ekstraomgangar på 10 minutt. Kanskje spelte 5'arballen ei rolle då Noreg vann sin første gullmedalje i ein internasjonal fotballmeisterskap. Reglane var dei same under EM i 1989 og 1991.²²³ Det er også verdt å merke seg at når den første verdsmeisterskapen for kvinner gjekk av stabelen i Kina i 1991 spelte ein omgangar på 40 minutt.²²⁴ EM i 1993 var første gongen kvinnelege fotballspelarar fekk spele 2x45 minutt i ein internasjonal meisterskap. 1991 er den einaste gongen kvinner har spelt VM same år som EM. Då Noreg vann den andre verdmeisterskapen for kvinner i 1995, spelte ein også her med omgangar på 2x45 minutt. Det tok altså ganske mange år før kvinner fekk identiske reglar som menn, noko dei framleis har i dag.

4.3 *Kvifor diskuterte ein ikkje kjønntilpassa reglar i samband med kvinnefotballens inntog?*

Då NFF aksepterte og integrerte kvinnefotballen i 1976, hadde dei altså moglegheit til å gjere regeltilpassingar på nasjonalt plan. UEFA la i liten grad føringar for korleis dei nasjonale forbunda skulle utvikle kvinnefotballen. Sett i ettertid er det slåande at det ikkje oppstod ein seriøs diskusjon kring kva for regeltilpassingar damefotballen kunne ta i bruk. Blant anna var diskusjonen kring grunnleggande ting som størrelsen på baner, mål og ballar nærast fråverande under framveksten av kvinnefotball i Noreg. Fleire faktorar har nok spelt inn, og summen av desse kan ha vore med på å bidra til at ein vedtok eit reglement utan nokon omfattande diskusjon.

²²¹ Vestlund 2016

²²² UEFA, 1981

²²³ Hanneborg & Paulssen 1992 - I skrivande stund har den einaste fungerande linken som omtalar EM-finalen i 1991 på UEFA si webside feilaktig informasjon kring speletid og ekstraomgangar.

²²⁴ Dubeau 2013

Tida då kvinnefotballen gjorde sitt inntog i NFF har truleg spelt ei avgjerande rolle for at sentrale krefter i kvinnefotballmiljøet jobba for at kvinner skulle spele med dei same reglane som menn. På same måte som likestillingskampen i resten av samfunnet var med på å bidra til at kvinnene fekk innpass i fotballen, var han også ein av grunnane til at kvinnene ville spele nøyaktig den same fotballen som menn.²²⁵ Norske idrettskvinner vart usynleggjort og undertrykka i dei første tre fjerdedelane av 1900-talet. På 1970-talet var tida komen for å trappe opp kampen for kvinner sine rettigheter både i samfunnet og i idretten. Innan fotballen fekk kvinnene altså ein fot innanfor samstundes som ein omfattande kamp for likestilling stod på i resten av samfunnet. Slik sett kan ein tenkje seg at når ein då først skulle spele fotball, ville ein ha det likt som herrane.

Ein annan faktor som truleg har spelt inn, er at på 1970-talet hadde den moderne fotballen allereie utvikla seg i meir enn hundre år. I løpet av den tida hadde fotballen rekt å bli ein av dei mest populære idrettane både nasjonalt og internasjonalt. Trass i utvikling på fleire område «har fotball av mange blitt betegnet som et konservativt spill med liten vilje til endringer» etter at grunntrekka vart etablert.²²⁶ Med andre ord hadde spelet sett seg, og ein var van med eit sett reglar sjølv om ein ikkje nødvendigvis hadde hatt moglegheit til å delta. Menn hadde altså definert fotballen gjennom over hundre år som leiarar, spelarar og tilskodarar. Med bakgrunn i dette ville kanskje ikkje fotballdamene på 1970-talet ta til takke med eit modifisert, «andrerangs» spel. Kvinnene ville spele «skikkeleg» fotball, og enkelt sagt var det herrefotball som var skikkeleg fotball på denne tida.

Det kan og ha vore reint praktiske og økonomiske årsaker til at ein ikkje vurderte dramatiske regeltilpassingar i kvinnefotballen. Trass i at damefotballen var teken inn i NFF, møtte dei stadig motstand. Mange av argumenta mot kvinnefotballen gjekk ut på at damene kom til å ta for mykje av ressursane til herrefotballen. Herre- og gutefotballen leid allereie under mangel på baner og garderobar, og kvinnene sitt inntog førte til at heile systemet vart sett under press. Fleire var bekymra for meirbelastninga på baner, anlegg, utstyr og garderobar. Det vart også rift om trenarar, dommarar og resten av systemet kring fotballen. Som i dag var det ikkje uendeleg med verken

²²⁵ Wille 2014

²²⁶ Goksøy 2014: 26

treningstid eller garderobar, og kvinnene måtte kjempe for retten til å nyte godt av dei same anlegga som menn.

For å få damefotballen til å fungere kunne man ikke på toppen av alt dette forlange mindre mål, mindre fotballer og så videre. Det praktiske spilte en rolle, og jeg er helt overbevist om at det var upraktisk ikke å ha det samme.²²⁷

Pettersen sitt utsegn siktar til at ressursproblematikken kan ha vore medverkande til at ein ikkje vurderte store regeltilpassingar, som størrelse på baner, mål og ballar. Det seier seg sjølv at når det allereie var eit problem å dele dei eksisterande ressursane, kunne ein ikkje gjere tilpassingar som ville krevje monaleg med ressursar. Det let seg rett og slett ikkje gjennomføre reint praktisk. Diskusjonen kring fordelinga av ressursar var grunnlag for konflikt, og mange menn meinte kvinnene «stal» av treningstida deira. For dei som eventuelt ynskja meir tilpassing av sporten, var dette eit dårleg tidspunkt å krevje det på.²²⁸

Det er også eit poeng at teknologi- og ressursituasjonen var ein annan på 1970-talet enn i dag. Slik sett kan ein seie at dei ikkje hadde dei same føresetnadene for å differensiere mellom kjønna når det gjaldt størrelsen på baner, ballar og mål. Når det kjem til masseproduksjon og utvikling av materiale på ballar har teknologien teke enorme steg sidan 1970-talet. I tillegg har økonomien og omsetjinga til utstyrsprodusentane utvikla seg i takt med kommersialiseringa av fotballen. Også innan utstyret ein nyttar til baneoppmerking har det skjedd ei utvikling. Med dette i bakhovudet må ein ta i betraktning at ikkje alle tilpassingar var like realistiske å gjennomføre, noko som kan ha spelt inn på at det ikkje kom opp til diskusjon. Dersom ein ser nærare på dei regeltilpassingane som vart praktisert i kvinneklassen, var dette tilpassingar som var mogleg å gjennomføre med enkle grep. I byrjinga gjorde NFF trass alt nokre endringar som var lett å gjennomføre, slik som tilpassa speletid og oppvippregelen. Slik sett kan ein kanskje tenkje seg at ein hadde vurdert fleire regeltilpassingar dersom det hadde vore lettare å gjennomføre.

Ein kan også tenkje seg at det ikkje var så lett å gi uttrykk for at ein ynskja tilpassa reglar på 1970-talet. Under likestillingskampen var det sterke krefter og mykje følelsar i

²²⁷ Pettersen 2014

²²⁸ Wille 2014

sving. Dei dominerande kreftene jobba tydeleg i retning av like rammer. Også i dag er det spelarar som føler det er vanskeleg å stå fram om ein ynskjer eit kjønnsstilpassa kampreglement. Dette kan sjåast i samband med at både spelar- og leiarprofilar innan kvinnefotballmiljøet har gitt uttrykk for at regeltilpassing er eit ikkje-tema.²²⁹ Eit anna poeng som truleg var relevant både då og no, er at ein ikkje skal undervurdere kor vanskeleg det kan vere å ta til orde for kjønnsstilpassa reglar, då dette kan oppfattast som ei slags erkjenning av at ein ikkje meistrar dei gjeldande reglane like godt som menn.

På sett og vis devaluerte NFF kvinnefotballen i 1973, ved å gje dei spelereglar på nivå med fotball for små gutar, samstundes som dei nekta å anerkjenne kvinnelag i organisasjonen sin. Etter mitt syn kan ei slik behandling henge saman med fråveret av ein gjennomtenkt evaluering av kjønnsstilpassa reglar. Dei kvinnelege fotballspelarane hadde allereie vore undertrykte av NFF i 70 år. Då er det god grunn til å kjenne seg trampa på når den same organisasjonen avgjer at kvinner må spele med «barnereglar» utan nokon form for grunngeving. Når kvinner stadig fekk beskjed om at dei ikkje var verdige opptak frå den same organisasjonen som utan grunngeving sa dei måtte spele modifisert fotball, er det kanskje ikkje så rart at fotballdamene kravde å få spele «skikkeleg» fotball. Då forslaget om at kvinner skulle nytte 4'arball kom opp på forbundstinget i 1981, var ordlyden lite heldig, og landslaget for kvinner vart på mange måtar sidestilt med miniputtklassen og barneskulekampar. Det er grunn til å tru at slike episodar kan ha vore med på å bidra til at regeltilpassing i kvinnefotball i dag er eit betent tema. Kombinasjonen av å ikkje vere verdig opptak i NFF og å få serverte barnereglar, er eit dårleg utgangspunkt for ein sivilisert diskusjon kring regeltilpassing. Kanskje hadde ein fått ein meir fruktbar diskusjon om NFF hadde nytta ei meir diplomatisk tilnærming på 1970 talet?

²²⁹ Aftenposten 15. juni 2015, NRK 17. juni 2015

5. Kjønnstilpassingar i kvinnefotball – ikkje verdig ein debatt?

Då eg tok til med arbeidet med denne oppgåva var eg overtydd om at ein debatt som tok føre seg kjønnstilpassa reglar hadde funne stad. Dette fordi det fram til 1970-talet var tradisjon for å skilje mellom kjønna i idretten, og fordi fotball var sett som eit mandig spel, laga av og for menn. I tillegg hadde andre ballspel som handball, volleyball og basketball gjort tilpassingar basert på kjønn. Det skulle derimot syne seg at kvinnefotballen skil seg frå desse idrettane. Gjennom kapittel fire kjem det fram at kjønnstilpassa reglar var lite diskutert under kvinnefotballen sitt gjennombrøt, noko som kan seiast å vere eit funn i seg sjølv. Dette kapitlet vil fungere som ein introduksjon til den filosofiske delen. Eg vil legge fram nokre døme på regeltilpassing i idretten, og sjå dette opp i mot fotball – der kjønnstilpassa reglar verkar å vere eit betent tema.

Fotballtrenar og tidlegare fotballspelar, Lisbeth Bakken, uttala følgande om kvinnefotballen sine spelereglar i 2000: «Kvinnefotballen har kommet som et skudd i en mansverden hvor spillereglene er laget av menn og for menn, uten at vi kritisk har vurdert om dette passer det mangfold av kvinnetyper vi ønsker å rekruttere til fotballidretten.»²³⁰ Slik eg tolkar Bakken etterlyser ho ei kritisk vurdering av om spelereglane i fotball er godt nok tilrettelagt for kvinner. Sjølv om Bakken hovudsakleg etterlyser ei kritisk vurdering av spelereglane på breiddeivå, kan det vere interessant å undersøke om dei fysiske skilnadene mellom menn og kvinner gjev grunnlag for ein debatt kring regeltilpassingar også på toppnivå.

5.1 Introduksjon av problemområde – døme frå idretten

Innan idretten er det relativt vanleg å gjere regeltilpassingar for menn og kvinner. I nokre idrettsgreiner er det berre små justeringar det er snakk om, medan i andre tilfelle har ikkje menn og kvinner moglegheit til å konkurrere i dei same øvingane. Historisk har menn hatt mykje større moglegheit til å delta i dei idrettsgreinene dei måtte ynskje, men dette har langt på veg utjamna seg i dag. Dei Olympiske Leikane i London i 2012, var dei første leikane der kvinner fekk moglegheit til å delta i like mange øvingar som menn. London-OL var også dei første leikane der kvinner fekk lov til å delta i boksing, på same måte som kvinner fekk delta i skihopp for første gong i Sotsji-OL to år seinare.

²³⁰ Fotballtreneren nr. 3 2000

Sjølv om skihopp for kvinner fekk innpass i Sotsji, må det nemnast at kvinner berre fekk hoppe i normalbakken, medan menn fekk konkurrere i tre øvingar.

I tradisjonsrike idrettar som turn og friidrett, vert kjønntilpassingar sett på som relativt uproblematisk. I kulestøyt for senior er vekta på kula tilpassa etter kjønn, noko som har bidrege til at det er veldig liten skilnad mellom verdsrekorden for menn og kvinner. Idrettsgreina er altså tilpassa med bakgrunn i fysiske føresetnader slik at kula menn konkurrerer med veg om lag dobbelt så mykje som kula for kvinner. Ville det ikkje her oppstå misnøye dersom nokon avgjorde at også kvinner skal støyte med kuler som veg 7,2 kilogram?

Innan dei aller fleste lagspela blant ballidrettane er det også gjort regeltilpassingar for kjønn. Det kan argumenterast for at fleire av tilpassingane ein finn i ballidrettar i dag er nærast usynlege, og at ein difor ikkje legg like godt merke til skilnadane. Men at tilpassingane ikkje kjem tydeleg fram, er ikkje det same som at dei ikkje spelar ei stor rolle med tanke på korleis spelet fungerer. Tvert imot kan tilpassingane gjere at opplevinga av spelet vert som tilsikta, nemleg at ein får kjensla av å spele ballspelet «skikkeleg». Eit godt døme på at små regelendringar kan få store konsekvensar finn ein i volleyball, der den einaste skilnaden i spelereglane for menn og kvinner er at kvinner spelar med lågare nett. Også i handball og basketball finn ein mindre regeltilpassingar som er lite synlege for tilskodarar. I handball er det berre ballstørrelsen som skil menn sine reglar frå kvinnene sine. Basketball opererer også med ulik vekt og størrelse på ballen. Kva for kjønntilpassingar som vert gjort kan også variere frå forbund til forbund. Til dømes nyttar basketballforbunda i USA fleire kjønntilpassingar enn det internasjonale forbundet. I NBA og WNBA opererer menn og kvinner med ulik avstand frå 3-poengslinja til kurva. På den andre sida har ein ishockey, der regeltilpassingane er meir synlege. I internasjonal ishockey er det påbode for kvinner å spele med fullt ansiktsvern, medan det er forbode for kvinner å nytte kroppstaklingar eller sokalla bodychecking.

5.2 *Kjønntilpassingar i kvinnefotball – eit betent tema?*

Den historiske konteksten kring gjennombrøtet til damefotballen kan ha gjort det vanskeleg å starte ein diskusjon kring kjønntilpassa reglar på 1970-talet. I dag ser det framleis ut til at det er svært vanskeleg å rekke opp handa for kvinner som ynskjer

kjønntilpassa reglar. Gjennom min forståingshorisont har eg danna meg ei oppfatning av nokre av haldningane som eksisterer i fotballmiljøet. Min bakgrunn frå fotball og idrett generelt, har gjort meg oppmerksom på at kjønntilpassa spelereglar er eit betent tema i fotballmiljøet også i dag. Dette heng nok saman med at ein historisk innan kvinnefotballen har opplevd mykje urett, og fått mange innspel som har vore lite fornuftige og beint fram kvinnediskriminerande. Likevel er det ei anna tid no, og fleire kjem med seriøse forslag til korleis ein kan utvikle kvinnefotballen. Med si erfaring som spelar og leiar innan kvinnefotballen, er Heidi Støre ein av dei mest profilerte personane i norsk fotball. Ifølge Støre har mange i kvinnefotballmiljøet ein veg å gå når det gjeld korleis ein reagerer når ein vert møtt med innspel som har til hensikt å utvikle idretten:

Det jeg ikke helt skjønner fra kvinnefotballen - og der må vi kvinner gå litt i oss selv - er at hver gang det kommer sånne forslag så er det fordi det er noen som vil oss noe vondt, det er noen som driver med diskriminering. Vi drar frem det diskrimineringskortet så fort at vi skal tenke oss om noen ganger synes jeg. Det er for å løfte produktet, og da kan de se en helhet som vi i vår lille snevre verden ikke ser.²³¹

Fleire medieoppslag tyder på at kvinnelege fotballspelarar vert møtt med fordommar også i dag.²³² Det kan argumenterast for at den stadige kampen mot fordommane bidreg til at personar frå kvinnefotballmiljøet har lett for å kome i forsvarsposisjon. Dette kan føre til at ein endar opp med å blande konstruktiv kritikk med kritikk, og innspel med fordommar.

Fleire av dei kvinnelege fotballspelarane eg har snakka med i samband med studien, har stadfesta inntrykket mitt av at kjønntilpassa reglar er eit betent tema. Ei av spelarane uttala følgande: «Jeg er lei av at folk alltid skal rakke ned på kvinnefotball...Jeg kjenner jeg blir litt provosert når folk liksom skal drive å si at vi må ha mindre ball og sånn, bare fordi vi ikke er like gode som gutta.»²³³ Etter eg fekk forklart den same spelaren om grunnlaget mitt for å stille spørsmål kring reglementet, var ho langt mindre avvisande til ein diskusjon kring kjønntilpassa reglar: «Det med mindre ball er jeg imot, men kanskje mindre mål kunne vært noe.»²³⁴ Samtalen hadde ei liknande utvikling med fleire av dei andre spelarane eg snakka med. Dette kan indikere at

²³¹ Støre 2016

²³² Aftenposten 20.06.2015

²³³ "Malin" 2015

²³⁴ "Malin" 2015

kvinnefotballspelarane er meir tilbøyelege til å gå inn i ein diskusjon kring kjønntilpassa reglar når dei opplev at innspela er seriøse og gjennomtenkte. Respekt er også ein føresetnad for ein sakleg og konstruktiv diskusjon.

Ein kan argumentere for at kombinasjonen av haldningane til ein del menn, og måten dei har ordlagt seg på opp igjennom, ligg til grunn for at regeltilpassingar innan kvinnefotball er eit betent tema. Støre omtalar problemet slik: «Vi bærer med oss litt mye bagasje fra akkurat den tida hvor vi har vært diskriminert, og jeg syns ikke vi er blitt flinke nok ennå til å skille - mellom konstruktiv kritikk og kritikk... Vi må kunne diskutere ting uten at vi skal gå i skyttergravene med en gang.»²³⁵ Gjennom intervjuet eg har gjennomført med personar frå kvinnefotballmiljøet har eg danna meg eit bilete av kva som spelar inn på korleis innspel vert oppfatta i kvinnefotballen. Etter mitt syn er det avgjerande kva for haldningar og hensikter ein har dersom ein vil prøve å endre noko innan kvinnefotball, og det er også essensielt korleis ein ordlegg seg når ein kjem med forslag. Slik eg ser det bør ikkje kjønntilpassingar i idretten rettferdiggjeras med at det eine kjønnet ikkje er «gode nok». Målet må vere at idretten skal vere best mogleg tilrettelagt for at utøvarane skal kunne prestere, og at utøvarane frå begge kjønn skal få lik moglegheit til å skinne.

Idretts sosiologane Arve Hjelseth og Jorid Hovden har skrive ein artikkel om statusen til kvinnefotball i Noreg, og korleis kvinnefotball vert oppfatta og omtala i diskusjonar på nett. Artikkelen tyder på at mange er kritiske til kvinnefotball, og at det blant desse er relativt vanleg å samanlikne kvinnefotball med herrefotball. Hjelseth og Hovden fann at ei dominerande haldning blant nettdebattantane var at kvaliteten på prestasjonane i kvinnefotball er låg, og at kvinnefotball difor ikkje fortener den same merksemda som herrefotball. Kommentaran til mange av brukarane tyda på at kvinnefotball vart oppfatta som ein andrerangs variant av den meir populære herrefotballen, som igjen vert sett på som normalen og eit referansepunkt med tanke på prestasjonar. Fleire av dei som kritiserte kvinnefotball meinte kvinnene aldri kan nå nivået som er konseptualisert som fotball. Ein debattant utdjupa: «Goalkeepers still can't reach the crossbar, and every shot reasonably close to it ends up in the net.»²³⁶ Nokre av debattantane var meir konstruktive, og meinte at regeltilpassing kan vere eit verkemiddel for å gjere

²³⁵ Støre 2016

²³⁶ Hjelseth & Hovden 2014

kvinnefotball meir attraktivt. Ein av dei som foreslo regeltilpassing meinte slike forslag ofte vart sett som diskriminerande: «If someone says that they are not good enough to play on pitches of the same size and with the same big goals, they will shout about discrimination.»²³⁷ Fleire av dei som foreslo regeltilpassingar for kvinner var inne på tilpassing av ballstørrelse, målstørrelse og banestørrelse. Det er interessant at forfatterane av artikkelen ser ut til å sjå på slike utsegner som rein kritikk av kvinnefotball, på lik linje med andre kommentarar der innhaldet var utelukkande negativt. Forfattarane kategoriserer innspela om kjønntilpassa reglar som diskriminering, og forsøk på å devaluere og trivialisere sporten. For meg er det urovekkande at desse idrettssosiologane tek det som ei sjølvfølge at regeltilpassingar er å rekne som diskriminering og eit nederlag for kvinnene, når så mange andre idrettsgreiner tek kjønntilpassa reglar som ei sjølvfølge. Ein kan til og med seie at i fleire idrettar vil ein rekne det som diskriminerande ikkje å gjere regeltilpassingar. Det må sjølv sagt takast med i betraktninga at mange av desse kommentarane er ordlagde på ein måte som i seg sjølv kan bli sett som diskriminerande, men det er ikkje dermed sagt at sosiologane treng å betrakte alt innhaldet som kvinneforakt.

Hjelseth og Hovden peikar på at mange av debattantane forsvarar diskriminering innan fotballen ved å referere til dei biologiske skilnadene mellom kjønna. Forfattarane hevdar forslag om regeltilpassingar kan sjåast på som ein del av ein strategi for å få kvinnefotball klassifisert som noko anna enn «ordentleg» fotball, slik at menn kan behalde sitt hegemoni innan fotballen. Dei gjev eksempel frå handball og ski, der kvinneklassen ikkje vert sett på som eit avvik frå den «ordentlege» idretten, og spør kvifor dette er annleis i fotball?²³⁸ Dette er eit interessant spørsmål som ein kan diskutere i det uendelege, men i denne oppgåva lyt eg hovudsakleg sjå på det som gjeld regeltilpassingar.

Poenget som er relevant i denne oppgåva, er at eg meiner det er merkeleg å argumentere for at ein ikkje bør lage kjønntilpassa reglar i fotballen fordi ein då diskriminerer kvinnene ved å sette dei i ein eigen bås utanfor fotballen, medan ein på same tid trekk fram handball og ski som døme på idrettar der kvinner ikkje vert sett i bås og diskriminerte, når nettopp desse idrettane tilpassar reglane etter kjønn. Grunnen til at eg

²³⁷ Hjelseth & Hovden 2014

²³⁸ Hjelseth & Hovden 2014

trekk fram dette poenget, er at mange av dei som er motstandarar av kjønnsstilpassa reglar i fotballen nyttar liknande argument. Om ein instinktivt meiner kjønnsstilpassa reglar er diskriminerande kan ein spørje seg: Kva er diskriminering når det kjem til kjønnsstilpassa reglar i idretten? Og kva er god likestilling idretten? Ein kan tenkje seg at mange vil stille seg bak ein av dei to følgjande påstandane: 1. God likestilling vil seie at det er så like forhold som mogleg for menn og kvinner. 2. God likestilling vil seie at forholda er tilpassa kjønna sine respektive føresetnader på en best mogleg måte.

Målet med denne oppgåva er ikkje å kome med nokon fasit på desse spørsmåla, men etter mitt syn er det liten tvil om at det kan vere nyttig for personar som er involvert i idretten å reflektere kring slike spørsmål. Til dømes kan ein sjå føre seg at kvinnelege sandvolleyballspelarar vil meine det vil vere langt meir kvinnesdiskriminerande ikkje å nytte kjønnsstilpassa reglar. Då det kan argumenterast for at det er tilpassing som gjev dei moglegheit til å spele «skikkeleg» volleyball. Det er også viktig å få fram at det ikkje er slik at å stille seg bak påstand nummer to, er det same som å hevde at fotball og alle andre idrettar *må* nytte kjønnsstilpassa reglar. Det er sjølvstøtt ein føresetnad at ein i dei ulike idrettsgreinene reflekterer systematisk og kritisk kring sin eigen praksis, og ser på om det er grunnlag for å nytte kjønnsstilpassa reglar.

Det fins fleire døme frå media på at kjønnsstilpassa reglar vert oppfatta som motstand mot utviklinga av kvinnefotball. I samband med verdsmeisterskapen i fotball for kvinner i 2015 gjorde Aftenposten eit portrettintervju med ein av dei største leiarprofilane i norsk fotball, Karen Espelund. Espelund var den første kvinnelege generalsekretæren i NFF, og den første kvinnelege styremedlemin i UEFA. I intervjuet omtalar ho forslaget om kjønnsstilpassa reglar som motstand mot utviklinga av kvinnefotballen. Espelund trekk også fram ei historie frå ein konferanse i Zurich i 1992 der - dåverande generalsekretær, seinare president i det internasjonale fotballforbundet - Joseph Blatter skal ha leia ein sesjon i FIFA, der han stilte spørsmål ved om ikkje kvinner burde ha tilpassa ball og speletid. Ved dette høvet vart diskusjonen stoppa før han kom i gong då landslagstrener, Even Pellerud, reiste seg og sa: «I have an answer to your question». Deretter bad Pellerud Heidi Støre – som var «en halv meter høyere» enn

han sjølv - om å røyse seg. Då han avslutta med «Do I have to say more» gravla han diskusjonen.²³⁹

Nøyaktig korleis haldningane kring forslaga var blant deltakarane på konferansen er vanskeleg å seie, men det kan sjå ut som Noreg hadde ein sentral posisjon, og dermed ei viss definisjonsmakt, når det kom til kvinnefotball på denne tida. Even Pellerud sitt landslag var rekna for å vere blant dei to beste laga i verda, Per Ravn Omdal sat i FIFA sin damekomité, og Karen Espelund sat i damekomiteen i UEFA.²⁴⁰ Ifølge Støre var det den medisinske komiteen i FIFA som kom med forslag om mindre ball, med bakgrunn i at kvinner har kortare leggbein enn menn.²⁴¹ Slik sett var akkurat dette forslaget fagleg forankra ettersom lengda og vekten på leggbeinet spelar inn på kor langt og kor hardt ein kan slå ballen.²⁴² Det er også vanskeleg å seie noko om korleis forslaga vart presenterte, og om haldningane på denne tida var at kvinner måtte ha tilpassingar fordi dei ikkje var «gode nok». Som nemnt tidlegare er det ein fordel at forslaga har ei fagleg forankring. Det er nærliggande å tru at dette ikkje var tilfelle med forslaget om kortare omgangar, då det er lite forskning som tilseier at kvinner ikkje tolerer å spele to omgangar á 45 minutt. I seinare tid har Blatter blitt kjent for meir tvilsame forslag, som at kvinner skulle spele i hotpants for å auke interessa. Om dette forslaget er noko å gå etter, kan det vitne om at nokre av Blatter sine haldningar til kvinnefotball har vore mindre heldige. Mitt inntrykk er at sistnemnde forslag kan vere med på å devaluere kvinnefotballen, og truleg vil opplevast som nedverdige for mange i kvinnefotballmiljøet. Difor er det desto viktigare at dei som sit i maktposisjonar innan kvinnefotballen ikkje misbrukar sin tillit ved å foreslå ting som faktisk er kvinnediskriminerande, og som er med på å gjere temaet meir betent. Informasjon frå kjeldene mine, tyder på at dette er dei to einaste gongene i «nyare tid» at kjønstilpassa reglar har vore opne til diskusjon i dei store fotballorganisasjonane. Slik sett kan ein seie at det ikkje har vore nokon seriøs diskusjon kring tilpassa reglar, då den første diskusjonen vart gravlagd medan den andre i liten grad kan reknast som seriøs.

Eit anna døme på latterleggjering av forslag om kjønstilpassa reglar fekk ein sjå då NRK meldte at norske kvinnelandslagsspelarar «peker nese til typiske fordommer mot

²³⁹ Sitata i dette avsnittet er henta frå Aftenposten 15.06.2015

²⁴⁰ Omdal 2016

²⁴¹ Støre 2016

²⁴² Andersen et al. 2012

kvinnefotball». ²⁴³ I ein parodi-dokumentar sendt på NRK, gjekk fleire kvinnelege landslagsspelarar langt i å latterleggjere eventuelle forslag til kjønntilpassa spelereglar. Med ein ironisk tone framstiller dei forslag om tilpassa spelereglar som like dumt som å ikkje kunne spelereglane, eksempelvis hands- og offsideregelen. Det er ikkje dermed sagt at desse spelarane står for dei haldningane som innslaget syner, og ein skal sjølvstund ikkje legge for mykje tyngde i noko som er meint som eit humoristisk innslag. Likevel er det dumt å undervurdere signaleffekten av at store profilar og førebilete deltek på slike innslag, då dei er å rekne for opinionsleiarar innan kvinnefotballmiljøet.

Det er ikkje uproblematisk å hevde at kvinnefotball bør nytte særskilde reglar, men etter mitt syn er det svært kritikkverdig at profilar både på spelar- og leiarsida gjev uttrykk for at forslag om tilpassa reglar ikkje eingong har gjort seg fortent til ei seriøs vurdering. Det er godt mogleg desse profilane undervurderer si eiga definisjonsmakt, og at dei ikkje er klar over at dei som førebilete er med på å legitimere slike haldningar. Slik eg ser det bør det vere rom for å stille spørsmål knytt til utviklinga av sporten i eit demokratisk samfunn, og slike utsegner kan minne om hersketeknikk som ikkje høyrer heime i eit sunt utviklingsmiljø. Latterleggjering av moglege innspel kan drepe ein diskusjon før han i det heile har vore oppe til debatt. Slike haldningar kan bidra til at det ikkje vert aksept for å stille spørsmål, noko som er skremmande lite demokratisk. Er det nødvendigvis riktig at nokre få toppar skal legge føringar for korleis fotball bør spelast heilt ned på breiddeivå? Er det sjølvstund at reglane ein «alltid» har nytta er dei beste for begge kjønn, og for spelarar på alle nivå? Uavhengig av kva ein måtte meine, er det vanskeleg å argumentere for at slike spørsmål ikkje fortener ein open og sakleg diskusjon.

²⁴³ Synt på NRK 1, 16.06.2015

6. Ei filosofisk tilnærming til kjønnsstilpassa reglar i fotball

Når ein skal vurdere om det fins grunnlag for ein etisk diskurs kring kjønnsstilpassa reglar i fotball, kan det vere fruktbart å velje ein filosofisk innfallsvinkel i søken etter svar. Denne delen vil ta utgangspunkt i nokre av tankane til Sigmund Loland, då eg meiner dei eignar seg godt som rammeverktøy for ein filosofisk diskusjon kring temaet.

Med bakgrunn i oppgåva sitt omfang er det nødvendig å avgrense filosofidelen for å gjere den mogleg å gjennomføre. For å avgrense, vil eg legge nokre premisser for den filosofiske diskusjonen. Følgande premisser er ikkje eit uttrykk for mine meiningar, men har sin bakgrunn i informasjon som kjem fram gjennom historiedelen, samt informasjonen eg presenterte frå artikkelen til Hjelseth og Hovden tidlegare i oppgåva:

- Historisk sett har menn styrt mykje av utviklinga innan idretten, og dei fleste idrettsgreiner er utforma etter menn sine fysiske eigenskapar. Difor er det ofte meir relevant å diskutere kjønnsstilpassingar for kvinner enn for menn.
- Blant anna på grunn av historia er det herrefotballen som set standarden for kva forventningar ein har til fotball, og kva som er mogleg å prestere. Enkelt sagt - Herrefotball set standarden for oppfatninga mange har av kva fotball er.
- Kvinnefotball vert av mange samanlikna med herrefotball.

Det fins mange innfallsvinklar til ein diskusjon kring kjønnsstilpassa reglar, og ein kan med fordel gå i djupna på normative teoriar, samt omgrep som rettferd, likskap og menneskesyn for å få eit meir heilskapleg bilete på problemområdet. På grunn av omfanget av oppgåva har eg valt berre å skrape overflata på desse omgrepa. Eit av måla med oppgåva er å sjå om det fins grunnlag for debatt, ikkje nødvendigvis å drøfte alle relevante sider ved debatten. Difor vil hovudfokus vere å drøfte konstruktive alternativ til dagens praksis, utan å kome med noko svar på kva for alternativ som er best.

Det fins mange syn på kva som er likskap, ulikskap, og kva som er grunnlag for forskjellsbehandling. Denne delen vil ta utgangspunkt i nokre av mine idear forankra i filosofiske teoriar og normer. Det er ikkje dermed sagt at desse ideane er å rekne som

ein fasit. Målet er at ideane skal danne grunnlag for ein etisk diskurs, noko som vil gje oss ein meir nyansert debatt enn me har hatt fram til i dag.

6.1 Den etiske diskursen

I denne delen vil eg forsøke å legitimere ein etisk diskurs kring kjønnsstilpassa reglar i fotball. Eg vil også prøve å få fram at kritisk og systematisk refleksjon kring temaet er til idrettens beste, og ikkje bør bli sett på som motstand.

Ifølge Loland er det viktig med kontinuerleg etisk refleksjon innan idretten, som i resten av samfunnet.²⁴⁴ Slik eg tolkar Loland inneber dette blant anna at ein ikkje blindt skal akseptere føringane dei leiande idrettsorganisasjonane legg for oss som enkeltindivid. Det er ikkje nødvendigvis slik at den gjeldande praksisen når det kjem til reglar og klassifisering i ein gitt idrett, er den beste for dei som ynskjer å drive idretten. Rett nok er det frivillig å delta i idrett, og eit kriterium for å delta er at ein aksepterer reglane, men det er ikkje dermed sagt at den gjeldande praksisen ikkje kan diskuteras.

Med bakgrunn i informasjonen eg har presentert i historiedelen, kan ein argumentere for at det ikkje er kritisk og systematisk refleksjon som ligg til grunn for reglane NFF og FIFA har avgjort at kvinnefotballspelarar skal nytte. Difor ser eg det som uheldig at leiande krefter innan kvinnefotballen bevisst eller ubevisst legg hindringar for ein etiske diskurs kring temaet. Den etiske diskursen kan sjåast som ein metode der ein søker einigheit i den opne og ærlege diskusjonen. Ved å latterleggjere ideen om kjønnsstilpassa reglar i kvinnefotball eller karakterisere den som motstand, bryt eksempla frå del 5.2 med kriteria for ein etisk diskurs. Dersom slike dogmatiske haldningar vert akseptert, kan ein argumentere for at delar av kvinnefotballmiljøet bidreg til å skape eit usunt og lite demokratisk utviklingsmiljø for sin eigen idrett. Heidi Støre meiner skyttergravsmentaliteten innan delar av kvinnefotballmiljøet kan stå i vegen for ei sunn utvikling av idretten, og at kvinnefotballen no er moden for å setje strek over kjensler knytt til diskrimineringa ein har opplevd tidlegare.²⁴⁵ Kriteria for ein etisk diskurs baserer seg blant anna på at dei ulike partane er villige til å lytte til innspel og spørsmål, samt at partane er opne for å la seg overtyde dersom dei møter betre argument. Den amerikanske filosofen William Morgan er oppteken av at «alle idrettsmiljøer bør være

²⁴⁴ Loland 2015

²⁴⁵ Støre 2016

reflekterende verdifelleskaper som er flinkere til å avsløre vikarierende argumenter, og som tar større ansvar for sin egen utvikling.»²⁴⁶ Om ein aksepterer at opinionsleiarar stemplar spørsmål og innspel kring kjønntilpassa reglar som dumme eller motstand utan tilstrekkeleg grunngeving, kan dette tyde på til eit lite reflektert idrettsmiljø.

6.2 Kvifor tilpasse? Eit filosofisk perspektiv

I denne delen vil eg drøfte klassifisering og tilpassa reglar i idrett. Når Loland skriv om fair play i boka *Idrettsetikk*, tek han føre seg fleire undertema. Eit av desse handlar om at utøvarar innan idretten skal ha lik moglegheit for å prestere. I konkurranseidretten vert utøvarar målt, samanlikna og rangert etter prestasjonar. I denne samanhengen bør idretten forsøke å sikre rettferdige konkurransar. Loland utdjupar: «Vi behandlar alle likt i den forstand at alle bør ha samme muligheter til å prestere. Likhetsnormen er: Alle konkurrenter bør ha lik mulighet for prestasjon!»²⁴⁷ Slik eg tolkar Loland er det essensielle at alle bør ha lik moglegheit for å prestere, ikkje at alle skal behandlast heilt likt. I enkelte tilfelle kan det dermed vere meir urettferdig å behandle folk likt, enn å differensiere på bakgrunn av ulikskapar. Vidare problematiserer Loland at både ytre forhold og store skilnader i utøvarar sine økonomiske og teknologiske ressursar kan spele inn på prestasjonen. Denne oppgåva vil ikkje gå inn på desse områda, men heller fokusere på korleis personavhengige ulikskapar kan spele inn på prestasjon.

6.2.1 Kva for personavhengige ulikskapar kvalifiserer for ulik behandling i idretten? Kva er relevante ulikskapar innan idrett?

I likskap med dei fleste demokratiske samfunn forsøker også idretten å eliminere eller kompensere for bestemte formar for personavhengige ulikskapar. Ifølge Loland er det relativt stor konsensus kring følgande norm:

Vi bør eliminere eller kompensere for ulikheter som har betydelige konsekvenser for dem det angår, men som enkeltpersoner ikke kan kontrollere eller påvirke i særlig grad, og som de derfor ikke uten videre kan tillegges ansvar for!²⁴⁸

I mange tilfelle forsøker idretten å følge denne norma for likskap. Dersom ein plukkar sitatet frå kvarandre kan ein bli sitjande att med fleire spørsmål. Folk har ulike

²⁴⁶ Loland 2002a: 18

²⁴⁷ Loland 2015: 89

²⁴⁸ Loland 2015: 90

oppfatningar når det gjeld kva ein kan kontrollere eller påverke. Menneskesyn kan også spele inn på kva ein meiner enkeltpersonar kan tillegast ansvar for. Omfanget av oppgåva gjer at eg ikkje har høve til å gå i djupna på menneskesyn. Difor nøyer eg meg med å diskutere kva enkeltpersonar ikkje kan tillegast ansvar for i idrettssamanheng.

Ein kan argumentere for at personar ikkje kan tillegast ansvar for langsame muskelfibrar og andre genetiske disposisjonar. Likevel er det mogleg å utvikle mange av dei fysiske eigenskapane til ei viss grad. Alder, kjønn og høgde føyer seg ikkje inn i denne kategorien. Desse ulikskapane kan ikkje påverkast utan hjelp frå unaturlege prosessar. Nokre av ulikskapane ein forsøker å kompensere for i dagens idrett er alder, vekt, funksjonshemming og kjønn. Idretten kompenserer gjerne for ulikskapane ved å dele inn i klassar. Kva ein bør kompensere for, avheng av kva for kvalitetar som vert sett på som kritiske for prestasjonen i den aktuelle idretten.

I mange idrettar spelar vekt ei avgjerande rolle med tanke på utfallet av konkurransen. Innan idrettar som boksing, bryting og vektløfting opererer ein med vektclassar for å kompensere for ulik kroppsstørrelse. Denne typen klassifisering er gjort på bakgrunn av at vekt er ein kritisk kvalitet for prestasjon i dei aktuelle idrettane. Eksempelvis vil ein brytar på 100 kg sannsynlegvis ha få problem med å slå ein brytar på 50 kg, uavhengig av om den lettaste brytaren er best teknisk. Det er ein tydeleg korrelasjon mellom høgde og vekt. Sjølv om vekt spelar inn på prestasjonen i mange idrettar, kan ein argumentere for at det er meir vesentleg å klassifisere etter høgde, då det i større grad er mogleg å påverke si eiga kroppsvekt. Dersom det i nokre idrettar er ein fordel å vere så tung som overhovudet mogleg, vil dette sjølv sagt reise nokre etiske spørsmål. I slike tilfelle kan ein argumentere for at vektclassar vil bidra til eit sunnare konkurransemiljø.

Dei aller fleste idrettar klassifiserer etter alder og kjønn. Unge utøvarar får som regel konkurrere mot utøvarar på sin eigen alder, og menn og kvinner konkurrerer oftast i ulike klassar. Dette har samanheng med at vaksne som regel har fysiske fordelar ovanfor born, og menn det same ovanfor kvinner på seniornivå. Det er liten tvil om at det er rimeleg å klassifisere etter alder. Det gjev lite meining at eit gutelag på 16 år spelar mot eit knøttelag bestående av seksåringar. Sjølv om alder spelar inn på prestasjonsnivået i mange idrettar, gjev det i nokre idrettar meir meining å klassifisere etter fysisk alder framfor reell alder.

Mykje tyder på at det er store skilnader mellom menn og kvinner sine fysiske eigenskapar på seniornivå. Testresultat og verdsrekordar gjev ein tydeleg indikasjon på dette.²⁴⁹ Slik sett er det rimeleg at mange idrettar klassifiserer etter kjønn. Kva for ulikskapar som er relevante – om det i det heile teke er nokon – varierer frå idrett til idrett. Menn ser ut til å ha ein fordel samanlikna med kvinner blant anna når det kjem til spenst, styrke, hurtigheit og uthald. I tillegg fins det mange idrettar der antropometriske mål eller kroppsstørrelse spelar inn. Menn er gjennomsnittleg større enn kvinner, og i dei idrettane der det er ein fordel å vere stor er det liten tvil om at menn har eit fortrinn.

Det kan argumenterast for at kriteria idretten tek i bruk for klassifisering ikkje alltid gjev like mykje meining. Om idretten skulle vore konsekvent, kunne han med fordel hatt fleire klassar dersom målet er jambyrdige konkurrentar og lik moglegheit for prestasjon. Til dømes kan ein argumentere for at klassifiseringa i volleyball er lite inkluderande, og ikkje innbyr til at flest mogleg skal få glede av idretten. Her kunne ein med fordel nytta høgdeklassar. Bakgrunnen for ein slik argumentasjon er at det ser ut til at høgde er ein så kritisk kvalitet innan volleyball at berre nokre få prosent av befolkninga har moglegheit til å nå verdstoppen uavhengig av treningsmengde. Gjennomsnittshøgda til spelarane på det norske kvinnelandslaget i volleyball (utan libero) var 181 cm i 2015, medan på herresida var gjennomsnittshøgda 196 cm. Dette var høvesvis seks og fire cm under gjennomsnittshøgda på laga som vann VM i 2014.²⁵⁰ Tal frå *Norsk Monitor* tyder på at berre ein prosent av norske kvinner er like høge eller høgare enn gjennomsnittet på det norske landslaget, medan på herresida er halvanna prosent av norske menn over gjennomsnittet.²⁵¹ Om ein samanliknar med vinnarlaga frå VM i 2014, er tala for kvinner 0,1% og 0,5% for herrane.²⁵² I idrettar der grunnlaget for klassifisering ikkje er til stades, kunne ein derimot hatt færre klassar. Eit døme på dette er kjønnsklassane som vert nytta ved nokre av skyteøvingane under dei olympiske sommarleikane. Her er det lite forskning som tyder på at det eine kjønn skal vere betre disponert for å prestere i idretten. Under landsskyttarstemnet i Noreg opererer ein ikkje med kjønnsklassar, og dei siste ti åra har me hatt to skyttardronningar.

²⁴⁹ Haugen 2009

²⁵⁰ Hansen 2015

²⁵¹ Norsk Monitor er ein omfattande sosiokulturell studie gjennomført annakvart år sidan 1985

²⁵² Ipsos 2014

6.2.2 Relevante ulikskapar i fotball

Det er vanskeleg å gje noko fasitsvar på korleis klassifisering bør gå føre seg, og kva klassifisering bør innebere. Det kunne vore interessant å bruke mykje tid på å problematisere og reflektere kring klassifiseringspraksisar, men temaet for oppgåva gjer det naturleg å fokusere på klassifisering basert på kjønn. Nokre idrettar ser ut til å nøye seg med å dele inn i kjønnklassar utan at dette medfører tilpassing av reglementet, medan andre gjer endringar i reglementet for å legge til rette for kjønna sine respektive eigenskapar. I dag høyrer fotballen til den første gruppa, då menn og kvinner konkurrerer i ulike klassar med identiske spelereglar. I denne delen av oppgåva vil eg sjå på kva som ligg til grunn for kjønnklassifiseringa i fotball.

Naturvitskapen er tydeleg på at menn og kvinner har ulike fysiske føresetnader. I fotballspelet ser det ut til at desse skilnadene spelar ei avgjerande rolle. Eg har tidlegare antyda at det i mange idrettar er rimeleg å klassifisere etter kjønn, på bakgrunn av ulikskapane mellom kjønna sine fysiske eigenskapar. Fotballspelet stiller krav til ei kompleks samansetjing av fysiske eigenskapar. Velutvikla fysiske eigenskapar er viktig for å lukkast som fotballspelar, og ein kombinasjon av spenst, styrke, uthald og hurtigheit spelar inn på prestasjonen.²⁵³ Innan alle desse eigenskapane er kjønnforskjellane i gjennomsnitt relativt store. Gjennomsnittleg er det også stor skilnad på dei antropometriske måla hjå menn og kvinner. Kva for fysiske eigenskapar som er viktigast varierer ut frå kva rolle ein har på fotballbana. På bakgrunn av ulikskapane mellom menn og kvinner sine fysiske eigenskapar og arbeidskrava i fotball, kan ein argumentere for at det er rimeleg å klassifisere etter kjønn.

Ifølge Thomas Haugen ser hurtigheit ut til å vere den aller viktigaste fysiske eigenskapen i fotball. Haugen har skrive doktoravhandling om viktigheita av hurtigheit i fotball, og konkluderer mellom anna med at det på gruppenivå er korrelasjon mellom hurtigheit og kva for nivå ein spelar på. Dette gjeld både lineær sprint og agility (løpshurtigheit med retningsforandringar).²⁵⁴ Hurtigheit er gjennomgåande viktig i fotball, og nyttast av spelarar i alle posisjonar og i dei fleste situasjonar. Datamateriale basert på testar gjort ved Olympiatoppen i perioden 1995-2010 indikerer at elitespelarar for menn i gjennomsnitt er om lag 14% raskare enn elitespelarar for kvinner på 40 meter

²⁵³ Haugen, Tønnesen, Hisdal, & Seiler 2014

²⁵⁴ Haugen et al. 2014

sprint. Dette resulterer i at dei mannlege elitespelarane spring i overkant av 1,1 meter lengre per sekund enn sine kvinnelege kollegaar.²⁵⁵

Spenst spelar ei avgjerande rolle i luftduellar og til ei viss grad ved avslutningar, med tanke på kor stor rekkevidde ein har. Rekkevidde er essensielt for ein fotballkeeper, og det er grunn til å tru at spenst er spesielt viktig for å meistre keeperrolla.²⁵⁶

Datamateriale frå testar gjort ved Olympiatoppen i perioden 1995-2010 indikerer at elitespelarar for menn i gjennomsnitt hoppar i overkant av 30% høgare enn elitespelarar for kvinner når ein testar svikthopp.²⁵⁷

«Absolutt styrke er viktig for å flytte på et eksternt objekt som for eksempel en ball eller en motstander, mens relativ styrke er viktig for å transportere egen kroppsvekt, spesielt ved akselerasjon og retardasjon i fotball». ²⁵⁸ Det kjem fram av sitatet at styrke kan spele inn på både spenst og hurtigheit i fotball. I tillegg er velutvikla styrke ein fordel når det kjem til duellkraft på fotballbana. Med tanke på tilslag er teknikken avgjerande, men også styrke spelar inn på kor langt og kor hardt ein kan slå ballen. Det fins ingen standard for testing av styrke hjå fotballspelarar, og slik sett er det vanskeleg å seie mykje om skilnaden mellom fotballrelatert styrke hjå menn og kvinner.²⁵⁹ Treningslæra er tydeleg på at styrke har ein positiv korrelasjon med muskeltverrsnitt, og slik sett også kroppsstørrelse. Ut i frå dette kan ein seie at mannlege fotballspelarar har eit fortrinn når det kjem til fotballrelatert styrke.

Sjølv om fotballen i dag har mindre fokus på VO_{2max} enn tidlegare, spelar uthald framleis ei sentral rolle. Uthald er eit komplekst omgrep i fotballsamanheng. På same måte som med hurtigheit, ser det på gruppenivå ut til at det er korrelasjon mellom VO_{2max} og kva for nivå ein spelar på.²⁶⁰ Det er også korrelasjon mellom kor langt ein spring i løpet av ein kamp, og kva for nivå ein spelar på. Kor mange involveringar spelarar kan gjennomføre med høg intensitet, ser likevel ut til å vere viktigare enn kor langt ein spring i løpet av ein fotballkamp. Skilnaden mellom kor langt mannlege og kvinnelege fotballspelarar spring i kamp er ikkje så stor. Sjølv om mannlege spelarar

²⁵⁵ Haugen et al. 2014

²⁵⁶ Haugen, Tønnesen, & Seiler 2012

²⁵⁷ Haugen et al. 2014

²⁵⁸ Wisløff, Salveson, & Sigmundstad 1998: 19

²⁵⁹ Wisløff et al. 1998

²⁶⁰ Haugen, Tønnesen, Hem, Leirstein, & Seiler 2014

spring noko lengre enn kvinnelege, ser det ut til at skilnaden mellom kjønna er langt større når det kjem til kor mange løp ein utfører med høg intensitet. Dette gjer seg gjeldande ved at mannlege spelarar ser ut til å kunne gjennomføre i overkant av 50% fleire sprintar og retningsendringar med høg intensitet enn sine kvinnelege kollegaar.²⁶¹

Om antropometriske mål spelar inn på prestasjonen i fotball, avheng av kva posisjon ein spelar i. Mange kroppstypar har moglegheit til å lukkast i fotball. Innanfor rimelege grenser kan spelarar i verdsklasse vere både høge og låge, tunge og lette. Keeperplassen er eit unntak, der spelarane som regel er relativt høge. Ein kan argumentere for at keeperrolla stiller dei strengaste krava til genetikk i form av antropometriske mål. I denne samanhengen er det relevant å trekke fram tal frå Norsk Monitor som syner at menn i gjennomsnitt er drygt 13 cm høgare enn kvinner. At keeperrolla stiller strenge krav til antropometriske mål kjem til syne i Premier League - ein av dei mest populære fotballigaane i verda - der gjennomsnittshøgda på førstekeeperane er 194 cm.²⁶² På det norske herrelandslaget ligg gjennomsnittet på 191 cm, medan på kvinnesida er landslagskeeperane 174 cm i gjennomsnitt. Det er også grunn til å tru at ulikskapar i beinstruktur og kroppsstørrelse gjev menn fortrinn når det gjeld evna til å kaste langt.²⁶³

6.3 Ulike praksisar for klassifisering og regeltilpassing

Om ein tek utgangspunkt i skilnadene mellom menn og kvinner sine fysiske eigenskapar kan det forsvarast at ein praktiserer kjønnsklassifisering i fotballen. Likevel kan ein argumentere for at dei ovannemnde ulikskapane ikkje spelar nokon rolle, ettersom kvinner konkurrerer mot andre kvinner. På den andre sida kan ein argumentere for at kvinner ikkje har lik moglegheit til å prestere som sine mannlege kollegaar, som det ser ut til at dei ofte vert samanlikna med. Spelereglane er trass alt utvikla av og for menn. Som me har sett gjer dei fleste andre ballspel, i motsetnad til fotball, justeringar i spelereglane. Følgande del vil diskutere dette i samanheng med korleis ein kan oppnå lik moglegheit for prestasjon i fotball. Dersom ein skal forsøke å legge til rette for at kvinner får lik moglegheit til å prestere som menn, kan det vere nyttig å sjå nærare på omgrepa prestasjon og likskap.

²⁶¹ Krustrup, Mohr, Ellingsgaard, & Bangsbo 2005

²⁶² EA Sports 2016

²⁶³ Geary 2009

Gjennom intervjusituasjonane har eg erfart at prestasjon er eit vidt omgrep, og kva ein legg i det kan variere frå person til person. Nokre kan sjå det som ein prestasjon å fullføre ein maraton, medan andre ser det som eit nederlag dersom dei ikkje er i mål på 2:20. Slik sett kan ein seie at prestasjon er eit relativt omgrep som gjerne er knytt til forventningar, og noko utanom det vanlege i positiv forstand. Kjørmo omtalar prestasjon som beundringsverdig åtferd eller «atferd som på en eller annen måte blir positivt vurdert av andre mennesker.»²⁶⁴ Dermed er det relevant å spørje kva ein legg i lik moglegheit for prestasjon? Kva ein meiner med likskap er også eit definisjonsspørsmål. Det fins fleire syn på korleis ein best oppnår lik moglegheit for prestasjon. Under vil eg presentere nokre av praksisane eg ser som mest interessante, samt diskutere eventuelle konsekvensar av å gjennomføre desse. Det bør presiserast at følgande diskusjon tek utgangspunkt i idrett på seniornivå, og i tur fotball på toppnivå. Dette fordi fotballen allereie har gjort nokre regeltilpassingar basert på nivå. Ein av desse regeltilpassingane gjeld praksisen for spelarbyte. Innan toppfotballen er det berre lov med tre innbyte for begge kjønn, medan ein i 3. divisjon for herrar kan gjere fem spelarbyte. Frå og med 2. divisjon for kvinner og 4. divisjon for menn og nedover, kan ein gjere sju spelarbyte og spelarar som er bytt ut kan bytast inn att. Det fins også regeltilpassingar som hovudsakleg går på krav til stadion. Oppgåva vil ikkje diskutere krava til kamparena med unntak av krava som gjeld banestørrelsen.²⁶⁵

6.3.1 Ingen klassar på seniornivå, like reglar for alle

I den eine enden av skalaen kan ein argumentere for at klassifisering i seg sjølv er diskriminerande eller unødvendig, og at alle utøvarar bør konkurrere mot kvarandre uavhengig av kjønn og fysiske føresetnader. Reint bokstaveleg vil dette medføre at alle utøvarar vert behandla heilt likt, utan at ein tek omsyn til fysiske føresetnader. På den eine sida kan ein argumentere for at eit slikt ekstremt syn vil gjere det vanskeleg for personar med funksjonshemming å oppnå suksess gjennom idretten. På den andre sida kan det sjå ut som den teknologiske utviklinga kan føre til at funksjonshemma kan konkurrere mot funksjonsfriske i nokre øvingar. På sikt kan ein sjå føre seg at den teknologiske utviklinga av «hjelpemiddel» for funksjonshemma blir så avansert at den utkonkurrerer dei fysiske eigenskapane ein kan oppnå som funksjonsfrisk. Spørsmål kring funksjonshemma si deltaking i lag med funksjonsfriske har allereie vore reist i

²⁶⁴ Kjørmo 1994: 69

²⁶⁵ Norges Fotballforbund 2016

dagens toppidrett. Nokre av dei mest kjente sakene omhandlar Markus Rehm - som har ein personleg rekord som ville heldt til sølv i lengdehopp under London-OL - og den mykje omtala Oscar «Blade Runner» Pistorius, som fekk delta i sprint under London-OL. Det er vanskeleg å sjå føre seg at det med det første vert utvikla «hjelpemiddel» som kan gje fordelar i idrettar med eit meir samansett rørslemønster. Dersom dette skjer kan problemstillinga også bli aktuell i fotball.

I mellomtida er det meir aktuelt å snakke om kvinner si deltaking saman med menn. Filosofiprofessoren Torbjörn Tännsjö foreslår at menn og kvinner skal konkurrere i same klasse.²⁶⁶ Kort oppsummert grunngjev han dette synet med at kjønnsdiskriminering ikkje er akseptert elles i samfunnet, og spør kvifor ein då skal akseptere det i idretten? Han hevdar ulikskapar mellom kjønna er irrelevant, og at det avgjerande er at den beste utøvaren vinn. Mange vil nok argumentere for at ei slik inndeling vil være urettferdig, ettersom ein etterlet veldig mykje til det genetiske lotteriet. På den andre sida ligg ein slik praksis tett opp mot rein prosedyrerettferd, og kan slik bli oppfatta som den mest rettferdige løysinga. Ein mogleg konsekvens av ein idrett utan klassar, kan vere at kvinner i mykje mindre grad vil ha moglegheit til å oppnå anerkjenning gjennom sportsleg suksess. Innan fotballen kunne ein konsekvens vore at ein berre fekk nokre få, eller ingen kvinner med moglegheit til delta i toppfotballen. Ei slik inndeling kan føre til at kvinner vert mindre motivert for å halde på med fotball og mange andre idrettsgreiner der menn har fysiske fordelar. På sikt kan ein sjå føre seg at dette vil føre til eit lågare aktivitetsnivå i befolkninga. Etter mitt syn vil ein klasselaus idrett vere ekskluderande og bidra til ei negativ utvikling for idretten. Det kan argumenterast for at ei slik inndeling ikkje vil gje kvinner lik moglegheit for å prestere som menn. Spesielt dersom ein høyrer til dei som knyt prestasjon til sportslege resultat.

6.3.2 Klassifisering basert på individuelle kjenneteikn, reglar basert på individuelle føresetnader

I den andre enden av skalaen kan ein argumentere for at det ikkje er rom for alle i idretten, og at han er for lite inkluderande slik han er i dag. Mange idrettsgreiner gjev liten eller ingen moglegheit til å lukkast for personar som har vore «uheldige» i det genetiske lotteriet. Ifølge Loland burde ideelt sett «all klassifisering i idrett foregått som vektclassifisering – den skulle vært basert på individuelle kjennetegn og ikke på

²⁶⁶ Tännsjö attgjeve i Tamburrini 2000: 123

statistiske generaliseringer. Jeg bør ikke klassifiseres etter hva menn på min alder vanligvis kan prestere, men etter mine individuelle forutsetninger uavhengig av kjønn og alder.»²⁶⁷ Ei slik form for klassifisering kan gje fleire moglegheit til å konkurrere på like vilkår. Ein ville då konkurrert mot meir jambyrdige motstandarar, med tilnærma like føresetnader for å prestere. Det kan argumenterast for at ein slik praksis kunne bidrege til ein meir inkluderande idrett, med rom for fleire typar i konkurranseidretten. Dersom ein tek sandvolleyball som eksempel kan ein argumentere for at herrar på under 180 cm har liten eller ingen sjanse til å nå verdstoppen i dag. Om ein hadde delt inn etter individuelle kjenneteikn som høgde og spenst ville ein fått fleire klassar, og dermed kunne fleire hatt ein reell sjanse til å nå toppen i si klasse. Likevel kan ein sjå føre seg at sandvolleyballen som ville blitt spelt i klassane med dårlegast rekkevidde ikkje ville likna på spelet me ser i toppidretten i dag. Det harde angrepet - eller smash – er med på å definere spelet, og er i dag ein stor del av kva ein forventar å sjå i sandvolleyball. Dersom ein tek utgangspunkt i Kjørmo sin definisjon av prestasjon, kan ein argumentere for ei sentral handling som smash er å rekne for beundringsverdig åtferd i sandvolleyball. Slik sett kan ein seie at utøvarane med dårlegast rekkevidde ikkje har lik moglegheit for prestasjon som dei med størst rekkevidde, trass i ei meir omfattande klassifisering.

For å gje fleire utøvarar moglegheit til å utføre beundringsverdige handlingar kunne ein i tillegg til å klassifisere, tilpassa reglane med bakgrunn i fysiske føresetnader i dei idrettane der dette vil gje likare moglegheit til prestasjon. Om sandvolleyballspelarane med dårlegast rekkevidde ikkje har moglegheit til å utføre handlingar som av mange vert oppfatta som ein sentral del av prestasjonen i spelet, kan ein argumentere for at det er urettferdig ikkje å tilpasse reglane etter individuelle føresetnader. Slik sett kan ein seie at det bør vere eit samsvar mellom spelereglane og klassifiseringa. Dersom ein meiner gode prestasjonar kan knytast til handlingar i idrett, er det i nokre idrettar nødvendig å tilpasse spelereglane for at alle skal få lik moglegheit til å prestere.

Det er vanskeleg å seie noko om korleis fotballen hadde blitt sjåande ut med eit slikt system. Det er på ingen måte gitt at den «beste» fotballen hadde blitt spelt i klassen for dei med dei beste fysiske føresetnadene. Dette avheng av om det hadde vore tillate for dei med dårlegare fysiske føresetnader å delta i klassane for dei med betre føresetnader

²⁶⁷ Loland 2002a: 53

dersom dei andre ferdigheitene deira var gode nok til å kompensere for dei fysiske ulikskapane. Ein slik praksis har ein i boksing i dag, der lettare boksarar fritt kan delta i vektclassar som ligg over - men ikkje under - klassen dei høyrer til. Om dette vart tilfelle i fotball kan ein sjå føre seg at den mest prestisjetunge klassen ville vore den med best fysikk. Eventuelt kunne ein hatt ein open klasse, som moglegvis ville sett lik ut som dagens toppnivå. Ein kan sjå føre seg at idretten med ei slik inndeling kunne stått i fare for å vatne ut sitt eige produkt. Med for mange klassar kunne det fort blitt uoversiktleg for tilhengarar, samt vanskeleg å gjennomføre både med omsyn til organisering og testing i samband med klassifiseringa. Med eit individualiserande klassifiseringsregime i idretten kunne konsekvensane vore at ein på same måte som i 5.3.1 enda opp med å devaluere kvinneidretten, då dei i mange greiner ikkje ville fått moglegheit til å konkurrere på toppnivå.

6.3.3 Klassifisering etter kjønn, like reglar for alle

Praksisen med klassifisering etter kjønn og like reglar for alle er mindre kontroversiell i dagens idrett. Me finn fleire døme på slik klassifisering i friidretten. Høgdehopp, lengdehopp og fleire sprintøvingar går inn under denne praksisen. Mange vil hevde dette er den beste praksisen, og at ein slik sikrar at ingen av kjønna vert diskriminerte. På denne måten vil kvinner konkurrere mot kvinner, og menn mot menn. Det er liten tvil om at dette kan bidra til å gje like moglegheiter for å prestere, men er det alltid nok å dele inn etter kjønn? Når ein kjenner til idrettshistoria og kor mykje menn har hatt å seie for utviklinga, er det fristande å svare nei. Idrettar som er utvikla av menn, har gjerne reglar og utstyr som hovudsakleg er tilpassa menn. I idrettar som 100 m sprint og lengdehopp spelar ikkje utstyret eller eventuelle hindringar ei stor rolle for korleis publikum og utøvarane opplev idrettsprestasjonen. Dersom ein ser på hekkeløp er saka ei anna. Til dømes er den kortaste hekkedistansen for kvinner i OL 100 meter, medan herrane spring 110 meter. I tillegg har dei tilpassa høgda på hekkane etter kjønna sine fysiske føresetnader, noko som har resultert i at kvinnehekkane er om lag 23 cm lågare enn herrane sine.²⁶⁸ Om kvinner skulle passert dei same hindringane som menn, kunne dei mista rytmen som kjenneteiknar løpet, og det kunne i større grad blitt hekkehopp og ikkje hekkeløp. Regeltilpassingane er gjort med bakgrunn i dei ulike fysiske føresetnadene hjå kvinner og menn. Skilnader i eksplosiv styrke, høgde og steglengd spelar inn, og difor har ein gjort tilpassingar etter kjønn.

²⁶⁸ International Association of Athletics Federations 2016

I fotball har ein ikkje gjort slike regeltilpassingar, og slik sett er det ikkje nødvendig å spekulere i korleis det vil fungere med kjønnsklassifisering utan regeltilpassingar i fotballen. Kvinner spelar mot kvinner, menn mot menn, med like rammer og spelereglar. Sjølv om dette er ein vanleg praksis i idretten, er det verdt å merke seg at identiske reglar for menn og kvinner er svært uvanleg innan ballspel for lag. Ein kan argumentere for at ballar, mål og bane er utstyr eller eksterne «hindringar» som spelar ei stor rolle for korleis spelet vert utført og oppfatta. Med dette i bakhovudet er det grunn til å sjå nærare på korleis det ville slått ut om fotballen hadde nytta kjønnsstilpassa reglar for å kompensere for dei ulike fysiske føresetnadene hjå menn og kvinner.

6.3.4 Klassifisering etter kjønn, kjønnsstilpassa reglar

Praksisen med klassifisering etter kjønn og kjønnsstilpassa reglar er også relativt vanleg innan idretten i dag. Slik sett er det mindre krevjande å sjå føre seg korleis denne praksisen kan gjennomførast i idretten. I dag finn ein fleire døme frå friidrett og turn. Innan turn og nokre delar av friidrett vert tilpassingane svært synlege, då menn og kvinner konkurrerer i ulike greiner. Døme på dette kan vere skranke i turn, og mangelkamp i friidrett. I friidretten finn ein også døme på mindre synlege justeringar. Tilpassing av kastobjektet i idrettsgreiner som sleggekast, kulestøyt, diskoskast og spydkast er døme på dette. Innan ballspelidrettane er det også vanleg å gjere regeltilpassingar etter kjønn. Idrettar som handball og volleyball klassifiserer etter kjønn, og nyttar tilpassa reglar med bakgrunn i gjennomsnittlege skilnader i kjønna sine fysiske føresetnader.

Tilhengarar av praksisen som vert omtala under 5.3.3 vil nok seie at praksisen ein nyttar i fotball er rettferdig fordi kvinner møter andre kvinner, og at dei slik får lik moglegheit for prestasjon som menn. Likevel kan ein argumentere for at kjønnsklassifisering i fotball berre delvis kompenserer for ulikskapane mellom kjønna sine fysiske føresetnader. Kvinner konkurrerer ikkje mot menn, fordi menn har fysiske fordeler ovanfor kvinner som det i liten grad er mogleg å påverke, og dermed kan kvinner heller ikkje kan tillegast ansvar for ulikskapane. Med bakgrunn i ulikskapane mellom kjønna kan ein argumentere for at spelereglane bør tilpassast etter kjønn i idrettar der utstyret eller rammene gjev det eine kjønnnet betre moglegheit til å meistre ulike sider ved spelet, og slik også gjev det eine kjønnnet betre moglegheiter til å framstå med suksess.

I nokre idrettar stiller verken utstyr eller rammer krav til utøvarane som i stor grad kan knytast til ulikskapane mellom kjønna. Innebandy er ein idrett der ein ikkje opererer med tilpassa reglar. Her er størrelsen på bana relativt liten, og det same gjeld størrelsen på mål og ballar. I slike tilfelle kan ein seie at behovet for tilpassing er lite. Om ein samanliknar fotball med andre ballspel er størrelsen på både ball, mål og bane i det øvre sjiktet. Slik sett kan ein seie at utstyret og rammene i fotball stiller relativt store krav til utøvarane sin fysikk. Kva konsekvensar dette har for kvinner vil eg diskutere seinare i oppgåva. Motstandarar av kjønntilpassa reglar i fotball vil kanskje argumentere for at likt utstyr og like rammer er ein føresetnad for å få lik moglegheit til å prestere, og at dagens utstyr og rammer definerer kva fotball er. I så fall hevdar ein også at fotball sluttar å vere fotball i den augneblinken ein tilpassar reglane. På den andre sida kan ein argumentere for at utstyret og rammene i fotball stiller krav til utøvarane som kan knytast til ulikskapane mellom kjønna, og at det difor er nødvendig å tilpasse reglane dersom ein skal gje begge kjønn lik moglegheit for å prestere. Dersom publikum eller spelarane sjølv knyt prestasjon til åtfærd eller beundringsverdige handlingar i spelet, kan ein argumentere for at utstyret og reglane i fotball favoriserer menn, og er lite tilpassa kvinner sine fysiske føresetnader.

6.3.5 Praksisane opp i mot idealnørmene for prosedyrerettferd

Praktisering av rettferd i konkurranseidretten er komplisert, og ein kan argumentere for at det er umogleg å gje alle utøvarar fullstendig like vilkår for å prestere. For å oppnå formal rettferd i idretten kan ein nytte ulike prosedyrar. I boka *fair play in sport* omtalar Loland idealnørmene rein prosedyrerettferd og perfekt prosedyrerettferd. Loland meiner idretten må søke å finne dei minst imperfekte prosedyrane, med andre ord dei prosedyrane som ligg tettast på idealnørmene.²⁶⁹ I lys av dette kan det vere interessant å diskutere kvar praksisane eg har presentert vil legge seg i forhold til idealnørmene.

Slik eg ser det etterlet praksisen med ingen klassifisering og like reglar svært mykje til det genetiske lotteriet. Kvart individ får tildelt eit sett med føresetnader, og korleis dei forvaltar føresetnadene sine med tanke på idrettsleg suksess er opp til dei sjølv. Slik sett kan ein seie at denne praksisen ligg tettast på idealnørmene rein prosedyrerettferd. Praksisen som ligg nest nærast rein prosedyrerettferd, er praksisen med kjønnsklassifisering og like reglar for begge kjønn. Etter mitt syn ligg den eit godt

²⁶⁹ Loland 2002a

stykke unna den utan klassifisering, og den er relativt sett nærare praksisen med kjønnsklassar og kjønnsstilpassa reglar. Skilnaden mellom desse to er at praksisen som også er villig til å tilpasse reglar der det er relevant, tek meir omsyn til føresetnadene til enkeltindividet.

Ein kan argumentere for at praksisen som klassifiserer etter individuelle kjenneteikn og tilpassar reglar etter utøvarane sine føresetnader, har potensial til å ligge ganske tett opptil perfekt prosedyrerettferd. Slik sett kunne den med sine mange tilpassingar og klassifiseringar vore den minst imperfekte, og den mest rettferdige av desse praksisane, ettersom mange fleire typar hadde fått moglegheit til å bli vinnarar i ein idrett. Likevel er det lett å sjå føre seg at ein slik praksis kunne ha vatna ut konkurranseidretten slik me kjenner han i dag. I yste konsekvens kunne ein slik praksis ha leia til at volumet på dei ulike klassane vart så lite at enkelte kunne ende opp med å ikkje ha konkurrentar. Då ville det kanskje ikkje vore like imponerande å vere verdsmeister i si klasse. I utgangspunktet meiner eg ei slik form for inndeling kunne vore fin, men baksida er at det fort kunne blitt vanskeleg å organisere og kontrollere. Føresetnaden for at ei slik inndeling skulle fungert, måtte vore at ein var tydeleg på at klassane ein delte inn i hadde stort nok volum når det kjem til deltakarar. Dersom ein hadde fått til noko slikt kan ein sjå føre seg at det kunne ført til fleire allsidige utøvarar, ettersom ein ville fått mykje betre føresetnader for å lukkast i fleire greiner.

Dersom idrett skal vere for alle, kan ein også spørje seg om det er idretten si oppgåve å syte for at kvart individ skal ha moglegheit til å lukkast i kvar enkelt idrett, eller om det skal finnast nok ulike idrettsgreiner til at alle får moglegheit til å finne éin idrett som dei kan lukkast innan. På dette punktet skil dei ulike praksisane seg veldig. Praksisane nærast rein prosedyrerettferd legg i større grad opp til at ein kan finne éin idrett å lukkast innan, medan praksisane som ligg nærare perfekt prosedyrerettferd opnar for at ein kan lukkast innan fleire idrettar. Praksisen som ligg nærast perfekt prosedyrerettferd kunne slik sett vore bra for breidda i konkurranseidretten, då ein hadde hatt større moglegheit til å hevde seg i konkurranse uavhengig av alder og form. Likevel trur eg det er urealistisk å gjennomføre dei to praksisane som ligg tettast på idealnørmene innan konkurranseidretten med det første. I fotballsamanheng er det difor mest interessant å vurdere dei to praksisane med kjønnsklassifisering opp i mot kvarandre.

6.4 Kvifor og korleis kompensere for fysiske ulikskapar mellom kjønna i fotball ved hjelp av regeltilpassingar?

Denne delen vil ta utgangspunkt i praksisen som vart presentert under 6.3.4. Grunnen til at eg har valt å sjå nærare på praksisen med kjønntilpassa reglar framfor dei tre andre er at eg ser på dei to første som lite realistiske å gjennomføre i næraste framtid, medan den tredje praksisen ikkje treng nokon vidare presentasjon ettersom han vert praktisert i fotballen i dag. Hovudsakleg vil eg foreslå nokre grep som kan gjerast i forsøk på å gje kvinner betre moglegheiter til å prestere med utgangspunkt i Kjørmo sin definisjon av prestasjon som beundringsverdig åtfærd. Som tidlegare, tek diskusjonen utgangspunkt i at mange oppfattar herreklassen som eit referansepunkt når det gjeld prestasjon i fotball.

To encourage sports participation, the players should be able to perform to the best of their abilities (Stiles, James, Dixon, & Guisasola, 2009). Therefore, there is a need to scale the equipment to the needs of the participants. The reasons for modifications are usually related to the need to enhance the skill acquisition and to increase the fun/motivation of the participant, so as to maximize the chance of continued participation in the sport (Farrow & Reid, 2010).²⁷⁰

6.4.1 Tilpassa målstørrelse

Ein kan argumentere for at keeperrollen er den rolla i fotballspelet som stiller dei strengaste krava til antropometriske mål hjå utøvarane. Dette fordi kroppsstørrelse ser ut til å vere ein kritisk kvalitet for å prestere i denne rolla. Den viktigaste oppgåva for ein fotballkeeper er passe på at ein ikkje slepp inn mål, og slik sett er dette ein sentral del av prestasjonen. Den offisielle størrelsen på eit fotballmål er 7,32 meter i breidda og 2,44 meter i høgda. Om ein samanliknar desse måla med eit handballmål er det vesentlege skilnader i størrelsen. Det offisielle handballmålet for seniorklassen er tre meter breitt, og to meter høgt. I praksis vil det seie at målet ein fotballkeeper skal vakte har eit areal som er om lag tre gonger så stort som målet ein handballkeeper skal vakte. Med dette i bakhovudet er det grunn til å tru at keeperrolla i fotball stiller strengare krav til rekkevidde og antropometriske mål.

Det kan gje oss eit anna perspektiv dersom me samanliknar krava til keeperrolla med krava som vert stilt til utøvarar i ein idrett som volleyball. Som nemnt tidlegare er volleyball blant ballspela som opererer med kjønntilpassa reglar. Menn spelar med ei netthøgda på 2.43 meter, medan kvinner spelar med 2.24 meter. Ein kvinneleg

²⁷⁰ Andersen et al. 2012

fotballkeeper skal altså vakte eit mål som er ein centimeter høgare enn netthøgda for mannlege volleyballspelarar som på internasjonalt toppnivå er om lag to meter lange. I tillegg er spenst den desidert viktigaste fysiske eigenskapen for ein volleyballspelar, noko som kan forklare at volleyballspelarar som gruppe har betre spenst enn fotballkeeperar.²⁷¹ Er det ikkje då merkeleg at kvinnelege fotballkeeperar får kritikk fordi dei har større vanskar enn menn med å handtere høge skudd? Etter mitt syn er det både uheldig og urettferdig at ein skal bli samanlikna på denne måten.

Den enklaste løysinga på problemet hadde vore om alle hadde akseptert at det er skilnader i dei fysiske føresetnadene hjå menn og kvinner, og at ein difor ikkje kan forvente at kjønna løyser keeperrolla på same måte. Dette er likevel enklare sagt enn gjort. Når ein tilskodar gjennom eit liv har utvikla sin forståingshorisont, er det vanskeleg å slette både fordommar og forventningar knytt til idrett. Eit anna alternativ er å gje kvinnelege keeperar lik moglegheit for å prestere ved å tilpasse størrelsen på målet etter kjønna sine fysiske føresetnader. For å setje det på spissen kan ein seie at det er minst like urettferdig at ein kvinnekeeper skal stå i det same målet som ein herrekeeper, som at kvinnelege volleyballspelarar skulle spelt med same netthøgde som herrane.

I og med at vi har den historia vi har både i forhold til fotball og idrett - og at det har vore mykje på menn sine premisser – har vi ein størrelse både på bane og mål som er mest tilpassa menn, noko som gjer at det blir urettferdig å samanlikne. Damekeeperar har ikkje dei same fysiske føresetnadene som ein herrekeeper, og då burde kanskje målet vore litt mindre, rett og slett.²⁷²

Sitatet frå keepertrenar og tidlegare landslagskeeper, Frode Grodås, peikar på fleire av poenga som har kome fram tidlegare i oppgåva. Det er liten tvil om at kvinnekeeperar kjem dårleg ut dersom ein gjer ei direkte samanlikning av prestasjonen til keeperar på herresida. Når ein tek i betraktning kor mykje dei fysiske ulikskapane mellom kjønna spelar inn på prestasjonen i keeperrolla, vert det svært urettferdig å samanlikne. Ein av keeperane i Toppserien formulerer problemet med samanlikninga slik: «En veldig lav herrekeeper ville vært en kjempehøy damekeeper, og da er det kanskje ikke så rart at de ballene går inn over oss, fordi vi har samme målstørrelse.»²⁷³ Tidlegare i oppgåva kom

²⁷¹ Haugen 2009

²⁷² Grodås 2016

²⁷³ Karlsrud 2016

det fram at tal frå Norsk Monitor tyder på at norske menn er 13 cm høgare enn kvinner i gjennomsnitt. Tala er basert på den generelle befolkninga i Noreg. På det norske fotballandslaget for kvinner er målvaktene i underkant 20 cm lågare enn sine mannlege landslagskollegaar i gjennomsnitt. Dersom ein legg til skilnader i breidda på kroppen og armlengda vil dette utgjere ein ganske stor skilnad i total rekkevide. Ein må også ta omsyn til kjønna sine ulike føresetnader for eksplosiv kraftutvikling, noko som truleg vil resultere i hurtigare beinflytt og betre spenst på herresida. Kor hurtig ein kan flytte beina spelar ei stor rolle, men truleg er spenst endå viktigare for prestasjonen hjå fotballkeeperar.²⁷⁴ Det kjem fram gjennom testresultat at mannlege fotballspelarar testar betre når det kjem til spenst og hurtigheit. Om ein legg saman alle desse skilnadene i fysiske føresetnader, er det grunn til å tru at den totale skilnaden mellom dei fysiske føresetnadene hjå menn og kvinner er avgjerande for prestasjonen som fotballkeeper. Med bakgrunn i dette, kan ein argumentere for at mannlege og kvinnelege keeperar ikkje får lik moglegheit til prestasjon med målstørrelsen ein nyttar i dag. Eit motargument kan vere at dei ikkje konkurrerer i same klasse, og at ein slik har sikra like moglegheiter for å prestere. Då kjem det an på kva ein legg i ordet prestasjon. Om ein meiner prestasjon er det same som resultat og titlar kan ein seie at menn og kvinner har lik moglegheit for å prestere. Dersom ein knyt prestasjon til beundringsverdige handlingar i spelet er det derimot vanskeleg å seie at menn og kvinner har lik moglegheit for prestasjon med praksisen fotball nyttar i dag.

Mange fotballinteresserte er ihuga følgjarar av sporten, og har på denne måten skaffa seg kjennskap og ei oppfatning av kva ein reknar som ein prestasjon i idretten. Slik har dei opparbeidd seg eit sett med forventningar til kva som er mogleg å prestere i fotballspelet. Med andre ord kva som kvalifiserer til beundringsverdig åtferd. Det vere seg forventningar knytt til kor langt ein kan slå ein pasning, eller kva ein keeper bør redde. Om ein som eit resultat av desse forventningane, bevisst eller ubevisst, samanliknar prestasjonane til menn og kvinner, vil dei kvinnelege fotballspelarane ha ei ulempe med omsyn til dei fysiske føresetnadene. Om prestasjon spelar inn på interessa kring ein idrett, er det nærliggande å tru at mange fotballinteresserte knyt prestasjon til beundringsverdige handlingar, altså korleis spelet vert spelt. Dersom folk flest hadde knytt prestasjon utelukkande til resultat, kan ein sjå føre seg at norsk kvinnefotball ville

²⁷⁴ Haugen, Tønnessen, & Seiler 2013

hatt fleire tilhengarar enn norsk herrefotball, då det er liten tvil om at det kvinnelege landslaget har oppnådd betre resultat enn sine mannlege kollegaar dei siste tiåra.

Eit anna aspekt som kan takast med i betraktninga, er utøvaren si subjektive oppfatning av det å prestere. Om ein utøvar knyt prestasjonen sin til gitte handlingar i fotballspelet, kan ein argumentere for at dette vil spele inn på korleis utøvaren opplever meistringskjensle. Med eit slikt syn på prestasjon er det grunn til å tru at kvinnelege målvakter ikkje får lik moglegheit til å oppleve meistringskjensle som mannlege målvakter med dagens målstørrelse. Mange målvakter vil nok oppleve meistringskjensle ut i frå kva lagkameratar og ikkje minst kva dei sjølv forventar at dei skal prestere.²⁷⁵ Likevel kan ein sjå føre seg at både publikum og spelarar sine forventningar er farga av kva media har synt at er mogleg å prestere. Ein kan seie at kva som er forventa i fotball har blitt farga av herrefotballen sin dominans både historisk og i mediebialetet. Slik sett er det gjennom herrefotballen skapt ei forventning om at ein keeper skal kunne rekke dei aller fleste ballar som går opp under tverrliggaren, under føresetnad av at avslutninga ikkje er for hard eller frå kort hald. Ein av keeperane i Toppserien set ord på problemet med å forvente det same av menn og kvinner: «Vi er ikke lagd for å nå den høyden. Vi blir sammenligna med noen som er ekstremt mye høyere enn oss, også forventer de akkurat det samme.»²⁷⁶ Ein kan sjå føre seg at meistringskjensle kan knytast til redningar for ein keeper. Dersom redningar gjev meistringskjensle, kan ein argumentere for at kvinnelege målvakter som gruppe har mindre sjans til å oppnå meistringskjensle enn mannlege målvakter. Dette fordi kvinner ikkje har same moglegheit til å redde skot som menn på grunn av ulike fysiske føresetnader.

På den andre sida må ein ta med i betraktninga at kvinnelege fotballspelarar skyt svakare blant anna på grunn av dårlegare føresetnader for å utvikle eksplosiv kraft. Ein kan argumentere for at dette til ein viss grad kompenserer for ulempene kvinner har når det kjem til rekkevidde. Likevel kan ein sjå føre seg at kombinasjonen av skilnadene i antropometriske mål, spenst og hurtigheit totalt sett gjev større utslag enn berre hastigheita på avslutningane. Utsegna til Bakken som går på om spelereglane er tilpassa mangfaldet av kvinnetypar fotballen ynskjer å rekruttere kan gje eit anna perspektiv på spørsmålet om målstørrelse. For keeperar med liten rekkevidde hjelp det lite om

²⁷⁵ Grodås 2016

²⁷⁶ Karlsrud 2016

avslutninga er svak dersom målet i seg sjølv er for stort. Om det er eit kriterium for keeperrolla å rekke opp til tverrliggaren kan ein seie at praksisen ein nyttar i fotball i dag er mindre inkluderande på kvinnesida enn på herresida.

Motstandarar av tilpassa målstørrelse vil nok argumentere for at mindre målstørrelse vil føre til at det vert scora færre mål i kvinnefotball.²⁷⁷ Dette er absolutt eit legitimt argument, og færre scora mål vil ikkje nødvendigvis bidra til ei positiv utvikling. Likevel kan ein argumentere for at dette ikkje er så ille, dersom ein ser på tal frå VM-historia frå kvinner fekk sitt eige verdmeisterskap. I løpet av dei sju siste verdsmeisterskapa for menn og kvinner mellom 1990 og 2015 har kvinner scora godt over eit mål meir per kamp enn kva herrane har. Slik sett har kvinnefotballen noko «å gå på», og ut i frå herrefotballen sin popularitet, kan ein seie at færre mål ikkje er einstyddande med negativ utvikling for idretten. På den andre sida kan det hende at kvinner har scora fleire mål per kamp dei siste 25 åra fordi kvinnefotball framleis er ein ung idrett, og det ser ut til at også herrane scora fleire mål i dei tidlege verdsmeisterskapa.²⁷⁸

Eit anna argument mot å endre målstørrelsen kan vere at det vil krevje for mykje ressursar. Dette er også eit legitimt argument, men har ikkje like stor slagkraft som på 1970-talet. For det første er det ikkje lengre slik at kvar bane berre har to mål tilgjengeleg. Mange baner rundt om i Noreg har fleire sett med 11'armål og 7'armål. Slik sett kunne ein også hatt eit «kvinnemål» i tillegg til desse typane. Samstundes går det an å sjå føre seg at kvinner kan dele mål med enkelte klassar frå aldersbestemt fotball. Nøyaktig kor stort eit slikt tilpassa mål bør vere for å ha størst mogleg bruksområde er vanskeleg å svare på. Ein bør helst forankre det i forskning, og sjå på kva som er rimeleg å forvente av utøvarane som skal nytte måla. Det er mogleg ein bør sjå til England for inspirasjon, der FA anbefalar å nytte mål som er ein fot smalare i breidda, og ein fot lågare i høgda for 14-årsklassa.²⁷⁹ Dette vitnar om at det er mogleg å gjennomføre tilpassingar dersom ein skulle vedta noko slikt. Eit anna alternativ er at ein ved hjelp av teknologi får utvikla mål som ein kan justere høgda og breidda på alt etter kven som skal nytte måla. Etter mitt syn er ikkje ei slik løysing meir avansert enn at det bør la seg gjere dersom ein legg litt ressursar i utviklinga.

²⁷⁷ Andersen et al. 2012

²⁷⁸ FIFA 2016

²⁷⁹ The Football Association 2012

6.4.2 Tilpassa ballstørrelse

In some team sports, such as basketball and team handball, the size and mass of the balls are smaller for females than for males. The basis for this difference is the inherent physiological gender differences, and the fact that the technical skill execution is influenced by the size and mass of the balls.²⁸⁰

I forsøk på tilpasse spelet etter kvinner sine fysiske føresetnader er det også i fotball mogleg å justere størrelsen på ballen. Med størrelse siktar eg til både omkrinsen og vekta på ballen. FIFA sine krav til ein offisiell kampball er at den skal vere størrelse 5, og vege mellom 410 og 450 gram ved kampstart.²⁸¹ I Danmark er det gjennomført laboratorietestar av mannlege og kvinnelege elitespelarar. Testar gjort med den offisielle ballen ein nyttar i dag tyder på at kvinnelege fotballspelarar som gruppe sparkar ballen med ei hastigheit som utgjer i underkant av 75% av hastigheita mannlege fotballspelarar oppnår.²⁸² Farta fotballen får når ein sparkar avheng av kor høg fart foten har idet han treff ballen, men også av forholdet mellom den totale vekta på foten og leggen opp i mot vekta på ballen. Når ein veit at det er skilnader i kjønna sine føresetnader for eksplosiv kraftutvikling, samt at kvinner sine føter og leggar i gjennomsnitt ikkje veg like mykje som menn sine, kan ein argumentere for at det er grunn til å kompensere for ulikskapane mellom kjønna. Når kvinner ikkje har moglegheit til å oppnå same hastigheit som menn på ballen, er det nærliggande å tru at dette medfører at kvinner i mindre grad får moglegheit til å spele lik fotball som menn. Andersen omtalar moglege konsekvensar av skilnaden mellom tilslaget til menn og kvinner slik: «This phenomenon possibly influences the characteristics of female football match play; it is more difficult for women to make long passes, to pass the ball quickly between players and to score goals from a long distance.»²⁸³ Det er liten tvil om at hurtig kombinasjonsspel, langskot og presise langpasningar er handlingar som kan imponere eit fotballpublikum.

Samanlikna med mange andre ballspel vert det scora langt færre mål i fotballspelet. Slik sett kan ein tenkje seg at mange fotballinteresserte er opptatt av det oppbyggande spelet og detaljar på ei fotballbane. Om ein knyt prestasjon til konkrete handlingar på bana kan ein seie at kvinnelege spelarar ikkje har dei same moglegheitene som mannlege spelarar

²⁸⁰ Andersen et al. 2012: 1625

²⁸¹ FIFA, Football tests, 2016

²⁸² Andersen et al. 2012

²⁸³ Andersen et al. 2012

til å prestere, eller imponere publikum med ballen dei nyttar i dag. Med bakgrunn i dette kan ein argumentere for at det er rimeleg at kvinner får moglegheit til å spele med ein ball som er betre tilpassa deira fysiske føresetnader. Om ein hadde utvikla ein ball som gav kvinner moglegheit til å slå lengre crosspassingar og skyte hardare skot, kunne kvinnelege fotballspelarar kanskje få synt fotballferdigheitene sine på ein betre måte. Dersom ein i tillegg kunne fått eit hurtigare pasningsspel, er det vanskeleg å sjå føre seg at dette ville sett sporten i eit dårlegare lys.

Ein kan også sjå tilpassing av ballstørrelse i samanheng med tilpassa målstørrelse. Om ein tilpassa ball gjev kvinner lik moglegheit for å slå ballen like langt og like hardt som herrane, vil ein moglegvis løyse eit av problema ved å tilpasse målstørrelsen. Dersom kvinner får moglegheit til å avslutte hardare, vil dette moglegvis føre med seg at det vert lettare å score, slik at ein igjen kan score fleire mål.

Det er liten tvil om at det i dag er mogleg å lage ballar med tilpassa størrelse utan store problem. Spørsmålet er om ein klarar å utvikle ein ball som gjev kvinnelege spelarar moglegheit til å oppnå tilnærma lik hastigheit på ballen som mannlege spelarar, utan at det går på kostnad av ballen sitt reaksjonsmønster. Det er forståeleg om ein ikkje klarar å gje kvinner og menn nøyaktig same føresetnader for å få fart på ballen gjennom tilpassing. Det viktigaste vil uansett vere å betre kvinnelege spelarar sine moglegheiter for å prestere og imponere. Likskap kan heller vere eit langsiktig mål. I Danmark er det allerede utvikla ein ball som hevdast å vere betre eigna for kvinner. *Sensational 1* har som mål å gje kvinner betre moglegheit til å utnytte teknikk, auke hastigheita i spelet, og forhåpentlegvis redusere talet på skadar.²⁸⁴ Ballen skal altså gje kvinner moglegheit til å få like høg fart på ballen som menn. Målet er ikkje å gje kvinner fordelar i forhold til gutane, men å gi same moglegheiter til å prestere for begge kjønn. Med data frå store undersøkingar har forskarane bak *Sensational 1* kome fram til at ein kvinnefotball bør vege 360 gram. Vekta på ballen er bestemt ut i frå biomekaniske betraktningar, der dei har teke omsyn til vekta på spelarane sine føter og leggar. I ein studie på *Sensational 1* kom det fram at jenter mellom 15 og 18 år fekk ballen til å gå raskare, samt rapporterte lågare muskelanstrenging i kampar der dei spelte med den lettare ballen.²⁸⁵ Trass i at studien påviste at kvinner fekk høgare fart på denne ballen, var det framleis eit stykke

²⁸⁴ Delen om målet med ballen er basert på ei brosjyre eg fekk tilsendt av Dansk Boldspil-Union

²⁸⁵ Andersen et al. 2012

att til å oppnå lik hastighet som menn. Dersom ein ynskjer likare moglegheit for prestasjon kan ein likevel sjå dette som eit steg i riktig retning. Truleg kan ein ta fleire steg dersom dei store utstyrsprodusentane ser marknadsverdi i dameballar. Dette vil moglegvis bidra til teknologiske framskritt og dermed utvikling av betre ballar.

Motstandarar av kjønnsstilpassa reglar kan sjå dette som eit tilbakesteg for utviklinga av kvinnefotballen, og at det burde vere eit tilbakelagd stadium å diskutere om kvinner skal spele med mindre eller lettare ball. Det er likevel viktig å skilje mellom forslag basert på at kvinnelege spelarar ikkje er gode nok, og forslag som har som mål å utvikle kvinnefotballen best mogleg. Prosjektet i Danmark er støtta av fleire tidlegare og noverande landslagsspelarar på kvinnesida, så eg har vanskar for å tru at prosjektet ikkje har som mål å gjere kvinnefotball enno betre. Likevel kan ein forstå at ein skilnad på 90 gram kan vere ei i overkant stor endring for dei som i dag nyttar ballar i øvre sjiktet av FIFA sine rammer for vekt på ball. Når i tillegg den nyutvikla ballen er 6% mindre enn ein femmarball kan ein sjå føre seg at Sensational 1 vil vere uvant i starten. I verste fall kan dette skape negativitet rundt tilpassing, og i tur sette ein stoppar for heile prosjektet. Etter mitt syn kunne ein byrja med å lage eigne grenser for ballane ein nyttar i kvinnefotball. Der begge kjønner i dag skal ha kampballar som veg mellom 410 og 450 gram, kunne kvinnefotballen byrja med å oppfordre til at klubbane legg seg heilt i nedre sjiktet av desse anbefalingane. Etter kvart kunne ein opna for å spele med lettare ballar slik som Sensational 1 eller liknande. Om herreklassen held fram med å nytte dagens rammer kunne kvinnefotball operert med rammer som gjekk frå 360 til 415 gram. Slik sett ville ein moglegvis kunne unngå ein del kritikk frå dei som ikkje er interessert i endringar, ved at den øvre grensa framleis ville overlappa rammene ein nyttar i dag.

6.4.3 Tilpassa banestørrelse

«Jeg hadde vært for at det hadde blitt mindre mål, på grunn av fysiologien. Men også faktisk mindre baner.»²⁸⁶ Om ein først skal vurdere tilpassa målstørrelse, er det også naturleg å sjå på andre sentrale rammer i fotballspelet. Banestørrelsen i fotball skil seg frå dei fleste andre ballspel. Status i norsk toppfotball er at NFF ynskjer at fotball skal spelast på baner som er 105 meter lange og 68 meter breie, noko som vil seie at fotballbaner er langt større enn banene ein spelar på i mange andre ballspel. I handball spelar ein til dømes sju mot sju på ei bane som har om lag ein tidel av arealet av ei

²⁸⁶ Karlsrud 2016

fotballbane. Ein kan argumentere for at den store bana er med på å synleggjere dei fysiske ulikskapane mellom menn og kvinner i større grad enn i andre ballspel.

Dersom me held oss til tanken om at menn er referansepunktet for prestasjon i fotball, og at kvinner gjerne vil spele det same spelet som menn, kan banestørrelsen reise nye spørsmål. For korleis spelar ein det same spelet som menn? Å spele nøyaktig det same spelet er sjølvsagt umogleg, men det er nok heller ikkje målet. Gjennom oppgåva har eg sett på kvifor det ikkje vart nokon større diskusjon kring tilpassa reglar på 1970-talet, og ein av grunnane eg fekk oppgitt, var at ein ville spele den same fotballen som herrane – «ikke noe annenrangs og tilpasset spill».²⁸⁷ Med bakgrunn i dei fysiske ulikskapane mellom kjønna kan det likevel diskutast om det å spele på like stor bane som herrar gjer at kvinner i størst mogleg grad får moglegheit til å spele den same fotballen som herrane. Slik banestørrelsen er i dag vil ulikskapar i fysiske eigenskapar som uthald og hurtigheit, nødvendigvis føre til at kvinner får meir rom å spele i enn menn. Slik sett vil ein få betre tid med ballen, ettersom presset på ballfører i stor grad heng saman med uthald og hurtigheit. At ein relativt sett har større rom å utnytte, kan også bidra til at hurtige spelarar får ein større fordel i kvinnefotball enn tilsvarande spelartype ville hatt i herreklassen. Tempo er noko av det som kjenneteiknar fotball på høgt nivå, og på toppnivå har ein som regel kortare tid med ballen. Dette fører til at spelarar på toppnivå må vere svært gode på rask ballbehandling, og orientering i forkant av situasjonar. Ut i frå dette kan ein sjå føre seg at fotballen som kvinner ville spelt på ei mindre bane i større grad ville lagt til rette for ein spelemåte som likna meir på herrefotballen.

Spel på mindre bane gjev mindre tid og rom å spele i, noko som gjer at banestørrelsen ville stilt større krav til overblikk og dei tekniske ferdigheitene hjå spelarane. Slik sett kan ein sjå føre seg at ein ved å endre banestørrelse i større grad vil gje utøvarane moglegheit til å utvikle og syne fram fotballspesifikke ferdigheiter og kreativitet. Det er vanskeleg å svare på nøyaktig kor stor ei bane i kvinnefotball bør vere for at den i størst mogleg grad skal oppfordre til teknisk krevjande spel. For å svare på dette må ein nok ha tilgang til meir omfattande kampanalyser samt statistikk som seier noko om kor fort og kor langt kvinner som gruppe spring i løpet av ein fotballkamp. Ut i frå tala som er presentert tidlegare i oppgåva kan det sjå ut som det gir meining å ta utgangspunkt i at ei fotballbane for kvinner kunne vore om lag 10% mindre enn ei herrebane.

²⁸⁷ Einarsrud 2016

Sjølve gjennomføringa av mindre baner for kvinner kan by på nokre utfordringar. Mange vil nok hevde at det er for ressurskrevjande å lage egne baner for kvinner. På den andre sida kan forslaget forsvarast ut i frå medlemstalet til kvinnefotballen. Som ein av dei største kvinneidrettane i Noreg bør kvinnefotball ha tilgang på midlar som gjer det mogleg å utvikle idretten deira. Likevel kan ein ikkje sjå vekk i frå at det vil krevje mykje ressursar å bygge egne baner som berre skal nyttast av kvinner. Men er det nødvendigvis slik at berre kvinner kan nytte desse banene? Det er liten tvil om at også gutar og jenter på aldersbestemt nivå med fordel kunne nytta ei bane som har ein størrelse ein stad i mellom ei 7'ar og ei 11'arbane. I mange år har det vore diskusjonar kring aldersbestemt fotball, og no har ein byrja med 9'arfotball i Noreg. Først spelast 9'arfotball innanfor egne oppmerkingar på ei 11'arbane. Om ein ikkje ynskjer å nytte ressursar på nye baner for kvinnefotball, kunne ein gjort noko liknande som ein gjer med 9'arfotball. På grasbaner er det mindre problematisk å merke bana nokon meter lengre inn enn oppmerkinga ein nyttar i herrefotball. Dette har ein sett fleire døme på frå den engelske FA-cupen når lag frå lågare divisjonar minskar si eiga bane for å gjere det vanskelegare for motstandarar frå Premier League. FA anbefalar også klubbane å tilpasse oppmerkinga innanfor aldersbestemt fotball i England. Gjerne med ei gradvis auke frå om lag 80 meter lange baner i 13-årsalderen til 100 meter i 18-årsalderen.²⁸⁸ Det burde også vere mogleg å ha fleire oppmerkingar når ein spelar på kunstgras. Etter mitt syn er det i stor grad ein vanesak å spele med berre eitt sett med oppmerking. Dersom ein ser til Major League Soccer, er det fleire lag som deler stadion med lag frå amerikansk fotball. Dette fører til at desse laga spelar med oppmerking frå to ulike sportar på bana når dei spelar kampar. I lys av dette meiner eg det skulle vere mogleg å overkome denne hindringa dersom ein kjem fram til at det er i kvinner si beste interesse å spele med tilpassa banestørrelse.

6.4.4 Tilpassa speletid

Som historiedelen har synt har ein tidlegare tilpassa speletida etter kjønn i norsk fotball. Dette kan sjåast i samanheng med at det er den enklaste regeltilpassinga å gjennomføre. Dei første åra etter kvinnefotballen fekk innpass i NFF kunne nok tilpassa speletid forsvarast ut i frå treningsnivået blant spelarane. I dag er derimot situasjonen ein annan, og det er lite som tyder på at kvinner har større prosentvis fall i den fysiske

²⁸⁸ The Football Association 2012

prestasjonsevna enn menn i løpet av kampar.²⁸⁹ Slik sett er det lite interessant å diskutere tilpassa speletid, då det ikkje ser ut til å ha nokon innverknad på kvinner si moglegheit til å prestere.

6.5 Er det nødvendig å nytte regeltilpassingar i fotball?

Dersom ein ser på utviklinga innan kvinnefotballen dei siste femti åra er det vanskeleg å kome utanom at det har vore ei rivande utvikling i idretten. Sportsleg har landslaget hatt mange gode resultat, med VM- og OL-gull som dei største høgdepunkta. Også på breiddeivå er det lett å argumentere for at kvinnefotball er ein suksess. Kvinnefotball har gått frå å vere tabu og ikkje-eksisterande, til å bli den mest populære idretten for kvinner i Noreg. Den positive utviklinga i både prestasjon og medlemstal kan så tvil kring om det er nødvendig å gjere endringar i kvinnefotballen. Fotball for kvinner har fått vesentleg kortare tid på å utvikle seg enn herrefotball. Slik sett er det mogleg å sjå føre seg at kvinnefotballen også i framtida vil ha ei brattare utviklingskurve enn herrefotballen når det gjeld kvalitet.

Som dei fleste andre idrettar er fotball i kontinuerleg utvikling. Når det gjeld dei fysiske eigenskapane hjå spelarar, syner tendensen at spelarar vert betre og betre trenar. Dersom denne utviklinga held fram er det mogleg å argumentere for at kvinner vil vekse inn i sine ramar og spelereglar, medan herrane i større grad vil vekse ut av sine. Om den fysiske kapasiteten hjå herrane held fram utviklinga, kan ein sjå føre seg at det i framtida vil verte for enkelt å stenge rom i kampsituasjon. I tillegg vil den taktiske kunnskapen truleg utvikle seg, noko som også kan føre med seg betre defensive løysingar. På denne måten kan det bli for vanskeleg å score mål, noko som kan føre til at idretten vert mindre sjåverdig. Det er vanskeleg å sjå føre seg eit slikt scenario med det første, men ein skal likevel ikkje sjå vekk i frå at det kan skje på lang sikt. Dersom ein ser på resultatane frå VM-historia for menn, er det ein tydeleg tendens at det gjennomsnittleg vert scora færre og færre mål per kamp. På same måte som i herrefotballen kan ein sjå føre seg at kvinnene utviklar sine fysiske eigenskapar, og slik får betre føresetnader for å arbeide under dei rammene me har i dag.

²⁸⁹ Krustrup et al. 2005

6.6 Hindringar for ein etisk diskurs og eventuell gjennomføring av kjønntilpassa reglar

Ein kan sjå føre seg at fotballeiarar som har vore ein sentral del av framveksten og den store utviklinga innan kvinnefotballen vil vere mindre interesserte i ein diskusjon kring kjønntilpassa reglar i fotball. Mine erfaringar i samband med denne studien tyder på at personar som har spelt ei sentral politisk rolle under framveksten av norsk kvinnefotball er mindre opne for å diskutere kjønntilpassa reglar. Dette kan henge saman med at desse personane i større grad har utvikla eit eigarforhold til idretten og produktet kvinnefotball. Sett på spissen kan ein seie at dagens kvinnefotball er å rekne for ein absolutt suksess for dei som fekk oppleve perioden då kvinnefotball var ikkje-eksisterande. I arbeidet med studien har eg fått inntrykk av at intervjupersonane som vaks opp i ei tid der det var ei sjølvfølge at kvinner fekk spele fotball - og slik ikkje har noko forhold til perioden då kvinnefotball var tabu – er meir opne for å diskutere alternativ til dagens praksis, som eit ledd i utviklinga av kvinnefotballen.

Om ein etisk diskurs skulle kome fram til at det er hensiktsmessig å nytte ein eller fleire kjønntilpassa spelereglar i fotballen ville det likevel vore ein del hindringar å overkome for å få gjennomført praksisen. Ideelt sett skulle ein slik diskurs funne stad på eit langt tidlegare stadium, før reglane fekk sett seg. I dag har fotballspelarane rekt å bli van med dei reglane ein nyttar, og det er ikkje usannsynleg at mange vil motsette seg endringar på bakgrunn av dette. Likevel har idrettshistoria synt oss at det er mogleg å gjere små og store regelendringar, med små og store konsekvensar.

Eit døme på regelendringar med store konsekvensar fekk me i 2001, då det internasjonale volleyballforbundet innførte to regelendringar på ein gang. Mindre bane, og poeng på kvar serve fekk store konsekvensar for spelet, og i tur rekutteringsgrunnlaget i volleyball. Ifølge sandvolleyballspelaren Vegard Høidalen, hadde ikkje FIVB gjort ei god nok konsekvensanalyse før endringane i 2001, noko som medførte at ein vedtok endringar som gjorde det vanskelegare for lågare spelarar å lukkast, utan at det var målet.²⁹⁰ Målet var å få fram fleire spektakulære redningar i forsvarsspelet, men konsekvensen var lågare trykk på serveren, som førte til betre mottak, betre opplegg og fleire harde angrep. Auka i talet på smashar førte til at det vart nødvendig med høgare blokkspelarar, som igjen førte til at gjennomsnittshøgda på dei

²⁹⁰ Høidalen 2016

beste spelarane auka. Likevel meiner Høidalen at mange av dei som spelar i dag ikkje eingong er klar over at bana var større før. Dette fortel noko om at sjølv kontroversielle endringar vert «gløymt», og at endringane fort kan bli den «nye normalen», som ein kvir seg for å endre. I handballen får me sjå ein ny regel i Rio-OL, som mange er redd vil «fullstendig ødelegge sporten».²⁹¹ Endringa medfører at det angripande laget kan ta ut keeper utan at utespelaren må spele med vest, og slik få moglegheit til å spele i overtal heile tida.

Om ein skal gjennomføre kjønntilpassingar i fotball er det ein føresetnad at FIFA og UEFA vert med på laget på sikt. Truleg vil få nasjonar ta sjansen på å tilpasse utan at fleire andre gjer det same. Det gjev liten meining for norsk kvinnefotball å operere med eigne reglar uavhengig av dei store internasjonale fotballorganisasjonane. Ved å operere med reglar som skil seg frå dei ein nyttar i internasjonale meisterskap, vil det vere vanskeleg å gjere det bra i konkurranse med andre nasjonar som ikkje har gjort kjønntilpassingar.

Me vil aldri få ein fasit på kva for reglar som er dei beste. Eit sett med reglar vil alltid passe nokon betre enn andre, noko som vil seie at regeltilpassing krev ein grundig vurderingsprosess før ein kan gjere justeringar. I ein slik prosess er det viktig å sjå om det fins grunnlag for tilpassing, for deretter å avgjere kva som er målet med å tilpasse reglane. Sjølv om ein har eit klart mål med tilpassingane er det viktig med ei god konsekvensanalyse, som ser på moglege konsekvensar av tilpassinga. For å betre føresetnadene for å seie noko om konsekvensane kan ein prøve ut tilpassingane i ein periode før ein eventuelt vedtek dei permanent. Etter mitt syn har ein betre føresetnader for å ta fornuftige avgjerder i samband med kjønntilpassa reglar, om ein føl desse stega.

²⁹¹ Gustad 2016

7. Konklusjon

Gjennom fem kapittel har eg forsøkt å belyse områder eg meiner er viktige for å svare på problemstillingane mine. Dei tre første kapitla har som mål å svare på den første problemstillinga: *Kan historia om framveksten av norsk kvinnefotball hjelpe oss med å forstå kvifor menn og kvinner i dag nyttar dei same spelereglane i toppfotballen?* Dei første tre kapitla fungerer også som eit fundament for dei to siste kapitla, som fokuserer på den andre problemstillinga: *Fins det grunnlag for ein etisk diskurs kring kjønnsstilpassa reglar i fotball?*

Etter å ha plassert norsk kvinnefotball i ein breiare kontekst, såg eg på korleis det stod til med kvinnefotballen fram til han fekk innpass i NFF. Det kom tydeleg fram i historiedelen at kvinnefotballen i Noreg var nærast ikkje-eksisterande fram til 1970-talet. Det fans rett nok ein del tilfelle av kvinnefotball, men ingen av miljøa fekk utvikla seg, og dei sette ikkje varige spor. I perioden fram til kvinner fekk innpass i NFF er det liten tvil om at dei ikkje vart tekne på alvor. Kampene som vart spelt var hovudsakleg showkamper og humoristiske innslag – kvinnene spelte "fotball". Då utviklinga skaut fart på byrjinga av 1970-talet var det framleis mange som lo av kvinnefotballen. Kvinnefotballen drog altså med seg dette useriøse preget inn i kampen for aksept i fotballforbundet. Kvinnefotballen møtte mykje motstand på 1970-talet, og mange vart meir skeptiske når dei skjønnte at kvinnene meinte alvor. Sjølv etter kvinnene fekk innpass i NFF sleit dei med å bli tatt seriøst. Kvinnekampen på 1970-talet spelte nok inn på kva kvinnene såg på som viktig. Likestilling stod sentralt, og i første omgang var det viktigast å få lik moglegheit til å spele fotball som menn. Herrefotballen hadde då utvikla seg i rundt hundre år, noko innebar at spelet og reglane hadde fått tid til å setje seg. I andre omgang handla det om å bli tatt på alvor. Etter kvinnene fekk innpass, jobba damekomiteen mykje med å heve kvinnefotballen sin posisjon i norsk fotball. Etter kampen om å få lov til å spele fotball var over, byrja kampen om å få like reglar. Funn frå denne studien tyder på at fleire kvinnefotballforkjemparar opplevde at NFF sine val om å sidestille delar av reglementet i kvinnefotball med miniputtklassen, var med på å understreke at kvinnefotball ikkje var «skikkeleg» fotball. Kampen om å få nytte dei same reglane som menn vart dermed eit ledd i kampen om å bli tatt meir seriøst. Summen av desse faktorane meiner eg kan bidra til ei auka forståing av kvifor menn og kvinner i dag spelar med dei same reglane i toppfotballen.

Etter mitt syn fins det grunnlag for ein etisk diskurs kring kjønntilpassa reglar i fotball. Den spesielle historia og omstenda kring framveksten av kvinnefotballen, er ein av grunnane til at eg meiner det fins grunnlag for ein etisk diskurs kring kjønntilpassa reglar i fotball. I studien har det kome fram at kvinnefotballforkjemparane valde å kjempe om å få like reglar som menn av politiske årsaker, framfor årsaker knytt til spelopplevinga. Dette i seg sjølv er grunnlag for å seie det ikkje er kritisk og systematisk refleksjon som ligg til grunn for dagens praksis. Ifølge Loland bør ein ha eit ope auge for konstruktive alternativ.²⁹²

I filosofidelen tok diskusjonen utgangspunkt i likheitsnorma: «Alle konkurrenter bør ha lik mulighet for prestasjon».²⁹³ Ut i frå diskusjonen meiner eg det er rimeleg å konkludere med at dagens praksis i fotball ikkje gjev begge kjønn lik moglegheit for prestasjon, dersom ein tek utgangspunkt i Kjørmo sin definisjon av prestasjon som beundringsverdig åtferd.²⁹⁴ På bakgrunn av dette meiner eg det fins grunnlag for ein etisk diskurs der ulike syn kan kome fram.

Det er ingen tvil om at det fins mange argument mot kjønntilpassa reglar i fotball. Eit av dei mest sentrale argumenta er knytt til historia. Spelarane i dag har rett å bli van med reglane ein tidlegare fekk kjempa seg til. Radikale endringar i ein idrett er sjeldan populært hjå utøvarane. Om ein gjennom ein etisk diskurs kjem fram til at kjønntilpassa reglar er til kvinner sitt beste, er det i dag mogleg å gjennomføre ein eller fleire tilpassingar. Med dette i bakhovudet er det interessant å reflektere kring kva praksis ein ville valt dersom fotballspelet for første gong såg dagens lys i morgon.

²⁹² Loland 2002a

²⁹³ Loland 2015: 89

²⁹⁴ Kjørmo 1994: 69

8. Kjelde og Litteraturliste

"Cecilie". (2015, Februar 5). (J. Salveson, Intervjuer)

"Hedda". (2015, Mars 15). (J. Salveson, Intervjuer)

"Malin". (2015, Mars 11). (J. Salveson, Intervjuer)

"Stine". (2016, April 6). (J. Salveson, Intervjuer)

Adresseavisen. (1960, Juni 17). Trondheim.

Aftenposten. (1928, Juni 16). Oslo.

Aftenposten. (1931, August 6).

Aftenposten. (1954, September 2). Oslo.

Aftenposten. (1970, Mai 20). Oslo.

Aftenposten. (1970, Mai 25). Oslo.

Aftenposten. (2006, Mai 6). Hentet September 1, 2015 fra
http://www.aftenposten.no/100Sport/fotball/kvinner/Startet-som-pauseunderholdning-101672_1.snd

Aftenposten. (2015, Juni 15). Oslo.

Aftenposten. (2015, Juni 20). Oslo.

A-Magasinet. (1928, September 21). Oslo.

A-Magasinet. (1970, Juni 27). *Nr.26*. Oslo: Aftenposten.

A-Magasinet. (1970, August 15). *Nr. 33*. Oslo: Aftenposten.

A-Magasinet. (1970, August 1). Nr. 31. Oslo: Aftenposten.

Andersen, T. B., Bendiksen, M., Pedersen, J. M., Ørntoft, C., Brito, J., Jackmand, S. R., et al. (2012, Desember Volume 31, Issue 6). Kicking velocity and physical, technical, tactical match performance for U18 female football players – Effect of a new ball. *Human Movement Science*, ss. 1624–1638.

Andersson, T. (2002). *Kung fotboll : den svenska fotbollens kulturhistoria från 1800-talets slut till 1950*. Stockholm: Brutus Östlings Bokförlag.

Arbeiderbladet. (1928, Juni 15). Oslo.

Arbeiderbladet. (1938, August 20). Oslo.

Arbeiderbladet. (1958, Januar 8). Oslo.

Arbeiderbladet. (1969, November 5). Oslo.

Bakken, L. (2000, Nr 3). *Fotballtreneren* .

Bergens Tidende. (1970, Juni 3). Bergen.

Bjerklund, K. J. (1997). *Blylagområdets historie*. Nesodden: Blylaget Velforening.

Brundtland, G. H. (2014, Juni 10). *Store Norske Leksikon*. Hentet Februar 13, 2016

Dagbladet. (1955, Mai 27). Oslo.

Dagbladet. (1970, Juli 15). Oslo.

Dagbladet. (1970, Februar 19). Oslo.

Dagbladet. (1971, August 2). Oslo.

Dagbladet. (1972, August 2). Oslo.

- Dagbladet. (1972, Juni 26). Oslo.
- Dagbladet. (1975, Desember 10). Oslo.
- Dagbladet. (1975, Desember 11). Oslo.
- Dagbladet. (1975, August 30). Oslo.
- Danielsen, H., Larsen, E., & Ovesen, I. W. (2013). *Norsk likestillingshistorie 1814-2013*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Dubeau, M. (2013, April 9). *Youtube*. Hentet April 17, 2016 fra <https://www.youtube.com/watch?v=pAYwv2eNrv>
- EA Sports. (2016, Mars 11). *Webområde for Barclays Premier League*. Hentet Mars 11, 2016 fra <http://www.premierleague.com/en-gb/players/ea-sports-player-performance-index.html?paramPosition=GOALKEEPER>
- Einarsrud, G. (2016, Mars 30). (J. Salveson, Intervjuer)
- Engebretsen, L. (2016, Mai 12). (J. Salveson, Intervjuer)
- FIFA. (2016, Mars). Hentet Mars 30, 2016 fra <http://www.fifa.com/worldcup/archive/uruguay1930/awards/index.html>
- FIFA. (2016). *Football tests*. Hentet Februar 3, 2016 fra <http://quality.fifa.com/en/Footballs/Become-a-licensee/Tests/Weight/>
- Furre, B. (1991). *Vårt århundre: 1905-1990*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Fædrelandsvennen. (1955, Oktober 22). Kristiansand.
- Fædrelandsvennen. (1958, November 4). Kristiansand.
- Fædrelandsvennen. (1958, September 23). Kristiansand.

- Fædrelandsvennen. (1958, Januar 14). Kristiansand.
- Fædrelandsvennen. (1958, August 4). Kristiansand.
- Fædrelandsvennen. (1970, April 14). Kristiansand.
- Føllesdal, D., Walløe, L., & Elster, J. (1996). *Argumentasjonsteori, språk og vitenskapsteori*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Geary, D. C. (2009). Male, Female: The Evolution of Human Sex Differences, Second Edition. *American Psychological Association. Kindle Edition.*, ss. 5741-5783.
- Goksøy, M. (1988). *Sivilisering, modernisering, sportifisering : fruktbare begreper i idretthistorisk forskning?* Oslo: Norges Idrettshøgskole.
- Goksøy, M. (1991). *Idrettsliv i borgerskapets by: En historisk undersøkelse av idrettens utvikling og organisering i Bergen på 1800-tallet*. Oslo: Norges Idrettshøgskole.
- Goksøy, M. (2008). *Historien om Norsk Idrett*. Oslo: Abstrakt Forlag.
- Goksøy, M. (2013). Close Strangers or Strange Friends? *The international journal of the history of sport*, s. 805.
- Goksøy, M. (2014). *Hva er fotball*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Goksøy, M., & Olstad, F. (2002). *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*. Oslo: Norges Fotballforbund.
- Grimstad Adresstidende. (1970, Juli 14). Grimstad.
- Grodås, F. (2016, April 7). (J. Salveson, Intervjuer)
- Grønvold, T., Stalsberg, T., & Dahl, J. L. (Red.). (1997). *Verdens rundeste ball : 25 år med Norway Cup*. Oslo: Orion.

- Gustad, R. (2016, Mai 11). *TV2.no*. Hentet Mai 11, 2016 fra <http://www.tv2.no/a/8301160/>
- Halden Arbeiderblad. (1946, Juli 15). Halden.
- Halden Arbeiderblad. (1946, Juli 3). Halden.
- Halden Arbeiderblad. (1946, Juni 26). Halden.
- Halden Arbeiderblad. (1958, September 24). Halden.
- Haldorsen, A. K. (2015, April 21). *Aftenposten*. Hentet April 21, 2015 fra http://www.aftenposten.no/100Sport/fotball/supporter/Hva-feiler-det-damefotballen-523014_1.snd
- Halvorsen, K. (2008). *Å forske på samfunnet: En innføring i samfunnsvitenskapelig metode (5. utg)*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Hamar Arbeiderblad. (1931, Juli 23). Hamar.
- Hamar Arbeiderblad. (1931, Juli 27). Hamar.
- Hamar Arbeiderblad. (1931, Juli 18). Hamar.
- Hamar Arbeiderblad. (1931, Juni 23). Hamar.
- Hanneborg, H., & Paulssen, K. M. (1992). *Fotballboka*. Oslo: N.W. Damm & Søn a.s - teknologisk forlag.
- Hansen, T. (2015, Oktober 1). *VolleyVekst*. Hentet Mars 14, 2016 fra <https://volleyvekst.net/2015/10/01/demografiske-data-for-verdens-beste/>
- Hansen, T. (2015, Oktober 1). *Webområde for Volleyvekst*. Hentet Februar 15, 2016 fra <https://volleyvekst.net/2015/10/01/demografiske-data-for-verdens-beste/>

- Haugen, T. (2009, November). *Webområde for Olympiatoppen*. Hentet Januar 7, 2016
- Haugen, T. A., Tønnesen, E., & Seiler, S. (2012, (7)). Speed and Countermovement-Jump Characteristics of Elite Female Soccer Players, 1995-2010. *International Journal of Sports Physiology and Performance*, ss. 340-349.
- Haugen, T. A., Tønnesen, E., Hem, E., Leirstein, S., & Seiler, S. (2014, (9)). VO2max Characteristics of Elite Female Soccer Players, 1989-2007. *International Journal of Sports Physiology and Performance*, ss. 515-521.
- Haugen, T. A., Tønnesen, E., Hisdal, J., & Seiler, S. (2014, (9)). The Role and Development of Sprinting Speed in Soccer. *International Journal of Sports Physiology and Performance*, ss. 432-441.
- Haugen, T. A., Tønnesen, E., & Seiler, S. (2013, (8)). Anaerobic Performance Testing of Professional Soccer Players 1995–2010. *International Journal of Sports Physiology and Performance*, ss. 148-156.
- Haugesunds Avis. (1970, August 3). Haugesund.
- Haugesunds Avis. (1970, Mai 23). Haugesund.
- Haugesunds Avis. (1970, mai 21). Haugesund.
- Haugesunds Avis. (1970, mai 19.). Haugesund.
- Hjelm, J. (2004). *Amasoner på planen. Svensk damfotboll 1965-1980*. Umeå: Boréa Bokförlag.
- Hjelseth, A., & Hovden, J. (2014). Negotiating the status of women's football in Norway. An analysis of online supporter discourses. *European Journal for Sport and Society*, ss. 253-277.
- Hokstad, E. (2016, April 17). (J. Salveson, Intervjuer)

- Høidalen, V. (2016, Mai 18). (J. Salveson, Intervjuer)
- Idrettsliv. (1928, Juni). *Nr.51*.
- Idrettsliv. (1930). *Nr. 66*.
- International Association of Athletics Federations. (2016). Hentet Mars 28, 2016 fra <http://www.iaaf.org/disciplines/hurdles/100-metres-hurdles>
- Ipsos. (2014). *Norsk monitor 2013-2014*. Oslo: Ipsos.
- Jagtøien, G. L., & Hansen, K. (2012). *I bevegelse*. Oslo: Gyldendal.
- Jensen, Ø. S. (Red.). (1984). *Gøy å være fotballjente : en PR-bok for norsk damefotball (2. utg)*. Oslo: Norges Fotballforbund.
- Karlsrud, L. Y. (2016, April 14). (J. Salveson, Intervjuer)
- Kjeldstadli, K. (1999). *Fortida er ikke hva den en gang var : en innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kjørmo, O. (1994). *Idrettspsykologi: termer og begreper i idrettsfaglig sammenheng*. Oslo: Olympiatoppen.
- Krustrup, P., Mohr, M., Ellingsgaard, H., & Bangsbo, J. (2005, Mars). Physical Demands during an Elite Female Soccer Game: Importance of Training Status. *Official Journal of the American College of Sports Medicine*, ss. 1248-1242.
- Kvalsvik, K. (2015, Februar 1). (J. Salveson, Intervjuer)
- Lewandowski, J. (2007). Boxing: The Sweet Science of Constraints. *Journal of the Philosophy of Sport*, 2007, Vol.34(1), ss. 26-38.
- Loland, S. (2002a). *Idrett og etikk - en innføring*. Oslo: Akilles.

- Loland, S. (2002b). *Fair play in sport - a moral norm system*. New York: Routledge.
- Loland, S. (2015). *Idrettsetikk*. Oslo: Akilles.
- Lyngøy, R., & Stendal, C. (2016, Januar 18). *Adresseavisen*. Hentet Januar 20, 2016 fra <http://www.adressa.no/100Sport/handball/article674417.snd>
- Lønnå, E. (2015). *Stemmerett For Kvinner I Norge*. *Store norske leksikon*. Hentet Februar 11, 2016 fra https://snl.no/stemmerett_for_kvinner_i_norge.
- Moss Tilskuer. (1921, juli 7 og 9). Moss.
- Nationen. (1969, Juli 19). Oslo.
- Nordahl, G. (1961). *Norsk idrett gjennom hundre år :1861-1961*. Oslo: Aschehoug.
- Norges Fotballforbund. (1974). *Norsk fotball i 1970 årene. Mål og midler, Arbeidsprogram*. Oslo: Norges Fotballforbund.
- Norges Fotballforbund. (1974a). *Norges Fotballforbunds årbok 1973*. Oslo: Norges Fotballforbunds forlag.
- Norges Fotballforbund. (1974b). *Norsk fotball i 1970-årene : Mål og midler ; Arbeidsprogram*. Oslo: Norges Fotballforbund.
- Norges Fotballforbund. (1976a). *Årbok 1975*. Oslo: Norges Fotballforbunds Forlag.
- Norges Fotballforbund. (1976b). *Rapport II*. Oslo: Norges Fotballforbund.
- Norges Fotballforbund. (1977). *Årbok 1976*. Oslo: Norges Fotballforbunds Forlag.
- Norges Fotballforbund. (1979). *Årbok 1978*. Oslo: Norges Fotballforbunds Forlag.
- Norges Fotballforbund. (1982). *Årbok 1980/1981*. Oslo: Norges Fotballforbund.
- Norges Fotballforbund. (1983). *Årbok 1982*. Oslo: Norges Fotballforbund.

- Norges Fotballforbund. (2016, April 08). *Webområde for Norges Fotballforbund*. Hentet April 9, 2016 fra <https://lovdata.no/dokument/NFFF/nfffor/2014-03-09-3>
- Norges Håndballforbund. (1997). *Norsk håndball gjennom 60 år*. Oslo: Norges Håndballforbund.
- Norges Volleyballforbund. (2015). *Webområde for Norges Volleyballforbund*. Hentet 21, 2016 fra <https://volleyball.klubb.nif.no/Documents/Reglement%20NM%20U15%20U17%20U19%202015-2016.pdf>
- Norsk Idrettsblad og Sport. (1920, Mai 27). Oslo.
- NRK. (2015, Juni 17). Hentet Juni 17, 2015 fra http://www.nrk.no/sport/fotball/_-det-verste-har-vaert-a-ikke-kunne-vaere-stolt-1.12413318
- Olsson, H., & Sörensen, S. (2003). *Forskningsprosessen: Kvalitative og kvantitative perspektiver*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Olstad, F. (2010). *Frihetens århundre: Norsk historie gjennom de siste hundre år*. Oslo: PAX Forlag A/S.
- Olstad, F., & Tønneson, S. (1987). *Norsk Idretts Historie*. Oslo: Aschehoug.
- Olstad, F., & Tønneson, S. (1986). *Norsk Idretts Historie*. Oslo: Aschehoug.
- Omdal, P. R. (2016, April 26). (J. Salveson, Intervjuer)
- Paterson, L. F. (2010, Februar 26). *Webområde for Norges Fotballforbund*. Hentet Mars 9, 2016 fra <http://www.fotball.no/nff/NFF-nyheter/2010/Fokus-pa-kvinnefotball/>
- Pellerud, E. (2016, Mai 2). (J. Salveson, Intervjuer)
- Pettersen, P. (1985). *Damefotball. Idrettshistorie og viktig skanse i likestillingskampen*. I E. Olsen, *Fotball - mer enn et spill*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag A.S.

- Pettersen, P. (2014, November 27). (J. Salveson, Intervjuer)
- Pettersen, S. (2016, April 3). (J. Salveson, Intervjuer)
- Rafoss, K. (1998). *Å spille ballen tilbake: Volleyballens historie i Norge*. Rud: Norges Volleyballforbund.
- Rana Blad. (1958, September 26). Mo i Rana.
- Rasmussen, J. (2015, Mars 19). (J. Salveson, Intervjuer)
- Regjeringen*. (2013). Hentet Februar 11, 2016 fra https://www.regjeringen.no/no/om-regjeringa/tidligere/departementer_embeter/embeter/menn-og-kvinner-i-norske-regjeringer-sid/id586906/
- Rienecker, L., & Jørgensen, P. S. (2009). *Den gode oppgaven-håndbok i oppgaveskriving på universitet og høyskole*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Roer, A. (1981). *Moss Fotballklubb gjennom 75 år: 1906-1981*. Moss: Moss Fotballklubb.
- Russell, D. (1997). *Football and the English*. Preston: Carnegie Publishing Ltd.
- Smaalenenes Social-Demokrat. (1927, September 16). Fredrikstad.
- Statistisk Sentralbyrå. (2014). Hentet Januar 23, 2016 fra <https://www.ssb.no/a/barnogunge/2015/tabeller/fritid/fritid3600.html>
- Stavanger Aftenblad. (1938, September 29). Stavanger.
- Stavanger Aftenblad. (1945, November 17). Stavanger.
- Støre, H. (2016, April 7). (J. Salveson, Intervjuer)

- Tamburrini, C. M. (2000). *The "Hand of God"? Essays in the Philosophy of Sports*.
Gøteborg: ACTA Universitatis Gothoburgensis.
- The Football Association. (2012). *The FA Guide to Pitch and Goalpost Dimensions*.
Hentet April 5, 2016 fra <http://www.thefa.com/my-football/football-volunteers/runningclub/yourfacilities/~media/42e67e5df06c475c8be0bed035cd325b.ashx>.
- Thorkildsen, R. K. (1993). *Norsk Kvinnefotball - En historisk undersøkelse om norsk kvinnefotballs utvikling*. Levanger: Høgskolen i Levanger.
- Troms Fotballkrets. (1994). *I "fotballens" tjeneste: 75 år med Troms Fotballkrets*.
Tromsø: Troms Fotballkrets.
- UEFA. (1981, September). UEFA Competition for national representative WOMEN teams. *Regulations: 1982/84 and until further notice*. Bern, Sveits.
- UEFA. (2014). *UEFA: Women's competitions*. Hentet November 20, 2015 fra http://www.uefa.com/MultimediaFiles/Download/Women/General/02/13/48/32/2134832_DOWNLOAD.pdf
- Vestlund, D. (2016, April 10). (J. Salveson, Intervjuer)
- Wille, E. (2014, Desember 3). (J. Salveson, Intervjuer)
- Williams, J. (2003). *A Game for Rough Girls?* New York: Routledge.
- Wisløff, U., Salveson, R., & Sigmundstad, E. (1998). *Prestasjonsutvikling i fotball*.
Oslo: Universitetsforlaget.

